SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029

Kunnskapsgrunnlag

sfj.no

Oppdragsgjevar:	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Oppdragsgjevars kontaktperson:	Synnøve Stalheim
Rådgjevar:	Norconsult AS, Firdavegen 6, NO-6800 Førde
Oppdragsleiar:	Arne Kringlen, Norconsult AS
Fagansvarleg:	Arne Kringlen, Norconsult AS
Andre nøkkelpersonar:	Sindre Blindheim, Norconsult AS Sondre Sognnes Haugen, Sogn og Fjordane fylkeskommune Elisabeth Aune, Sogn og Fjordane fylkeskommune Stine Mari Nytun Leirdal, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innhald

1 INNLEIING ... 3

1.1 MANDAT ... 3
1.2 PLANPROSESSEN ... 4
1.3 POLITISK HANDSAMING OG MEDVERKNAD ... 6

2 BU OG LEVE PÅ KYSTEN ... 16

2.1 SAMANDRAG ... 16
2.2 LEVEKÅR OG FOLKEHELSE ... 18
2.3 SAMFUNNSSTRUKTUR OG OFFENTLEGE FUNKSJONAR/TENESTER ... 26
2.4 BUSTAD OG NÆRING I 100-METERSBELTET ... 34
2.5 KULTUREN PÅ KYSTEN ... 38
2.6 BEREDSKAP OG KRISER ... 41
2.7 AKTUELLE STRATEGIOMRÅDE/POTENSIAL FOR UTVIKLING ... 42

3 NÆRINGANE PÅ KYSTEN ... 45

3.1 SAMANDRAG ... 45
3.2 SJØEN-SJØMAT OG ANNA BIOLOGISK PRODUKSJON ... 47
3.3 MARTIME NÆRINGAR OG TEKNOLOGI (ONSHORE OG OFFSHORE) ... 52
3.4 ENERGIPRODUKSJON ... 58
3.5 KOMPETANSE, FOU OG VIDAREGÅANDE/HØGARE UTDANNING ... 62
3.6 REISELIV ... 64
3.7 LANDBRUK ... 67
3.8 MINERALNÆRINGAR ... 68
3.9 KYSTSONE OG PLANLEGGING ... 70
3.10 SAMARBEID PÅ TVERS - SYNERGIAR OG VEKST ... 71
3.11 FRÅ NHO SITT KOMMUNE NM I 2017 ... 73
3.12 ARBEIDSMARKNADER OG PENDLING ... 74
3.13 AKTUELLE STRATEGIOMRÅDE/POTENSIAL FOR NÆRINGANE PÅ KYSTEN ... 76

4 SAMFERDSLE ... 77

4.1 SAMANDRAG ... 77
4.2 PÅ LAND OG TIL SJØS ... 80
4.3 BREIBAND, MOBILVHF/KYSTRADIO – ELEKTRONISK INFRASTRUKTUR ... 83
4.4 AKTUELLE STRATEGIOMRÅDE/POTENSIAL FOR UTVIKLING INNAN SAMFERDSLE ... 83

5 NATURMANGFALD OG FRILUFTSLIV ... 85

5.1 SAMANDRAG ... 85
5.2 NATURMANGFALD OG VERNEVERDIAR I NATUREN ... 87
5.3 KLIMA OG UREINING ... 92
5.4 AKTUELLE STRATEGIOMRÅDE INNAN NATURMANGFALD OG FRILUFTSLIV ... 94

6 KJELDER ... 95

1 Innleiing

1.1 Mandat

I Regional planstrategi 2016-2020 (1) (RPS), vedteke i fylkestinget sak 23/16 den 14.06.16, går det fram at ein strategisk plan for kysten skal utarbeidast, og planprogram for arbeidet vart vedteke av fylkesutvalet 02.11.2016, sak 112/16.

Fylkeskommunen og kommunane skal skape felles strategiar for samfunnsutviklinga på kysten. Hovudintensjonen er å skape eit grunnlag for ein sterkare kyst, som vert prioritert både regionalt og nasjonalt. Planprogrammet (2) definere følgjande mål for arbeidet:

Hovudmål

«Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande.»[1]

Prosessmål - Samle kysten og ha ei felles røyst

- Løfte kystregionen, sette kysten i posisjon for utvikling, støtte einannan og dra ilag som kommunar
- Avdekke felles interessefelt og utnytte føremonene med samordning
- Utvikle kompetanse og nettverk
- Forankre strategiane både i fylkeskommunen og i kommunane
- Utvikle organisasjonsformer for samarbeidsoppgåver, gjennom til dømes friluftsråd, Kystvegen Ålesund-Bergen, kystkulturpark

Samfunnsmål - klima og miljømål, verdiskapingsmål

- Utvikle attraktive lokalsamfunn langs kysten, med vekt på busetnad, trivsel, arbeidsplassar, utdanning og berekraftig bruk av natur- og kulturressursane
- Skape ein nasjonal og internasjonal arena for berekraftig verdiskaping i sjøområda
- Auke kunnskapen om sjøområda, slik at vi kan forvalte og nytte sjøressursane berekraftig
- Utvikle havnæringa ut frå nasjonale mål om berekraftig vekst
- Legge grunnlag for ei heilskapleg og samordna arealplanlegging, både i kommunane og regionalt
- Utvikle meir effektive og miljøvenlege samferdsleløysingar (omfattar både båt og veg, person og gods)
- Konkretisere behova for felles tiltak og behova for infrastruktur knytt til beredskap og tryggleik
- Skape større verdiar enn i dag av naturarven og verneverdig kystnatur.
- Utvikle friluftslivet og reiselivet til å vere ein større del av verdiskapinga.
- Etablere kysten i fylket som eit fyrtårn for miljørydding i Nordsjøen
- Utvikle overordna tiltak når gjeld konsekvensar av klimaendringar

Avgrensing

For å fastsetje innhaldet i ein strategisk regional plan for kysten, jamfør PBL § 8-1, må arbeidet avgrensast ut frå gjeldande planar og planprosessar som er i gang. Planprogrammet definere følgjande avgrensing:

- Planen skal gje føringar for ulike tema i samfunnsplanane i kommunane og kunne gje overordna føringar i arealbruksspørsmål.

---

[1] Ordlyden har seinare blitt endra frå «mange» til «fleire»

- Planen skal omfatte kystkommunane Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje.
- Planen skal støtte seg på vedtekne regionale planar som Regional transportplan, Regional plan for verdiskaping, Regional plan for klima og miljø m. fl. og overordna vedtak (bl.a. om prioritering av Kystvegen) og samordnast med tema som no takast opp i arbeidet med rullering/revisjon av desse regionale planane i 2016 og 2017.
- Strategiane skal utviklast parallelt med regionale og kommunale planstrategiar og samfunnsplanar i 2016-2017 og fange opp og samordne felles målsetjingar frå kommunane
- Planen legg ikkje opp til å gje føresegner for arealbruk, men strategiane kan vise veg for det meir konkrete arbeidet med ein arealbruksplan for heile fylket. I RPS er det vedteke at arbeidet med regional plan for arealbruk skal starte i 2018.

1.2 Planprosessen

Planarbeidet involverer mange nivå og grupper. Figuren under viser organiseringa.

Dei ulike gruppene er involvert på ulike måtar og i ulike deler av prosessen.

Prosjektgruppa føl opp det daglege arbeidet med strategien og har jamlege møte. Medlemmer i gruppa er prosjektleiar Arne Kringlen og medarbeidar Sindre Blindheim, begge Norconsult AS. Frå fylkeskommunen deltek Synnøve Stalheim, Sondre Sognnes Haugen, Elisabeth Aune og Stine Mari Nytun Leirdal.

Strategigruppa består av ordførarane i kystkommunane, samt fylkesdirektør for næring og kultur Jan Heggheim og plansjef Synnøve Stalheim.

Referansegruppa er samansett av ein administrativ representant per kommune, ein frå fylkeskommunen, to frå Fylkesmannen, ein frå Fiskeridirektoratet, ein frå Statens vegvesen og ein frå Kystverket.

Temagruppene har medlemmer frå næringsorganisasjonar og fagmiljø som kan bidra innanfor dei mest sentrale strategitemaa.



Figur 1-1:Organisering av arbeidet med Regional strategisk plan for kysten.

Leiargruppa (LG) i sentraladministrasjonen i fylkeskommunen er administartiv styringsgruppe for planarbeidet.

Planutvalet (PU) deltek i prosessen, og gjev retning på arbeidet ved utarbeiding av planar. Planutvalet er sett saman av fylkesutvalet, leiarane for hovudutvala og gruppeleiarane i dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet.

Fylkesutvalet (FU) er politisk styringsgruppe, og gjer dei formelle vedtaka undervegs i planarbeidet. Utvalet tek avgjersler i saker det har delegert mynde til og kjem elles med innstillingar til fylkestinget.

Fylkestinget er det øvste politiske organet i fylkeskommunen og gjer Fylkestinget gjer endeleg vedtak av planen.

Skjema under viser ei samanstilling av framdrift og kva grupper som er involvert kor tid.

Figur 1-2: Framdrift, medverknad og saksgang for arbeidet med strategisk plan for kysten.

Det er gjennomført møte med referansegruppe og fire ulike temagrupper i samsvar med framdriftsplanen. Hovudarbeidet kring kunnskapsgrunnlaget vart avslutta i desember 2017, men har blitt supplert når nye moment har kome til og etter høyringsperioden. Hovudfokuset i arbeidet har vore strategiutforming, der kommunane og overordna styresmakter har vore involvert i tett dialog.

Ordførarane for kystkommunane har vore kopla tett på gjennom strategigruppa og følgjer arbeidet gjennom høyringa til endeleg vedtak i fylkestinget. Fylkeskommunen har samarbeida med kommunane og strategigruppa både i høyringsperioden og fram mot politisk behandling i fylkesutvalet og fylkestinget. Kommunane har hatt ansvar for medverknadsprosessen i høyringsperioden i eigne kommunar og har involvert fylkeskommunen etter behov. Etter høyringsfristen gikk utvar strategigruppa samla for eit siste møte for ein gjennomgang av innspela. Innspela frå strategigruppa er tatt omsyn til av fylkesrådmannen då planframlegget blei utarbeida.

Erfaringar undervegs i planprosessen

Vi har søkt å finne ein middelveg mellom den breie «bestillinga» i planprogrammet og ynskje om å gå meir rett på arbeidet med strategiar. Erfaringane så langt er stor positiv vilje til å bidra frå alle vi er i kontakt med, og det vert understreka frå alle hald at dette er eit viktig arbeid. Gjennom møte med både referansegruppe og temagrupper har vi blitt utfordra på å gjere strategien næringsorientert, og sjå på kva rammer det offentlege styrer, som er avgjerande for næringsutvikling. Grunngjevinga for ei sterk næringsorientering er:

1. Næringsutvikling og arbeidsplassar er grunnsteinen i positiv samfunnsutvikling.
2. Det offentlege forvaltar sentrale rammer for næringsutviklinga, rammene må setjast i samråd med dei som treng areal og dei som blir påverka av arealbruken. Dei viktigaste rammene er:
    a. Samferdsel (veg, båt, fiber, energi)

b. Arealplanlegging (oppdatert, føreseieleg og berekraftig, uavhengig av kommunegrenser)
c. Kompetanseutvikling (utdanning som tener næringane sine behov)

I vår kontakt med aktørane (både næringsaktørar, halvoffentlege organisasjonar med nærings- og kommuneutvikling som fokus og offentlege aktørar som kystkommunane) på kysten er det mange som legg vekt på at strategiarbeidet ikkje må bli ei «akademisk øving» som gjev ein flott strategi, men som er vanskeleg å følgje opp. Difor jaktar vi etter å finne kjerneutfordringane der denne regionale planen kan gjere ein skilnad.

Fleire av medverknadsaktørane peikar på at dette er viktig for at planen skal vere god:

- Den må vere konkret, og det må gjerast ei streng prioritering av kva som skal gjennomførast.
- Den må utarbeidast gjennom brei medverknad for å gje eigarskap hjå dei som skal gjennomføre strategien og dei som sit med verkemiddel til gjennomføring.
- Og den må vere forankra i ein organisasjon eller eit samarbeid som har mynde og ressursar til å følgje opp strategiarbeidet tett.

1.3 Politisk handsaming og medverknad

I Regional planstrategi 2016 - 2020, vedteke i fylkestinget sak 23/16 den 14.06.2016, går det fram at det skal utarbeidast ein strategisk plan for kysten. Planprogrammet til planen vart vedteke i fylkesutvalet sak 112/16 den 02. 11.2016, og definerer følgjande hovudmål for arbeidet: «Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande.»[2] Hovudintensjonen er å skape eit grunnlag for ein sterkare kyst, som blir prioritert både regionalt og nasjonalt.

Under følgjer ei oversikt over politisk handsaming og medverknad etter at planprogrammet blei vedtatt.

Møte med referansegruppa 14. juni 2017

Referansegruppa gav tilbakemelding på kva som er relevant kunnskap som skal leggast til grunn for planarbeidet i møte 14. juni 2017. Det vart også jobba med kva tema som arbeidet bør rette størst merksemd til. Mellom anna sette referansegruppa fokus på behovet for næringsorientering, og det var ei klar oppfordring om å spisse arbeidet. Det vart sett ned fire temagrupper, for tema som vart sett på som særskilt viktige.

Møte med temagruppene i september og oktober 2017

I samsvar med innspel i møte med referansegruppa vart det etablert fire temagrupper, med medlemmer som vist under (dato for møte i parentes).

Maritimt (3/10)	Marint (4/10)
1. Sindre Blindheim, Norconsult AS (gruppeleiar) 2. Audun Erik Sunde, fylkeskommunen 3. Stein Kvalsund, Maritim foreining Sogn og Fjordane 4. Kristian Todal, Nordfjord Vekst	1. Sindre Blindheim, Norconsult AS (gruppeleiar) 2. Gunn Helen Hemne, ansvarleg for havbruk hjå Fylkesmannen 3. Elisabeth Aune, fylkeskommunen 4. Solveig Willis, Salmon Group 6. Hanne Marie Utvær, Fiskeridirektoratet

[2] Ordlyden seinare blitt endra frå «mange» til «fleire»

5. Ragnhild Undertun, Gulen og Masfjorden Utvikling	5. Margrete Emblemsvåg & Lovise Kvalsund Otterlei, Møreforsking AS
Arealbruk og vern (5/9, 26/9, 4/10) 1. Arne Kringlen, Norconsult AS (gruppeleiar) 2. Heidi Sandvik, Fylkesmannen 3. Oddgeir Årdal, Fylkesmannen, landbruk 4. Elisabeth Dale, Forum for natur og friluftsliv 5. Hanne Marie Utvær, Fiskeridirektoratet 6. Torbjørn Hasund, fylkeskommunen	**Samferdsle (6/9, 27/9, 3/10)** 1. Arne Kringlen, Norconsult AS (gruppeleiar) 2. Monica Sande, Bremanger hamn 3. Jan Henrik Nygård, Flora kommune, transport 4. Randi Humborstad, Stad skipstunell 5. Lene Mathisen, Kystverket 6. Einar Årdalsbakke, Flora kommune, kommunikasjon 7. Ole Ingar Hæreid, samferdsleavd. hjå fylkeskommunen

Under følgjer ei oversikt over innspel frå temagruppene.

Temagruppe arealbruk og vern

Gruppa meiner det ligg eit stor potensial i arealplanlegging på tvers av kommunegrensene på kysten. Dette vil vere positivt for både arealbruks- og verneinteressene, fordi ein kan gjere avklaringar av arealbruk på overordna nivå og ulike interessegrupper veit kva dei kan forholda seg til. Ut frå gitte kriterium kan ein få sett av det best eigna arealet til ulike føremål uavhengig av kommunegrenser og den enkelte kommune sine planressursar.

Friluftsliv og reiseliv: Fjordkysten har stort mangfald og unike moglegheiter innan friluftsliv. Det ligg eit stort potensial i å auke tilgang og tilkomst for friluftsliv saman med betre informasjon. Dette vil gagne både fastbuande og tilreisande og vil vere viktig for folkehelse, bustadattraktivitet og reiseliv.

Natur og miljøkvalitetar: Kysten sine natur -og miljøkvalitetar gjev både moglegheiter og utfordringar i samfunnsutviklinga. Kystsona har betydelege natur-, landskaps- og kulturminneverdiar som i seg sjølv er viktige å ta vare på gjennom overordna planlegging.

Utmarksressursane: Det er stort potensial for å auke husdyrproduksjonen - matproduksjon på kysten sine arealressursar. Dette kan gi verdiskaping gjennom lokal vidareforedling samstundes som det gjev landskapsskjøtsel. Å halde landsskapet ved like og bruke areala gjev ringverknader til friluftsliv/reiseliv i form av arts- og opplevingsturisme.

For å kunne utløyse potensial peikar gruppa på følgjande kunnskapsbehov:

- Samla oversikt over dei ulike kommunane sine kommuneplanar for sjøen og strandsona
- Oppdatert kunnskap om sjøareala når det gjeld det biologiske mangfaldet, topografi, og botnsediment.
- Det trengs ei vurdering av kva type areal som eignar seg til ulike former for bruk og vern.
- Friluftslivskartleggingane må oppdaterast og det må undersøkjast kva som hindrar bruk av områder (barrierar)
- Det må undersøkjast kva som hindrar auka bruk av utmarksressursane til matproduksjon og lokal verdiskaping

Temagruppe samferdsel

God infrastruktur (veg, båt, energi og digital kommunikasjon) er ein av fleire viktige føresetnader for at kystkommunane kan ha eit tilstrekkeleg godt grunnlag for å sikre vidare vekst og utvikling av havnæringane i sine omgjevnader. Her vil både velfungerande og sikker infrastruktur på sjøen og transport på land vere viktig. Det same vil det å ha sikre, robuste og brukarvennlege digitale tenester for kommunikasjon vere. Dette er grunnleggjande for næringslivet og viktigare vert det i framtida. Då snakkar ein om mellom anna mobil- og breiband, robuste ekom-nett, marknadsregulering og tryggleik i nett og tenester, på lik linje med meteorologiske tenester og redning/beredskap.

Likeins er god infrastruktur avgjerande for å byggje sterkare og meir komplette bu-, arbeids-, og serviceområde. Sentrale utfordringar er dårleg standard på deler av vegnettet med mange flaskehalsar og mange skredutsette strekningar. Fleire kommunar med sine tettstader, særskilt dei sør for Flora, ligg også utanfor det som typisk er definert som akseptabel pendlingsavstand (45 min.) med bil eller båt til større sentra. Fjordane er barrierar for effektiv vegtransport, særskilt på kysten, men samstundes kan fjordane vere effektive transportårer i seg sjølv.

Oppsummert ser temagruppa følgjande utviklingspotensial innan samferdsel på kysten:

- Eit hovudpunkt er styrking av bu- og arbeidsmarknaden nord-sør på kysten. Aktuelle tiltak er:
    - Realisering av **kystvegen** Måløy-Florø for å styrke bu- og arbeidsmarknaden mellom næringsmessige tyngdepunkt på kysten
    - Betre kommunikasjon sørover frå Florø langs på kysten gjennom realisering av kystveg/båtruter
    - Realisering av **Stad skipstunnel** for å opne nye bu- og arbeidsmarknader nordover
    - Hurtigbåt Bergen-Ålesund for å utvide bu- og arbeidsmarknaden både nordover og sørover
- Større strekningsvise farleitiltak, kor ein ser på ei heil strekning og ikkje berre utvalde punkt, vil gi gjennomgåande god standard i hovud- og bilei, og dette gir auka framkome og sikkerheit for skipstrafikken
- Meir gods frå veg til sjø for å få tungtrafikk vekk frå smale vegar og meir klimavennleg transport
- Ny organisering av hamnene (samanslåing) for samordning av avgifter og effektiv drift
- Betre digital infrastruktur som grunnlag for næringsutvikling langs heile kyststripa og auka tryggleik
- Realisering av hydrogendriven hurtigbåt som utstillingsvindauge for grøn teknologi

Mykje kunnskap er tilgjengeleg i eksisterande analysar og utgreiingar. Aktuelle suppleringar er:

- Utvikling av felles bu-, arbeids- og servicemarknader (BAS) som følgje av Stad skipstunnel.
- Godsanalyse for gods frå veg til sjø, dette er fylkeskommunen i gang med allereie.
- Verknader av etablering av hurtigbåtrute Bergen-Ålesund.
- Dekningsområde for mobil/breiband/fiber langs kysten, fylkeskommunen jobbar allereie med ei breibandsatsing.

Temagruppe maritimt

Det har tradisjonelt vore tydelege skilje innan næringssektorar. Dette er i stor grad i ferd med å endre seg, og det vert samarbeida meir på tvers av sektorane. Maritim, olje/offshore og marin (med alt knytt til sjømat og ressursar i havet) ser alle seg sjølv inn under *havnæringa*. Det trengs ei meir detaljert analyse/kartlegging av kva som faktisk skjer og kan skje i desse næringane i fylket. Det er ei tilbakemelding frå temagruppa at dette ikkje kjem godt nok fram. Det skjer mykje meir enn mange kanskje har inntrykk av. I dette ligg også at ein må synleggjere alt det gode utviklings- og innovasjonsarbeidet som faktisk skjer allereie.

Det ligg eit stort potensial i havnæringa med auka samarbeid, både mellom aktørane i næringa, på tvers av dei nært tilgrensande næringane og opp mot forvaltninga. Det må gjerast prioriteringar kring kva som skal vere satsingsområde, ein kan ikkje satse på alt. Verdiskapingsplanen gjer ei prioritering, men tilbakemelding frå temagruppa er at den er for grovmaska. Ein må spisse prioriteringa meir. Og ein bør knytte seg sterkare til dei større miljøa både nord og sør for oss, i Møre og Romsdal og i Hordaland.

Nokre områder/tema utpeikar seg i diskusjonen med temagruppa:

- Fordeler med at vi har ein «grisgrendt kyst» - mykje areal tilgjengeleg, men vi må tenke samla og spisse oss inn på utvalde områder kor vi har fortrinn.

- Vi har mange små aktørar, som kan snu seg rundt raskt – dette må vi dra nytte av.
- Administrativ kapasitet kan opplevast som ei utfordring, åleine er kommunane for små til å tenke stort nok – næringslivet bryr seg ikkje om kommunegrenser.
- Landbasert havbruk, vi har allereie fleire spydspissar som kan vidareutviklast.
- Verftsindustri og skipsdesign, hydrogen, kombinasjonen med nye materiale, subsea- og offshore-kompetansen er sterk.
- Vi må gjere oss nytte av den kompetansen som ligg i fiskebåtnæringa i dag inn i «nye» marknader.
- Sjømat og energi vil vere framtidsnæringar, fornybar og berekraftig.
- Ein må sjå potensialt som ligg i å vere til stades i heile verdikjeda, frå fangst til marknad.
- Vekse ja, men det er ikkje alltid slik at «større er betre» - å vere mindre men omstillingsdyktige er også eit konkurransefortrinn.
- Får vi til «dei gode møteplassane» er det store moglegheiter på tvers av de havbaserte næringane – synergiar har eit enormt potensial, dette ser vi mellom anna på Mørekysten.
- Utvida bu- og arbeidsmarknader kan få stor effekt – samferdsel er viktig, meir fokus på nord-sør langs kysten, «riksveg 1» ligg der klar til bruk.

For å kunne utløyse potensial peikar gruppa på følgjande kunnskapsbehov:

- Detaljert kartlegging av dei maritime næringane, for å forstå kva som faktisk skjer i og knytt til næringa. Ein kan ikkje basere seg på dagens statistiske grunnlag for å gjere dei gode avgjerslene for framtida. Betre kartlegging av heile verdikjeda.
- Overordna arealplanlegging, kor ein ser på det store bilete for kysten samla sett. Og plan for bruk sett i samanheng med og i samråd med utviklingsbehov som næringa har.
- Samferdsle og å knytte kysten tettare i lag nord-sør.
- Forstå og ha ein strategi for framtida sitt kompetansebehov.
- Tettare kopling mellom næringsliv og utdanning.
- Eigen kystregion?

Temagruppe marint

Mykje det same kjem fram her som det gjer for maritimt fokus – det er meir og meir samarbeid på tvers av næringane og ein må sjå dette. Det er ikkje ein naturleg skilnad mellom maritimt, offshore og marint, som det var før. Kompetanse (arbeidstakarar og teknologi) går på tvers, og behova er meir og meir lik. Kompetansekrav og -behov utviklar seg fort.

Sogn og Fjordane kan samstundes spele ei særs sentral rolle i utviklinga innan den marine sektor, både som følgje av sterke aktørar som finst i dag og som følgje av dei naturgitte høva med sjø- og landareal. Sogn og Fjordane kan sette seg i ein førarstol innan utvikling, men ein må da sjå regionen samla. Kommunane må samarbeide, og dei må samarbeide ilag med næringsaktørane. Rammehøva, som arealbruk, må leggast til rette på ein berekraftig måte sett heile kysten under eitt.

Nokre områder/tema utpeikar seg i diskusjonen med gruppa:

- Kysten av fylket er per i dag i stor grad ein råvareleverandør. Generelt bør det vere potensial for å få meir ut av verdikjeda. Meir konkret:
    - Restråstoff frå fiskemottak/slakteri. Pelagisk fisk, kvit fisk og oppdrettsfisk.
    - Eit fokus på å utvikle seg til å ta ein større del av heile verdikjeda. Her er det eit stort potensial.
    - Oppdrett/dyrking av marine råvarer nytta som fôrressurs i havbruk og landbruk.
    - Nye havbruksnæringar, som til dømes tare, Sogn og Fjordane har naturleg gode høve for taredyrking. Havstraumar og areal gjer oss attraktive.
- «*Gjenreising*» av gamle næringar: Oppdrett av torsk, rognkjeks, berggylte og skjell.

- Potensial for meir prosess- og foredlingsindustri.
- Vi har sterk kompetanse og kunnskap om klima- og miljøforsking, kunnskap som har potensial mot andre næringar, og vi har ei god forvaltning – dette må vi bygge vidare på for å styrke ei berekraftig utvikling.
- Kan Sogn og Fjordane posisjonere seg som eit «testfylke/satsingsfylke for utvikling og forsking»?
- Areal som i dag er «freda» for lakseoppdrett pga. nasjonale laksefjordar kan kanskje nyttast til anna type havbruk? Utan at det går ut over ei berekraftig utvikling.

For å kunne utløyse potensial peikar gruppa på følgjande kunnskapsbehov:

- Det må komme opp konkrete mål, både kortsiktige og langsiktige, ikkje berre overordna målsettingar.
- Vi har mykje areal, men ein må ikkje kome i konflikt med eksisterande næringar, brukarinteresser og arealbehov – det vil være avgjerande at vi klarer å tenke større og meir i fellesskap på tvers av kommunegrenser.
- Forstå dagens og framtida sitt kompetansebehov, og dette må tilpassast næringslivet.
- Betre kunnskapsgrunnlag, frå marine grunnkart hos alle kommunar trengs, generelt er naturmangfald i sjø for lite kartlagt. Vi må vite kva som kan nyttast til vår fordel, og vi må vite kor sårbart areal er (risiko for øydelegging).
- Nærare kopling mellom næringsaktørane og finansieringskjelder for utvikling, dette er kystregionen for dårleg til å dra nytte av. Aktørane veit ikkje alt som finst og dei er ofte for små til å ha ressursar nok til å gjere seg nytte av det. Informasjonsutveksling mellom forvaltning og næringsliv avgjerande.

Møte med strategigruppa og referansegruppa 20. oktober 2017

Første del av møtet gjekk vi gjennom forventingane til strategisk plan for kysten og forsamlinga vart delt inn i grupper. Under er forventingane summert opp.

Grupper	Forventningar (dei 3 viktigaste)	Viktig involvering (kven manglar?)
Vågsøy, Selje	- Involvering og gi eigarskap til alle sentrale aktørar - Kysten må finne ilag og snakke med ei stemme - Får da lettare gjennomslag for dei sakane ein jobbe med	- Aktørane (både offentleg og privat - Politikarar
Flora, Bremanger	- Evne å prioritere i planar, tørre å velje vekk, velje nokre hovudsatsingar - Kommunikasjon, både fysisk og verbal – felles arena for å snakke ilag - Si noko om attraktivitet, kvifor skal vi leve og bu her, utvikle attraktivitet for utvikling (folk, turisme og næring)	- Ungdommen - Det næringsliv som skal prioriterast, til dømes havbruk - Dei folkevalde
Gulen, Solund, Hyllestad	- Kartlegge moglegheitene for kysten, areal og samarbeidsformer, moglegheiter for arealbruk - Berekraftig næringsutvikling, opplevingsnæringane må med (reiseliv), forholda mellom næringane - Samferdsle, båtruter, kystvegen (må ikkje gløyme sør for Florø)	- Verksemdene - Forankring i alle kommunar - Næringsorganisasjonane, utviklingsorganisasjonane - Reiseliv
Askvoll, Fjaler, Solund	- Styrke samarbeidet mellom kystkommunane - Kystvegen – kva med sør for Florø? - Ferjeavløysingsprosjekta er viktig for regional utvikling - Konkret og tydeleg strategi, spissing må til	- Reiseliv - Alle dei små og lokale aktørane må med på ein betre måte

Overordna styres-makter	- Felles faktagrunnlag, må vere einige om faktagrunnlaget - Må fokusere på det vi har moglegheit til å gjere noko med	- Alle må medverke i arbeidet, og meir enn til no - Næringslivet, frivillige organisasjonar, vekstselskapa

Vidare i møtet vart det jobba med spørsmålet om kva som er kysten sitt viktigaste potensial.

Summert opp slik:

Grupper	Potensial
Gulen Vågsøy Fiskeridirektoratet	- Synergiar frå restråstoff - Havbruksnæringa har eit enormt behov for næringsstoff frå restråstoff, mellom anna fór-ingrediensar - Alger kan bli ein stor industri
Solund Flora Fylkeskommunen	- Kompetanseutvikling - Raud tråd i «utdanningsaksen» - korleis utvikle utdanninga <u>med</u> næringa – frå vidaregåande skule til fagskule til høgskule - Vidareforedling av både laks og kvitfisk - Utnytte potensial frå råstoffa som vi får inn – ta ein større del av heile verdikjeda - Lovgiving og krav, konsesjonskrav m.m. – kva kan ein gjere for å sikre at «meir av verdiane vert verande i fylket»
Hyllestad Bremanger Fiskeridirektoratet	- Auka produksjon av havbruk, mellom anna skjell og tare
Fjaler Selje Fylkeskommunen	- Samferdsle må gjerast meir med bakgrunn i kystkommunane sine behov – meir til sjøs – ny teknologi for løysingane – miljø og berekraftperspektivet
Askvoll Fylkeskommunen Kinn	- Tettare samarbeid mellom kystkommunane – som eit strategisk grep – eige regionråd? – nye regionrådgrenser?

På grunnlag av planprosessen og kunnskapsinnhentinga, peika strategigruppa og referansegruppa deretter ut ei førebels liste med sentrale tema/område som grunnlag for utarbeiding av strategiar:

- Arealplanlegging
  - På tvers av kommunegrenser, med betre kartgrunnlag
- Samferdsle
  - Meir til sjøs, person og gods
- Kompetanse
  - Raud tråd frå «Newtonrom til høgskule»
- Næringsutvikling
  - Havbruk, meir lokal verdiskaping
  - Samstundes, kva ligg i «havbruk», mykje kan inn her
  - Reiseliv må også med på eit godt vis
- Organisering
  - Nye regionrådgrenser?
- Politikk
  - Konsesjonsvilkår
  - Politikk må vere frå kommunalt nivå til sentrale krefter

I løpet av dagen kom attraktivitet inn som eit omgrep det må jobbast meir med. Dette punktet har røter i alle dei andre strategiområda, men er plassert inn under arealplanlegging.

Dette vart sidan presentert for planutvalet 22. november 2017.

Handsamling i planutvalet 22. november 2017

Figur 1-3 under viser dei ulike strategiområda som vart presentert for planutvalet (sak 8/17) .



Figur 1-3: Dei ulike strategiområda presentert i planutvalet 22. november 2017

Planutvalet gjorde følgjande vedtak.

Innspel til tema/område for vidare arbeid med strategiar

Planutvalet sluttar seg til at det vert utarbeida strategiar med utgangspunkt i temaa ovanfor.

Problemstillingar i strategiarbeidet

Planutvalet er opptatt av at strategiarbeidet skal kunne sette dei ulike satsingane på kysten inn i eit system og sikre at dei supplerer kvarandre og evt dekker område som ikkje er tilstrekkeleg handtert tidlegare.

Dersom strategiarbeidet i nokon grad kan komme til å utfordre prioriteringar i andre planverk, må ein vurdere dette, og med utviklingspotensialet i det nye fylket frå 2020.

Vidare må ein vurdere samanhengen med utviklingspotensialet i det nye fylket frå 2020.

Møte med strategigruppa og referansegruppa 8. desember 2017

I dette møtet såg vi nærmare på kva som er dei utpeika strategiane, og kva som er dekka av eksisterande planar. Figuren under viser eit forenkla bilde av status, der dei blå figurane viser utpeika strategiområde, og dei raude figurane viser kva planar som dekkjer/skal dekkje desse områda.



Figur 1-4: Visualisering av strategiområde og gjeldande planar/strategiar i fylket.

På bakgrunn av figuren ovanfor drøfta strategigruppa saman med referansegruppa, kven av desse strategiområda som må få størst prioritet og samtidig kan legge grunnlaget for å lykkast på dei andre områda. Følgjande vart peika ut:

1. Etablere eit «kystråd» (eventuelt kystregionråd) for kontinuerleg samarbeid og felles stemme inn mot arbeid med verdiskapingsplan, regional transportplan og kompetanseutvikling.
2. Samarbeide om kunnskapsgrunnlaget i sjøen og seinare mogleg felles arealplanlegging i sjøen som grunnlag for verdiskaping

Tema næringsutvikling, samferdsel og kompetanse er tema der kystkommunane kan arbeidet saman om å påverke pågåande satsingar og planarbeid, gjennom til dømes eit kystråd.

Møte med strategigruppa 31. januar 2018

Strategigruppa ynskte eit nytt møte i januar 2018 for å ha ein dialog med det politiske nivået i fylkeskommunen og avslutte arbeidet med strategien. På førehand vart det sendt ut eit utkast til strategisk plan for kysten med kunnskapsgrunnlaget som vedlegg.

Fylkesordførar innleia møte med å peike på sentrale moglegheiter og utfordringar på kysten av Sogn og Fjordane. Deretter vart plandokumentet presentert og ordførarane kom med tilbakemeldingar på dokumentet.

Det var semje i møtet om at dokumenta gjev eit godt bildet av prosessen og peikar på sentrale moglegheiter for kysten. Det vart trekt fram som særs positivt at planen er kortfatta og spissa på tema/område. Ein følgje av dette er at nokre tema får mindre omtale enn andre og det kom innspel på

tema som må omtalast betre. Samstundes var det ei semje om at det må fokuserast på dei store linene og at mykje av detaljar må kunne dekkast opp i det vidare arbeidet med gjennomføring av planen; «*Planen må peike framover, men kan ikkje løyse alt*» (sitat Gunhild Berge Stang).

Hovudpunkt i diskusjonen, med viktige moment som må innarbeidast i strategien:

- Innafor næringsutvikling er det viktig å stimulere til skaparkraft og nyskaping. Til dømes er digitalisering/robotifisering ei altomfattande samfunnsendring der vi har etablerte kompetansemiljø som grunnlag for nyskaping. Vi treng nye arenaer for samhandling der dei ulike kunnskapsmiljøa kan møtast. Vi må ta inn over oss at 80 prosent av dei framtidige arbeidsplassane enno ikkje er skapt og at Sogn og Fjordane er langt framme på enkelte område i «*det grøne skiftet».* Eit døme er Hydrogenregion Sogn og Fjordane (3).

- Når det gjeld etablering av Kystrådet, må det gjerast tydeleg at det ikkje er ei erstatning for regionråda. Det må utviklast ei felles politisk sak om etableringa som kan handsamast i alle kommunane. Saka må skildre mandat, vedtekter, sekretariat og det må setjast ned ei arbeidsgruppe som lagar saka. Gulen tek initiativ til å kalle inn til eit første møte. Det må i forkant etablerast ei arbeidsgruppe for å kome i gang – Askvoll, Gulen og Kinn er utfordra til dette.

- Når det gjeld kysten sin posisjon i eit nytt vestlandsfylke er det viktig å skaffe god nok kunnskap om «kva som kjem». Det er mange felles interesser i fylka, vi må tenke på heilskapen, det er stort potensial for samarbeid og vekst saman med Hordaland. Vi må identifisere eigne miljø som kan dra god nytte av allereie etablert arbeid og nettverk. Til dømes har Gulen allereie godt samarbeid sørover, som Sogn og Fjordane kan dra nytte av. Vi må ta grep for å «selje oss utad», betre enn det vert gjort no. Kysten har enormt mykje bra å vise til (som mange ikkje veit om).

Handsaming i fylkesutvalet 7. mars 2018

Fylkesutvalet vedtok i møte 7. mars 2018 (sak 26/18) å legge høyringsutkastet til Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029 ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 24.04.2018, jf. plan- og bygningslova § 8-1 til 8-4.

Høyringsperiode frå 9. mars til 24. april 2018

I løpet av høyringsperioden kom det inn 22 høyringsinnspel med kring 60 innspel.

Innspela var i hovudsak knytt til dei fire satsingsområda og til kunnskapsgrunnlaget. Alle dei ni kystkommunane har hatt prosess i eigen kommune, men fleire av innspela er spelt inn gjennom regionråd eller fellesnemnd. Vidare har NVE, Fiskeridirektoratet, Stavøy grendalag, Fylkesmannen, Direktorat for mineralforvaltning, Kystverket, fylkesrådet for eldre, fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum, AVINOR og ungdomspolitisk utval gitt uttalar. Det har også kome inn uttale frå ein privatperson.

Møte med strategigruppa 4. mai 2018

Etter at høyringsfristen gikk ut ønska strategigruppa å ha eit møte for å saman gå gjennom innspela. Strategigruppa sine framlegg til endringar er tatt omsyn til når fylkesrådmannen har utarbeida planframlegget og kunnskapsgrunnlaget som blei handsama i fylkesutvalet og fylkettinget.

Handsaming i fylkesutvalet 31. mai 2018
(Skildring kjem)

Handsaming i fylkestinget 12. juni 2018
(skildring kjem)

2 Bu og leve på kysten

2.1 Samandrag

Gjeldande planar og kunnskapskjelder

Fylkeskommunen har ei rekke planar og strategiar (med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag) som har betyding for temaet *«Bu og leve på kysten»*. Dei viktigaste er lista opp under:

- *Regional planstrategi 2016-2020* (vedteken i fylkestinget 14.06.2016) listar fem hovudutfordringar for Sogn og Fjordane: 1) Globalisering og sentralisering, 2) Migrasjon og inkludering, 3) Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad, 4) Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet og 5) Klimautfordringane.
- *Regional plan for folkehelse 2015-2025* (vedteken i fylkestinget 16.06.2015). I denne planen skal det satsast på dei fem områda: 1) Lærande organisasjonar i plan og samfunnsutvikling, 2) Gode bu og nærmiljø, 3) Helsefremjande barnehagar og skular, 4) Trivselsfremjande fritid og 5) Helsefremjande arbeidsliv.
- *Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012–2015* som viser korleis ein kan vidareutvikle og avklare vidaregåande opplæring si rolle som regional utviklingsaktør.
- *Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013–2024* som gjeld organisering av den vidaregåande opplæringa.
- *Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016 – 2017* som listar konkrete tiltak som skal bidra til å nå måla i mål- og strategidokumentet. Innsatsområda gjeld kvalitet på opplæring i 1. Fellessatsinga bedrift – skule, 2. Skule og 3. Bedrift.

I tillegg er følgjande planar og strategiar under arbeid:

- *Regional plan for kultur 2019-2022* er under arbeid, og skal etter planen bli vedtatt i fylkestinget i oktober 2018. Hovudmålsetjinga med planen er at kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn, samt at fylket skal ha nasjonale, regionale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn innanfor kultur. Fagområda fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert tekne inn i Regional plan for kultur.
- *Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling* er under arbeid, og skal vedtakast i fylkestinget i april 2018. Hovudmålsetjingane med planen er å betre attraktiviteten i tettstadane, samt styrke bu-, arbeids- og service (BAS)-regionane i fylket.

Dei sentrale utfordringane for kysten er i stor grad identifisert i gjeldande og pågåande planarbeid som vist ovanfor. I tillegg må Verdiskapingsplanen nemnast då den har viktige handlingspunkt knytt til arealplanlegging og kompetanseutvikling. I dette samandraget ser vi nærmare på folketalsutvikling som ein viktig indikator på utviklinga i kystkommunane.

Kunnskap, analysar og erfaringar

Folketalsutviklinga i perioden 2010-16 er svakare i kystkommunane enn i Sogn og Fjordane som heilskap. Som figuren under syner er nettotala for innanlands flytting negative igjennom heile perioden. Trenden mellom 2012 og 2016 gjekk i retning av mindre nettoutflytting, men tala for 1., 2. og 3. kvartal 2017 tyder på at nettoutflyttinga vil gå tilbake til nivået det låg på mellom 2010 og 2012. Fødselsoverskotet har vore negativt i fem av dei siste sju åra, men tala er små og har i det store og

heile liten betyding for folketalsutviklinga sett under eitt. Innvandringa har meir enn kompensert for tapa forårsaka av flytting og fødselsunderskot, og slik sørgja for positiv folketalsutvikling. Spesielt har innvandringa vore viktig for å halde oppe folketalet i arbeidsfør alder, sidan både dei som flyttar ut og dei som innvandrar hovudsakleg tilhøyrar desse aldersgruppene.

Den framtidige folketalsutviklinga i kystkommunane vil vere svært avhengig av nivået på innvandringa og utflyttinga. Dersom nivået på utflyttinga vil vere likt åra 2010-2012 vil folketalet i kystkommunane vere avhengig av høg innvandring for å hindre at folketalet fell. Dersom ein derimot lukkast med å forlenge den positive trenden for flytting som var mellom 2012 og 2016 vil innvandringa i staden bidra til folketalsvekst i kommunane. Utfordringa blir at arbeidsinnvandringa frå EØS er relativt låg samanlikna med tidlegare år, og innvandringspolitikken er skjerpa.



Potensial for utvikling

Mellom anna Telemarksforsking sine analysar stadfestar at arbeidsplassvekst, arbeidsmarknadsintegrasjon[3] og bustadbygging er dei tre faktorane som har sterkast positiv korrelasjon med nettoflytting. Dette peikar vidare på at kysten må gripe tre sentrale moglegheiter:

- Næringsutvikling knytt til sjøen. Her har kysten opplagt det beste utgangspunktet i fylket.
- Auke arbeidsmarknadsintegrasjonen ved å forbetre infrastrukturen. Her har kysten tydelege utfordringar.
- Legge til rette for attraktive bustadområde tilpassa samfunnsutviklinga og etterspurnaden i marknaden. Dette er sentralt for alle område med ambisjonar om vekst.

[3] Kor godt arbeidsmarknaden heng saman mellom kommunar i same region.

2.2 Levekår og folkehelse

Folketalsutvikling og demografi

Per 1. januar 2017 budde det til saman 35 198 menneske i kystkommunane Flora, Gulen, Solund, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Bremanger, Vågsøy og Selje.

Sett under eitt har folketalet i dei ni kystkommunane i Sogn og Fjordane vakse med om lag *ein* prosent dei siste seks åra. I same perioden har vekstgraden i fylket som heilskap vore om lag dobbelt så sterk (to prosent), medan den på nasjonalt nivå har vore heile sju gonger så sterk (sju prosent).



Figur 2-1: Folketalsutvikling i kystkommunane 2010-2016. Kjelde: SSB

Figur 2-1 over viser den årvisse folketalsutviklinga i kystkommunane i perioden 2010-2016. Figuren viser at det er innvandringa som har sørgja for positiv folketalsutvikling i kystkommunane dei siste åra. Fødselsoverskotet (talet på fødslar minus talet på dødsfall) har vore negativt i fem av dei siste sju åra, medan netto innanlandsk flytting (tilflytting minus utflytting) var negativ alle åra. Desse trendane viser også igjen i den demografiske samansetjinga i kystkommunane. Talet på norske innbyggjarar har falle med om lag 1 400 personar mellom 2010 og 2016 (sjå figur 2-2). Innvandringsfolkesetnaden har i same periode blitt større, hovudsakleg som følgje av ei auke i innvandringa frå EU-land i Aust-Europa.

Figur 2-1 viser også at kystkommunane har hatt negativ netto innanlandsk flytting kvart år i perioden 2010-2016. Det å få fleire til å bli buande og færre til å flytte ut er ei av kystkommunane sine største demografiske utfordringar for å auke folketalet i området.



Figur 2-2: Befolkning etter landbakgrunn. Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. Kjelde: SSB

Når vi ser på folketalet fordelt på aldersgrupper (figur 2-3 under) har utviklinga vore stabil for aldersgruppene i arbeidsfør alder sett under eitt. Det er aldersgruppene i arbeidsfør alder som er mest påverka av flytte- og migrasjonsstraumane vist i figuren, men utflyttinga innanlands blir balansert av innvandringa slik at nettoutviklinga blir om lag null. I følgje våre framskrivingar kan desse aldersgruppene halde seg meir eller mindre stabile også i framtida, men det føreset at innvandringa held fram om lag som den har gjort dei siste åra. Dette er det naturlegvis knytt stor usikkerheit til, og innvandringa til Sogn og Fjordane er allereie fallande (4)

Størst endring var det i aldersgruppa 60-79 år som vaks kraftig dei siste seks åra. Denne utviklinga er også venta å halde fram i åra som kjem. Dette skuldast at stadig fleire i dei store etterkrigskulla er i denne aldersgruppa.



Figur 2-3: Historisk og framskriven folketalsutvikling i kystkommunane. 2010-2025. Kjelde: SSB

Flyttestraumar

Som vist i figur 2-1 over har netto innanlandsk flytting i sum hatt negativ påverknad på folketalet på kysten i perioden 2010-2016. Under er innanlandsk flytting til og frå kystkommunane utbrodert med tanke på kvar dei som flyttar kjem frå eller flyttar til, kva kjønn dei har og kva aldersgruppe dei høyrer til.

Tabell 2-1: Innflytting og utflytting 2010-2016. Kjelde: SSB

	Innflytting (2010-2016)					Utflytting (2010-2016)				
	Noreg	Noreg utan Sogn og Fjordane		Sogn og Fjordane		Noreg	Noreg utan Sogn og Fjordane		Sogn og Fjordane	
Askvoll	606	320	53 %	286	47 %	629	370	59 %	259	41 %
Bremanger	624	367	59 %	257	41 %	1042	633	61 %	409	39 %
Fjaler	620	342	55 %	278	45 %	623	350	56 %	273	44 %
Flora	2008	1255	63 %	753	38 %	2717	2081	77 %	636	23 %
Gulen	457	396	87 %	61	13 %	511	445	87 %	66	13 %
Hyllestad	274	123	45 %	151	55 %	373	203	54 %	170	46 %
Selje	563	373	66 %	190	34 %	653	488	75 %	165	25 %
Solund	166	127	77 %	39	23 %	281	212	75 %	69	25 %
Vågsøy	950	648	68 %	302	32 %	1264	928	73 %	336	27 %
Kysten under eitt	*6268*	*3951*	*63 %*	*2317*	*37 %*	*8093*	*5710*	*70 %*	*2383*	*29 %*

I perioden 2010-2016 var det 6268 personar som flytta til kystkommunane frå Noreg og 8093 personar som flytta ut frå kystkommunane til Noreg. Tabell 2-1 over viser inn- og utflyttinga i

kystkommunane i perioden 2010-2016. I tillegg til å vise tal personar som flytta til og frå, viser den kor stor del av tilflyttarane som kom frå Sogn og Fjordane og kor stor del som kom frå resten av landet, samt kor stor del av dei som flytta ut som flytta til andre kommunar i Sogn og Fjordane mot landet elles.

Som ein ser av tabell 2-1 er det skilnad i både kor dei som flyttar til kysten flyttar frå, og kor dei som flyttar frå kysten flyttar til. Eksempelvis er 87 prosent av dei som flyttar til Gulen frå andre stader enn Sogn og Fjordane, medan «berre» 45 prosent av dei som flyttar til Hyllestad kjem frå andre stader enn Sogn og Fjordane.

Den største delen av dei som flyttar til kystkommunane frå andre fylke enn Sogn og Fjordane kjem frå Hordaland og Oslo. I fem av kystkommunane kjem mellom 42 og 72 prosent av innflyttarane frå Hordaland. I Selje og Vågsøy kjem derimot berre 25 og 27 prosent av innflyttarane frå Hordaland. Delen flyttarar som kjem frå Oslo ligg mellom 7 og 11 prosent i seks av kommunane. Unntaket er Gulen der berre tre prosent av innflyttarane kjem frå Oslo. Enkelte kommunar har ein stor del innflyttarar frå Møre og Romsdal. Desse kommunane er Selje (33 prosent) og Vågsøy (26 prosent). Innflyttarane til kystkommunane frå andre fylker enn Sogn og Fjordane fordeler seg slik: mellom 3 og 8 prosent frå Rogaland og mellom 0 og 6 prosent frå dei resterande fylka.

Når det gjeld utflyttarar frå kystkommunane til andre fylker enn Sogn og Fjordane dukkar også her fylka Hordaland, Oslo og Møre og Romsdal opp. Mellom 44 og 76 prosent av dei som flyttar frå Bremanger, Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad eller Solund til eit anna fylke valde å busette seg i Hordaland. Oslo var også eit populært val for utflyttarane frå kystkommunane, og mellom 5 og 13 prosent flytta dit. Ein stor del av utflyttarane frå Selje (33 prosent) og Vågsøy (22 prosent) flytta til Møre og Romsdal. Elles fordelte utflyttarane frå kystkommunane seg slik til resten av landet: mellom 2 og 13 prosent til Rogaland, mellom 0 og 8 prosent til Akershus og mellom 0 og 6 prosent til kvart av dei resterande fylka.

Tabell 2-2: Del innflyttarar. Kjelde: SSB

	Kvinner					Menn				
	0-18	19-29	30-44	45-64	65+	0-18	19-29	30-44	45-64	65+
Flora	1,4 %	4,8 %	1,6 %	0,6 %	0,2 %	1,3 %	3,6 %	2,5 %	0,6 %	0,2 %
Gulen	2,3 %	8,6 %	2,5 %	1,1 %	0,2 %	2,7 %	6,2 %	3,5 %	1,7 %	0,3 %
Solund	3,0 %	6,0 %	3,1 %	0,7 %	0,6 %	2,5 %	5,6 %	4,6 %	1,0 %	0,5 %
Hyllestad	0,7 %	5,0 %	1,8 %	0,8 %	0,2 %	0,9 %	2,8 %	2,6 %	0,8 %	0,5 %
Askvoll	1,8 %	5,2 %	2,3 %	0,8 %	0,2 %	1,2 %	3,9 %	3,2 %	0,7 %	0,2 %
Fjaler	1,5 %	4,2 %	3,2 %	0,8 %	0,3 %	1,4 %	3,7 %	4,0 %	0,7 %	0,3 %
Bremanger	1,2 %	4,5 %	2,0 %	0,6 %	0,1 %	1,5 %	4,3 %	2,0 %	0,6 %	0,2 %
Vågsøy	1,6 %	5,8 %	1,7 %	0,5 %	0,2 %	1,5 %	4,0 %	2,3 %	0,6 %	0,3 %
Selje	1,5 %	6,1 %	2,8 %	1,0 %	0,3 %	2,0 %	4,8 %	3,4 %	1,1 %	0,5 %

Tabell 2-3: Del utflyttarar. Kjelde: SSB

	Kvinner					Menn				
	0-18	19-29	30-44	45-64	65+	0-18	19-29	30-44	45-64	65+
Flora	1,7 %	9,6 %	2,2 %	1,0 %	0,4 %	1,6 %	8,6 %	3,0 %	1,0 %	0,5 %
Gulen	1,7 %	11,6 %	2,3 %	1,2 %	0,6 %	1,9 %	9,9 %	4,1 %	1,1 %	0,6 %
Solund	4,0 %	13,1 %	4,9 %	1,0 %	0,7 %	4,7 %	13,9 %	5,4 %	1,1 %	0,9 %
Hyllestad	1,9 %	9,8 %	1,6 %	0,8 %	0,3 %	1,3 %	7,7 %	2,8 %	1,7 %	0,4 %
Askvoll	1,5 %	9,1 %	1,8 %	0,4 %	0,3 %	1,0 %	8,6 %	2,0 %	0,4 %	0,3 %
Fjaler	0,8 %	8,2 %	2,0 %	0,6 %	0,2 %	0,4 %	6,4 %	2,7 %	0,8 %	0,2 %
Bremanger	1,5 %	11,9 %	2,4 %	0,9 %	0,2 %	1,2 %	10,6 %	3,3 %	0,9 %	0,2 %
Vågsøy	1,4 %	9,9 %	2,3 %	0,6 %	0,4 %	1,5 %	7,9 %	2,9 %	0,7 %	0,4 %
Selje	1,6 %	12,4 %	2,0 %	0,7 %	0,6 %	2,0 %	10,2 %	2,7 %	0,9 %	0,6 %

Tabell 2-2 over viser kor stor del av mennene og kvinnene i aldersgruppene 0-18, 19-29, 30-44, 45-64 og 65+ som er innflyttarar, medan tabell 2-3 viser kor stor del av dei same gruppene som flytta ut frå kystkommunane. Som ein ser av tabellane så er det størst del flytting i aldersgruppa 19-29 år.

I ein del av kommunane er det kjønnsubalanse i kven som flyttar til og frå kommunen. I åtte av ni kystkommunar er det fleire menn enn kvinner som flyttar til kommunen, medan det i tre av ni kystkommunar er fleire kvinner enn menn som flyttar frå kommunen. I nokre tilfelle er det små skilnader mellom flyttetendensane til kommunen, medan det i nokre av kommunane er store forskjellar. Eksempelvis er det fleire menn enn kvinner som flyttar til Solund.

Nokre av kommunane på kysten har allereie ei kjønnsubalanse i befolkninga. Denne ubalansen kan bli forsterka av kjønnsubalanse i flyttemønstera. Stor kjønnsubalanse kan påverke befolkningstalet i framtida.

Ulik bustadattraktivitet, strukturelle føresetnader og arbeidsmarknadsutvikling forklarer skilnadane i flyttetala til og frå kommunane. Sjå *kap. 2.7 Aktuelle strategiområde/potensial for utvikling* for meir om dette.

Levekår

Det er mykje som påverkar korleis vi har det, blant anna inntekt og økonomi, trivsel og helsetilstanden vår. Når ein har tilstrekkeleg inntekt, har god økonomi, trivst og har god helse ligg det meste til rette for at folk opplever at dei har det godt, sjølv om også andre faktorar påverkar korleis vi har det. Under følgjer ei gjennomgang av dei viktigaste levekårsparametrane.

Inntekt

Inntekt og økonomi påverkar helse, og forsking har vist at det er ein samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand. I følge Folkehelseinstituttet (5) aukar låg inntekt sannsynet for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidleg død. I tillegg har det å vekse opp i familiar som over tid har låg inntekt stor betyding for barna si helse og velferd.

Figur 2-4 viser kor stor del av personane i kystkommunane som bur i låginnteksthushaldningar etter EU60[4]. Den viser at del personar i låginnteksthushaldningar varierer mellom kommunane og samanlikna med snittet for fylket og landet under eitt.



Figur 2-4: Låginntekt (hushaldningar) (EU60), prosent. Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank, FHI

I perioden 2011-2015 budde i snitt litt under 6 prosent av innbyggarane i Gulen i ein låginntektshushaldning, medan det i Fjaler, Bremanger og Flora budde over 10 prosent av kommunen sine innbyggarar i låginntektshushaldningar.

Fire av kommunane hadde ein mindre del innbyggarar i låginnteksthushaldningar enn fylket under eitt, og alle kystkommunane gjorde det betre enn det nasjonale snittet.

I perioden 2011 til 2015 har fylket under eitt fått ein større del innbyggarar i låginnteksthushaldningar. Dette er ei utvikling som går att i seks av kommune på kysten: Flora, Solund, Fjaler, Bremanger, Vågsøy og Selje. Tre av kystkommunane hadde derimot ein mindre innbyggardel som budde i låginnteksthushaldningar i 2015 enn i 2011. Desse tre er Gulen, Hyllestad og Askvoll.

[4] Personar i hushaldningar med inntekt under 60 prosent av nasjonal medianinntekt, berekna etter EU-skala. EU-skala er ein ekvivalsensskala som vert nytta for å kunne samanlikne hushaldningar av ulik storleik og samansetning.

Trivsel



Figur 2-5: Trivsel, 7. og 10. klasse. Prosent. Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank, FHI.

Figur 2-5 viser kor stor del av elevane i 7. og 10. klasse som trivst godt på skulen. Statistikken viser gjennomsnittet for perioden 2011/12 til 2016/17.

Auka trivsel er, i følgje Folkehelseinstituttet, eit sentralt mål for folkehelsearbeid (6). Skulen er ein svært viktig sosial arena for barn og unge. Det å trivast på skulen er ein av ei rekke faktorar som påverkar elevane sin motivasjon for å lære, og dermed deira evne til å meistra dei utfordringane som skulekvardagen gjev. På lenger sikt kan trivsel påverke fråfallet blant vidaregåandeelevar, sidan hol i kunnskapsgrunnlaget frå ungdomsskulen er ein viktig medverkande årsak til fråfall. Vidare kan skuletrivsel vere knytt til tilfredsheit med livet, spesielt for jenter (6).

Tala viser at det er noko variasjon i trivelsen i 7. og 10. klasse mellom kystkommunane. Men viktigast, og kanskje mest iaugefallande, viser tala at alle kystkommunane skårar likt eller lågare enn fylkessnittet på trivsel og i mange tilfelle også under landsgjennomsnittet.

Forventa levealder



Figur 2-6: Forventa levealder ved fødsel, etter kjønn, tid og kommune. Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank, FHI.

Forventa levealder er ein viktig peikepinn på korleis det står til med folkehelsa i ein kommune (7). Figur 2-6 viser forventa levealder for fødde i perioden 2001-2015 fordelt på kjønn og kommune, men inkluderer også tala for landet og fylket under eitt.

I kystkommunane er det, som elles i landet, stor variasjon mellom den forventa levealderen til menn og kvinner. Av tala kan ein også sjå at det er stor variasjon mellom kommunane. Eksempelvis forventar ein at ei kvinne født i Selje vil leve til ho er 84,4 år, men hadde kvinna vore født i Solund hadde den forventa levealderen henna vore meir enn 1,5 år lågare (82,8).

I alle kystkommunane er den forventa levealderen høgare for dei født i perioden 2001-2015 enn dei født tidlegare periodar. Denne utviklinga ser ein også på nasjonalt og fylkesnivå.

Psykiske lidingar

Ein annan variabel som gir innsikt i folkehelsa i kommunane er utbreiinga av psykiske helseplagar blant befolkninga, og då spesielt utbreiinga av psykiske lidingar. Psykiske lidingar påverkar tankar, følelsar, åtferd, veremåte og omgang med andre. Psykiske lidingar omfattar alt frå enkle fobiar og lettare angst og depresjonslidingar, til omfattande og alvorlege tilstandar som schizofreni. Ofte, men ikkje alltid, medfører psykiske lidingar høgare belastning enn psykiske plager (8).

Figur 2-7 viser tal personar i alderen 0-74 år som var i kontakt med fastlege eller legevakt når det gjeld psykiske lidingar per 1000 innbyggar per år. Statistikken viser gjennomsnittet for perioden 2013-2015.



Figur 2-7: Psykiske lidingar i primærhelsetenesta, per 1000. Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank, FHI

Tala viser at det i kystkommunane er forholdsvis stor variasjon i kor vanleg det er å ta kontakt med primærhelsetenesta om psykiske lidingar. Dette indikerer at psykiske lidingar er meir vanleg i nokre kommunar enn andre, men kan også bety at innbyggjarane i nokre kommunar har lettare for å ta kontakt med primærhelsetenesta om psykiske lidingar. Slike variasjonar kan eventuelt forklarast med for eksempel tilbodet som er tilgjengeleg (eksempelvis tal legar og helsesøstrer), avstand til dette og stigma rundt psykiske lidingar i den enkelte sitt miljø.

I Flora tek over dobbelt så mange per 1000 innbyggarar kontakt med fastlege eller legevakt når det gjeld psykiske lidingar samanlikna med Solund. Flora er også den einaste kommunen av dei ni der fleire har kontakt med primærhelsetenesta om psykisk helse enn det nasjonale snittet.

I kystkommunane har det frå dei siste åra blitt meir vanleg å ta kontakt med primærhelsetenesta om psykiske lidingar. Denne utviklinga finn ein i alle kommunane med unntak av Selje.

2.3 Samfunnsstruktur og offentlege funksjonar/tenester

Figur 2-8 under viser fordelinga av kva slags sektorar dei sysselsette i privat sektor arbeider innanfor. *«Tenesteyting i privat sektor»* og *«Industri»* sysselset flest personar i kystkommunane, med om lag 2400 sysselsette i kvar av desse næringsgruppene. *«Transport», «Handel»,* og *«Bygg og anlegg»* følgjer med mellom 1300 og 1700 sysselsette. Elles er 28 prosent av arbeidsplassane i kystkommunane innanfor administrasjon og tenesteyting i offentleg sektor. Denne delen er mindre enn i både fylket (33 prosent) og Noreg som heilskap (29 prosent).

I perioden 2010-2014 var sysselsetjingsutviklinga i privat sektor i kystkommunane på 219 personar. Denne veksten tilsvara *2* prosent, medan den i same periode var 1,3 prosent i fylket som heilskap og 4,8 i Noreg.



Figur 2-8: Sysselsette i privat sektor. Kjelde: SSB

Sjølv om det har blitt fleire sysselsette innanfor privat sektor er det også visse næringar som har fått færre sysselsette no enn før. Mest dramatisk er tapet av om lag 200 arbeidsplassar innanfor jordbruket, og om lag 100 innanfor fiskeri (sjå figur 2-9 under). I kommunane tapar ein også arbeidsplassar innanfor handelsnæringa i denne perioden. Dei viktigaste vekstnæringane er *Bygg og anlegg* og *Tenesteyting i privat sektor.*

Det er elles verdt å merke seg at nokre av dei næringane som blir spesielt trekt fram i denne strategiske planen, havnæringa og reiselivsnæringa, har relativt svak sysselsetjingsutvikling i denne perioden. Til saman skapar desse to næringane om lag 50 nye arbeidsplassar.



Figur 2-9:Utviklinga i privat sektor 2010-2014

Offentleg tenester

Del tilsette i dei ulike delane av kommunal sektor varierer. Figur 2-10 syner korleis dei kommunalt tilsette fordeler seg i dei ulike delane av kommunal sektor som kommuneadministrasjon, helse- og sosialtenester, barnehagar og tekniske tenester. I Askvoll er 6 prosent av dei tilsette tilsett i kommuneadministrasjonen, medan det i Solund er heile 18,8 prosent av dei tilsette som arbeider i kommuneadministrasjonen. Del sysselsette i barnehagane varierer mellom 7,5 til 14,9 prosent.



Figur 2-10: Kommunalt tilsette, 2016

Det er forholdsvis liten variasjon i delen av dei kommunalt tilsette som er tilsett i grunnskulen. I alle dei ni kystkommunane er delen mellom 18,9 og 24,6 prosent. Innan helse- og sosialtenester varierer delen av dei kommunalt tilsette mellom 42,9 og 53,7 prosent.

Figuren seier ikkje noko om *kor mange* som er tilsett innanfor dei kommunale sektorane, men kor stor del av dei kommunalt tilsette som arbeider innanfor kvar sektor.

Utdanning

Figur 2-11 syner ei oversikt over alle grunnskulane og dei vidaregåande skulane i kystkommunane per 1. november 2017.

Som ein ser av kartet vil det for enkelte vidaregåande elevar vere eit stykke til det skuletilbodet ein ynskjer å gå på, og dette fører til at mange elevar bur på hybel.

Estimat frå fylkeskommunen viser at det er stor variasjon i kor stor del av dei vidaregåande elevane frå kommunane som bur på hybel. Blant kystkommunane er det Flora (12 prosent), Fjaler (17 prosent) og Vågsøy (21 prosent) som har den lågaste delen elevar n på hybel. Deretter følgjer Selje (41 prosent), Askvoll (47 prosent), Hyllestad (48 prosent), Bremanger (72 prosent), Gulen (89 prosent) og Solund, (90 prosent). Det samla talet for fylket er 20 prosent, altså at 1 av 5 elevar frå fylket bur på hybel.[5]



Figur 2-11: Grunnskulane og vidaregåande skular i kystkommunane pr. november 2017

Etter ein elev har fullført vidaregåande skule kan ein studere vidare på kysten. Fagskulen i Sogn og Fjordane har ei avdeling i Måløy som tilbyr toårig dekks- og maskinoffiserutdanning. Høgskulen på Vestlandet har to studietilbod i Florø: eit innan havteknologi og eitt innan allmenn maskinteknikk.

Behovet for skular – både barneskular, ungdomsskular og vidaregåande skular vil kunne endre seg i takt med endringar i tal elevar i skulepliktig alder, samt i vidaregåande alder. Behovet blir også påverka av kvar barn og unge bur og ikkje minst kva utdanningsynskjer ungdommen har og kva behov næringslivet og samfunnet elles har. Dette er det knytt stor usikkerheit til, og det kan derfor vere meir hensiktsmessig å sjå på kvaliteten på skuletilbodet som blir gitt i kommunane.

Ei lang rekke studiar frå ulike land og tidsperiodar har vist at elevar sin familiebakgrunn, eksempelvis foreldra si utdanning, påverkar kor godt eleven gjer det på skulen (9). SSB har derfor, på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, berekna kor mykje skulane i ein kommune bidreg til elevane si læring[6].

Kommunebidragsindikatoren fortel kva resultat ein skule ville ha fått, dersom deira elevgrunnlag var gjennomsnittleg (med tanke på dei elevkjenneteikna som er inkludert i berekninga).

---

[5] Dette er estimat frå fylkeskommunen si side. Vi kan ikkje garantere 100 prosent datakvalitet, så tala bør nyttast med forsiktigheit. Gjeld elevar i ordinær klasse.

[6] Les meir om undersøkinga her: https://www.ssb.no/utdanning/sporsmal-og-svar-om-skolebidragsindikator

Kommunebidragsindikatoren på små- og mellomtrinnet er eit mål på skulen i kommunen sitt bidrag til elevane sine grunnleggande ferdigheiter i engelsk, lesing og rekning.

Figur 2-12 og 2-13 syner kommunebidraga til alle kommunane i Sogn og Fjordane i småskulen og på mellomtrinnet. Skalaen for kommunebidrag går frå 1 til 6, og dess høgare resultat dess meir bidreg skulane i kommunen til elevane si læring. Landsgjennomsnittet er satt til 3,4, og resultat over dette snittet reknast som godt.



Figur 2-12: Kommunebidrag i småskulen

Figur 2-12 syner at det berre er Askvoll som presterer over landsgjennomsnittet på 3,4, medan dei resterande åtte ligg under landsgjennomsnittet. Ein ser også at dei same åtte kystkommunane er i nedre halvdel av kommunane i fylket. Dette betyr at dei fleste kystkommunane bidreg mindre til elevane si læring enn landssnittet og at skulane i kystkommunane bidreg mindre til elevane si læring samanlikna med andre kommunar i fylket.



Figur 2-13: Kommunebidrag på mellomtrinnet

Når ein ser på kommunebidraget på mellomtrinnet endrar kommunebidraget i kystkommunane seg betydeleg. På mellomtrinnet ligg alle kommunane på eller over landssnittet og berre to av kystkommunane presterer i nedre halvdel av kommunane i Sogn og Fjordane.

Det er viktig å merke seg at kommunebidrag og faktiske skuleresultat ikkje er det same. Ein kommune kan ha gode resultat på nasjonale prøvar og gode eksamensresultat, men skulebidraget i kommunen kan likevel vere lågt.

Helse og omsorg

Norske kommunar skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen, får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester (10). Kommunehelsetenesta skal syte for allmennlegetenester, irekna legevakt, fysioterapiteneste, sjukepleieteneste med helsesøsterteneste og heimesjukepleie, jordmortenester samt sjukeheimar eller anna tilbod med heildøgns pleie- og omsorgstenester (11). I tillegg har kommunane ansvar innanfor førebuande og helsefremjande arbeid.

Figur 2-14 og 2-15 viser del tenestemottakarar som tok imot heimetenester og sjukeheimsplass 0-15 dagar etter vedtaksdato[7]. Eksempel på helsetenester i heimen kan vere heimesjukepleie, fysioterapi, ergoterapi og psykisk helseteneste. Indikatorane viser om kommunane oppfyller vedtak som er fatta og om det er samsvar mellom tenester og behov.

Av figur 2-14 ser ein at del brukarar som tek imot heimetenester innan 15 dagar etter at vedtak om heimetenester er fatta varierer mellom kystkommunane. I nokre kommunar, som Solund, Hyllestad og Flora, fekk alle eller tilnærma alle heimetenester innan 15 dagar etter at vedtak om heimetenester var slutta. I Fjaler var det derimot 8 prosent som fekk heimetenester meir enn 15 dagar etter av vedtaket var slutta.

[7] Gjennomsnittet for Solund er basert på åra 2010, 2014, 2015 og 2016 sidan tal for 2011-2013 ikkje er tilgjengeleg.



Figur 2-14: Ventetid på heimetenester. Kjelde: Helse Norge

Det kan også vere interessant å sjå på ventetida på sjukeheimsplass. Figur 2-15[8] viser at vedtak om langtidsoppgald i institusjon i seks av kystkommunane skjer innan 15 dagar i over 90 prosent av tilfella. I dei tre kommunane Askvoll, Fjaler og Gulen gjekk det i høvesvis 20,4 %, 17,3 % og 21,9 % av tilfella meir enn 15 dagar før brukaren fekk langtidsopphald.



Figur 2-15: Ventetid på sjukeheimsplass. Kjelde: Helse Norge

Kommunane har ikkje ansvar for spesialisthelsetenestene. Dette ansvaret ligg hjå Helse Førde som administrerer sjukehus og institusjonar i Sogn og Fjordane. Den einaste behandlingsstaden som er lokalisert i kystkommunane ligg i Flora kommune. Tilbodet i Flora handlar om rus, avhengigheit og psykisk helse.

[8] Gjennomsnittet for Solund er basert på åra 2014, 2015 og 2016 sidan tal for resten perioden ikkje er tilgjengeleg.

Ansvaret for ambulansetenesta i kyststrøka av Sogn og Fjordane ligg også hjå Helse Førde. Unntaket er Gulen der ambulansetenesta ligg under Helse Bergen [3]. Helse Førde har ambulansestasjonar på desse stadane i desse kystkommunane: Fjaler, Florø, Selje, Bremanger, Vågsøy, Svelgen, Vågsøy og Ytre Bremanger.

I tillegg har Helse Førde tre ambulansebåtar på kysten. Ein i Hardbakke som dekkjer Solund, Gulen og delar av Sognefjorden, ein i Askvoll som primært dekkjer øyane i Askvoll, men som også er back-up for «samstundeskonflikter» i Solund og ein i Florø som dekkjer Florø-bassenget, men som også tek oppdrag frå delar av Bremanger. Den siste båten er kombinert rutebåt og ambulansebåt. Dessutan har Helse Førde ei avtale med Redningsselskapet om å utføre om lag 10 oppdrag i øyane i Vågsøy. Dette er ikkje ein fullverdig ambulansebåt, men eit supplement til den etablerte akuttmedisinske beredskapen.

Tabell 2-4 under syner ei oversikt over utrykkingstid frå ambulansestasjon, og reisetid til nærmaste sjukehus og legevakt. Utrykkings- og reisetida viser kor mange timar, minutt og sekundar som er tilstrekkeleg for å nå 90 prosent av befolkninga i ein kommune (12).

Tabell 2-4: Reisetid til ambulansestasjon, sjukehus og legevakt. Kjelde: Helsedirektoratet

	Ambulansestasjon	Sjukehus	Legevakt
Vågsøy	00:13:00	01:14:00	01:07:00
Solund	00:16:00		00:17:00
Selje	00:22:00	01:28:00	00:52:00
Bremanger	00:27:00	02:39:00	01:07:00
Flora	00:29:00	01:16:00	00:31:00
Fjaler	00:30:00	01:19:00	01:19:00
Hyllestad	00:32:00	01:27:00	01:27:00
Askvoll	00:34:00	01:10:00	01:10:00
Gulen	00:55:00	02:25:00	01:59:44

Utrykkingstida for ambulanse varierer stort i kystkommunane. Vågsøy har den kortaste utrykkingstida på 13 minutt, medan Gulen har den lengste utrykkingstida på 55 minutt. Gulen er også den kommunen som har lengst reisetid til legevakt, medan Bremanger er den kommunen som har lengst reiseveg til sjukehus. Seks av kommunane har reisetid mellom ein og to timar til nærmaste sjukehus, medan to av kommunane har mellom to og tre timar til nærmaste sjukehus. Tre av kommunane har mindre enn ein time til nærmaste legevakt, medan dei resterande seks har mellom ein og to timar til nærmaste legevakt.

2.4 Bustad og næring i 100-metersbeltet

Strandsona er eit prioritert tema i plan- og bygningslova som seier at det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Plan og bygningslova definerer også med visse unntak, eit generelt byggeforbod i 100-metersbeltet langs sjøen.

Dei statlege planretningslinjene for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen (13) legg opp til geografisk differensiering der vernet vert gjort strengare i sentrale område med stort press på areal. Kystkommunane er delt i tre kategoriar med geografisk differensiering, der vernet er gjort strengast i sentrale område der presset på areala er stort. Sogn og Fjordane er i gruppa med mindre press på areala, dvs. kategori tre.

For å kunne fråvike byggjeforbodet i 100-metersbeltet må kommunen fastsetje byggjegrenser mot sjø (jf. pbl. § 1-8 tredje ledd). Byggjegrenser må fastsetjast for nye område som er tenkt lagt ut til utbygging i ny kommuneplan og område som er sett av til utbygging i gjeldande kommuneplan.

I regjeringa sitt dokument «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» (14) er det tre punkt som er særskilt relevante for strandsona (utdrag):

- Fylkeskommunane og kommunane identifiserer viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tek omsyn til desse i regionale og kommunale planar. Den tilgjengeleg kunnskapen blir teken aktivt i bruk, og ein trekkjer fram og tek omsyn til dei samla verknadene.
- Fylkeskommunane og kommunane samarbeider om planlegging for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnarskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar. Ein set av nok areal til næringsutvikling som bidreg til behova i næringslivet, og som er lokaliserte utifrå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet blir sett i eit regionalt perspektiv.

Funksjonell strandsone

I Hordaland, er fastsetjing av funksjonell strandsone ein viktig strategi i strandsoneforvaltninga og dei har ein eigen rettleiar til føremålet (15). Som grunnlag for denne fastsetjinga av funksjonell strandsone må det gjerast lokal kartlegging av økologiske, topografiske og bruksmessige tilhøve. I kommunane si arealplanlegginga er den funksjonelle strandsona eigna for å fastsetje byggjegrenser mot sjø i område der utbygging skal tillatast. Funksjonell strandsone er også nytta som eit grunnlag for bruk av arealføremål og eventuell bruk av omsynssone som vil vere retningsgjevande for forvaltninga av areala.

Hordaland har eigen strandsonerettleiar, og funksjonell strandsone er i Hordland definert slik:

"Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet."

Tilgjengeleg strandsone i kystkommunane

Kysten av Sogn og Fjordane har mykje strandsone. Ein stor del av den er urørt, samstundes som mykje av den er ikkje tilgjengeleg for ferdsel. SSB har gjort berekningar av arealstatus i strandsona, tabell 2-5.

Tabell 2-5: Arealstatus i Strandsona pr. 1. januar 2017. SSB.

Arealstatus i strandsona og fordeling av tekniske inngrep. Status per 1. januar. Kommune. Prosent					
2016	**Alle hellingsgrader**			**Ikkje veldig stor helling (<25)**	**Veldig stor helling (>25)**
Kommune	**Vegareal**	**Dyrka mark**	**Bygningsnært areal < 50 m**	**Potensielt tilgjengeleg strandsoneareal**	**Potensielt tilgjengeleg strandsoneareal**
Flora	2,7	10,8	17	44,9	24,6
Gulen	1,9	9,1	10,8	64,7	13,5
Solund	0,7	6,4	6,2	58,5	28,2
Hyllestad	2,2	13,7	10,5	48,6	25
Askvoll	2	21,5	11	52,1	13,3
Fjaler	2,3	18,8	16,3	49,1	13,5
Bremanger	2,8	15,4	10	38,2	33,5
Vågsøy	3,3	12	19,3	30,7	34,8
Selje	2,7	22,4	11,4	30,6	32,8

Tabell 2-5 viser at mellom 30 prosent og 60 prosent av kystkommunane sine strandsoner er potensielt tilgjengelege når ein tek vekk areal som er veg, dyrka mark, nær eksisterande bygning eller bratt. Det er viktig å merke seg at SSB snakkar om potensielt tilgjengeleg areal. Det vil seie at nærmare undersøkingar må gjerast for å finne ut om potensialt i realiteten er til stades.



Figur 2-16: Byggeaktivitet i strandsona (100-metersbeltet) og utviklinga sidan 2013. Kjelde SSB .

Av figur 2-16 ser vi at samla byggeaktivitet (igangsettingsløyve) i strandsona er på veg ned. Desse tala gjeld for heile fylket. Her ser ein reduksjon på mellom 20 og 30 prosent berre frå 2013 til 2015. Om

grunnen til nedgangen er at kommunane/Fylkesmannen har stramma inn bruken av strandsona eller om dei beste areala er tatt i bruk, er usikkert. I og med at nedgangen er gjennomgåande for heile landet, kan grunnen også vere økonomiske nedgangstider og mindre investeringslyst generelt.

I dialog med temagruppene, vert det påpeika at mange opplever at det er vanskeleg å få disponere strandsone til utbygging og at auka tilgang til å bruke strandsona vil kunne opne for meir utvikling på kysten.

Område som er verna eller bandlagt

Mange ulike vern, bandlegging eller omsyn regulerer arealbruken i strandsona. Døme er naturreservat, fuglefredingsområde, viktige naturtypar, utvalde naturtypar, trua dyre og planteartar, område for friluftsliv med meir. Samla oversyn over desse er tilgjengeleg på Fylkesatlas (16).



Figur 2-17: Døme frå fylkesatlas for kommunane Selje og Vågsøy, der ulike verneføremål og naturtypar er vist. Kjelde: Fylkesatlas

Kommuneplanlegging

Det er kommunane som styrer arealbruken gjennom sine kommuneplanar. Kommunane utarbeider planane og regionale og nasjonale styresmakter vurderer planarbeida opp mot sine regleverk og kan gjennom motsegn setje krav til kommunane si planlegging.

Under følgjer ei oversikt som viser status på kommunane sin areal og samfunnsplanlegging.



Figur 2-18: Planstatus i kommunane pr. desember 2017. Kjelde: Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I samtaler med temagruppene vert kommuneplanar som ikkje er godt nok oppdatert trekt fram som den største utfordringa for arealbruken i strandsona. Arealbehovet som var gjeldande når planen vart utarbeidd, kan etter få år vere endra. Det er også vanskeleg for kommunane å føresjå arealbehova langt fram i tid. Mange planar er også svært detaljerte, noko som gjer at det er krevjande rammer for kva som kan gjerast utan å måtte gå via ein dispensasjon. Ei samla framstilling av kommunane sin planlagde arealbruk i strandsona ville kunne avdekke ulikskap i vurderingane i sjøområde og bidra til eit meir overordna blikk på den samla ressursen som strandsona er på kysten.

2.5 Kulturen på kysten

Sogn og Fjordane skal vere eit attraktivt og godt fylke å bu og leve i, arbeide i og besøke, og fylket skal ha kulturopplevingar som gir eit rikare liv og byggjer identiteten vår (17).

Kultur kan vere med på å binde folk saman, og det er understreka i planprogrammet til regional plan for kultur at arbeidsinnvandrarar, flyktningar og tilflyttarar skal oppleve å vere ein del av samfunnslivet der dei bur, og at kultur- og fritidstilbod som legg til rette for gode møteplassar er viktige bidrag i dette arbeidet. Kulturfeltet vil kunne stimulere til innovasjon og nytenking, kunnskapsdanning, personleg vekst og trivsel, og til å bygge identitet og samhøyre (17). Slik kan kultur vere med å løyse sentrale utfordringar som kysten i fylket står ovanfor.

Norge er ein kystnasjon, der store deler av befolkninga opp gjennom historia har henta inntektsgrunnlaget sitt frå næringar knytt til sjøen. Dette har skapt eit mangfald av kulturminne langs kysten. Nokre eksempel er Vonens hus (gardstun i Fjaler), Ausevik (bergkunst i Flora), Øn kyrkjestad (Hyllestad), Selje kloster og helgenanlegg (Selje), Utvær fyrstasjon (Solund), Vågberget (handelsanlegg i Vågsøy), Sellevåg treskofabrikk (Gulen) og Vingenfeltet (bergkunst i Bremanger). Dessutan ligg Sogn og Fjordane sin tusenårsstad, Gulatinget, i Gulen kommune. I tillegg til kulturminne finst det også mange freda bygningar. Ei oversikt over kulturminne og freda bygningar i kystkommunane finst i kartet til høgre.



Figur 2-19: Oversikt over kulturminne og freda bygningar i kystkommunane. Kjelde: Fylkesatlas

Kulturminne, freda bygningar og liknande kan gi grunnlag for næringsutvikling, reiseliv og aktivitetar for innbyggjarane på kysten. Dei kan også byggje opp stoltheit og identitet. Slik kan kulturminne, freda bygningar og liknande bidra til at både tilreisande og dei som bur i kystkommunane får ei kjensle av at staden er interessant. Kultur kan med andre ord auke kysten sin konkurransekraft i reiselivsnæringa og bidra til at fastbuande opplever staden som spennande og levande.

Pr. desember 2017 hadde ingen av kommunane på kysten ein ferdigstilt kulturminneplan, men ein av kommunane, Flora, har med forvaltning av kulturminne som ein del av kommuneplanen sin samfunnsdel. I tillegg har Flora ein eigen handlingsplan for kulturminne som ligg som vedlegg til kommuneplanen sin arealdel (18).

Samtidig er ikkje mange kulturminne og freda bygningar nok til at verken tilreisande og fastbuande opplever kysten som eit rikt kulturområde. Norsk kulturindeks skildrar kulturtilbod og kulturaktivitet i alle dei norske kommunane ved å ta utgangspunkt i ti kategoriar: kunstnarar, kulturarbeidarar, museum, konsertar, kino, bibliotek, scenekunst, kultur for barn og unge (kulturskule og den kulturelle skulesekken (DKS)), sentrale tildelingar og frivilligheit. Denne indeksen kan nyttast for å sei noko om kulturtilstanden i dei ni kystkommunane.

Alle kommunar har ulike føresetnader for å gje innbyggarane eit godt kulturtilbod. Kommunen sine utgifter til kultur, kor stor del av befolkninga som har høgare utdanning, del besøksnæring, folketal, arbeidsmarknadsintegrasjon, netto utpendling, del offentleg tilsette og om kommunen har høgskule/universitet og kulturhus påverkar kommunen sine føresetnader. I tabellen under er ei oversikt over kystkommunane sine føresetnader å ha eit høgt kulturnivå i kommunen.

Tabell 2-6: Kystkommunane sine strukturelle føresetnader, 2016. Kjelde: Telemarksforsking, SSB og KOSTRA

	Kulturutgifter pr. innbyggar (u/ idrett)	Del av befolkninga som har høgare utdanning	Del besøks-næring	Folketal	Arbeids-marknads-integrasjon	Netto utpendling	Del offentlege tilsette	Høgskule/ universitet	Kultur-hus
Snitt heile landet	1712 kr	27 %	21 %	12070	0	15	37 %		
Median, heile landet	1427 kr	26 %	20 %	4675	-7	13	37 %		
Selje	237 kr	21 %	13 %	2752	-18	18	35 %	0	0
Vågsøy	963 kr	25 %	16 %	6082	-29	-1	27 %	0	1
Bremanger	2505 kr	22 %	12 %	3890	-34	13	38 %	0	0
Flora	1344 kr	28 %	17 %	11862	-31	7	29 %	0	1
Askvoll	679 kr	26 %	19 %	3008	-20	24	37 %	0	0
Fjaler	1288 kr	33 %	17 %	2823	-11	6	36 %	0	0
Hyllestad	1804 kr	23 %	9 %	1405	-4	-3	31 %	0	0
Solund	1794 kr	21 %	10 %	800	-34	11	37 %	0	0
Gulen	1043 kr	24 %	13 %	2335	-10	1	34 %	0	0

Tabellen syner at det er stor variasjon i kystkommunane sine føresetnader for å gje innbyggarane på kysten eit godt kulturtilbod. Eksempelvis brukar tre av kommunane (Bremanger, Hyllestad og Solund) meir enn landsgjennomsnittet på kultur. Resten av kommunane brukar betydeleg mindre på kultur, og Selje brukar berre 237 kroner på kultur pr. innbyggar. Kommunen som brukar mest pengar på kultur brukar over 10 gonger meir pr. innbyggar enn kommunen som brukar minst pengar på kultur pr. innbyggar.

Det er ikkje oppgitt tal for kvart av fylka, men Sogn og Fjordane kom på 11. plass av landet sine 19 fylker.

Figur 2-19 under syner kystkommunane si forventa og faktiske rangering i Norsk kulturindeks. Oversikta syner at kystkommunane har både svært ulike føresetnader for å score godt på kulturnivå, og ikkje minst svært ulik faktisk rangering (19). Fjaler er den av kystkommunane som har høgast plassering (107), medan Selje er den kommunen med lågast plassering (370). Felles for alle



Figur 2-20: Forventa og faktisk plassering på Norsk kulturindeks. Kjelde: Telemarksforsking. Kystkommunane er markert med gul ring rundt kommunenamnet.

kystkommunane er at alle har ein lågare plassering enn forventa, men avviket mellom forventa og faktisk plassering varierer stort. I åtte av dei elleve kulturkategoriane ligg ein eller fleire av

kystkommunane blant dei 100 beste kommune. Desse kategoriane er kunstnarar (Askvoll 90. plass og Fjaler 28. plass), kulturarbeidarar (Hyllestad 77. plass), konsertar (Bremanger 62. plass), scenekunst (Flora 80. plass og Solund 62. plass), kulturskule (Gulen 86. plass, Vågsøy 81. plass, Flora og Askvoll 46. plass, Bremanger 40. plass, Fjaler 22. plass og Solund 8. plass), tildelingar (Askvoll 96. plass og Fjaler 3. plass), frivilligheit (Bremanger 7. plass og Solund 3. plass) (19).

2.6 Beredskap og kriser

Gjeldande overordna planar

Risiko- og sårbarheitsanalysa for Sogn og Fjordane (fylkes-ROS) 2017 (20) viser at Sogn og Fjordane ligg utsett til for vêr og vind, og det påverkar òg risiko og sårbarheit. Vi vert jamleg råka av hardt vêr og naturhendingar som flaum og skred. Som andre fylke har vi òg eit stort etterslep i vedlikehaldet av infrastruktur, ikkje minst på vegnettet. Det bidreg til å forsterke utfordringane som naturen byr på.

I fylkes-ROS 2017 er det òg teke høgde for uønskte hendingar som skuldast at nokon med vitande og vilje prøver å påføre andre skade; terror og IKT-angrep. Det er ikkje nokon grunn til å tru at risikoen for terror er høgare i Sogn og Fjordane enn andre stader, sannsynlegvis tvert om. Offentlege og private aktørar vert jamleg utsett for IKT-angrep. Det er difor viktig å vere medviten om det, og ta høgde for det gjennom til dømes beredskapsplanar.

Fylkes-ROS gir eit oversyn over risiko og sårbarheit i fylket. Fylkes-ROS er slik eit bidrag til å gi kommunane eit kunnskapsgrunnlag i sitt arbeid med å gjere lokalsamfunna trygge. Analysen bidreg òg til å danne ei felles plattform for å førebygge uønskte hendingar.

Det offentlege sitt ansvar

Regjeringa understrekar i Stortingsmelding 10 (2016-2017) (21) at styresmaktene har eit særskilt ansvar for tryggleiken til folk. Ressursar og innsats frå det offentlege utgjer kjernen i samfunnstryggleiksarbeidet. Bidrag frå privat næringsliv, frivillige organisasjonar, lokalsamfunn og enkeltpersonar er likevel viktig for evna som samfunnet har til å førebyggje og handtere kriser. Som innbyggjarar og enkeltpersonar har vi eit ansvar for eigen tryggleik, og samstundes eit medansvar for samfunnet si evne til å stå i mot påkjenningar.

Etter lov om helsemessig og sosial beredskap har både kommunane og spesialisthelsetenesta plikt til å lage beredskapsplanar for dei tenestene dei har ansvar for. For kommunane vil det seie både primærhelsetenester, pleie- og omsorgstenester og sosiale tenester. Planplikta gjeld kriser og katastrofar i fred og krig. Beredskapsplanar skal baserast på ROS-analysar, og lova med forskrift set òg kompetansekrav, krav til kvalitetssikring og til operativ leiing.

Behov for felles planar strategiar og infrastruktur

I høve kysten sine særskilte utfordringar har fylkes-ROS ein del kystrelaterte tema. I fylgje fylkesmannen si beredskapsavdeling er utfordringane ulike mellom ytre og indre i fylket og kystbefolkninga er truleg meir «trena» i å takle ekstreme situasjonar fordi dei opplever at været i større grad styrer kvardagslivet. Det er også slik at til dømes helikopter lettare kjem seg fram på kysten enn i innlandet når ekstremværet rasar.

På spørsmål om kva kysten kan vere særskilt utsett for, svarar beredskapsavdelinga følgjande:

- Svikt i kritisk infrastruktur med til dømes stenging på særskilt sårbare strekningar.

- Helseberedskap med avhengigheit av teknisk utstyr.
- Kvar er det nødnettdekning - problem med dekning. Skal fungere der det bur folk.
- Solund og Gulen – kor raskt kjem nødetatane fram.
- Tunellar - beredskap, mobildekning med meir.
- Få innsatspersonell ut på kysten kan vere utfordrande.
- Oljeutslepp.
- Særskilte verksemder som til dømes Bremanger smelteverk ulike bedrifter i Florø, Gulen-Sløvåg.

Hendingar som skjer særskilt på kysten:

- Drukning
- Forlis
- Fiskebåtar frå lokalsamfunn på kysten her som går ned på fjerne hav

På kysten bør ein ha særskilt fokus på:

- Båtberedskap og samferdsel slik at ein får personell dit personell må, samme kor dei kjem frå.
- Arbeide med felles utfordringane i forhold til å ha beredskap for øysamfunn.
- Få fram konsekvensane for små kystsamfunn når eit tilbod forsvinn.

2.7 Aktuelle strategiområde/potensial for utvikling

Regional planstrategi (RPS) 2016-2020 slår fast at svak folketalsvekst, alders- og kjønnsubalanse, inkludering og levekår er nokre av fleire utfordringar som fylket står ovanfor. Dette er også utfordringar som gjeld i kyststrøka av fylket.

Svak folketalsutvikling er ei utfordring for kysten blant anna fordi rammevilkår frå staten er styrt ut frå folketal, noko som gjev svekka økonomi til fylkeskommunen og til (kyst)kommunane (1). Dei siste seks åra har folketalsutviklinga vore svakare på kysten enn i fylket som heilskap.

For å oppnå folketalsvekst må talet på fødde, innflyttarar og innvandrar vere høgare enn talet døde, utflyttarar og utvandrarar. Ein må med andre ord få fleire til å bli og færre til å flytte. Talet på døde er vanskeleg å gjere noko med, men talet på fødde kan til ei viss grad påverkast ved å få fleire kvinner i fruktbar alder til å bli/flytte til kysten samt legge til rette for at folk skal få (fleire) barn.

Det å få fleire kvinner til å flytte til kysten er ikkje berre viktig for å legge til rette for at fleire born blir fødde i kystkommunane, men også for å rette opp i ein kjønnsubalanse og for å sikre ei god alderssamansetjing av befolkninga. Flyttematrisene tidlegare i kunnskapsgrunnlaget viser at om ein ynskjer større befolkningsvekst i kystkommunane er det størst rom for forbetring å trekkje fleire kvinner, samt å minke utflyttinga og auke innflyttinga i aldersgruppa 19-29 år.

Bo- og flyttemotivundersøkelsen (22) viser at arbeid i større grad blir brukt som grunngjeving for å flytte til og bli buande i dei perifere distriktsregionane enn i andre typar regionar. Tilhøyrsel og stadidentitet viser seg, ved sidan av arbeid, å ha stor tyding for at folk blir buande. Bustad blir i lita grad brukt som motiv for å flytte til dei perifere distriktsregionane. Arbeid, tilhøyrsel og stadidentitet bør være satsingsområde på kysten for å auke folketalet.

Sysselsettingsutviklinga i privat sektor er betre på kysten enn veksten i fylket, men svakare enn i landet. Fleire av næringane innanfor privat sektor ser ut til å ha potensial for utvikling både med tanke på verdiskaping- og sysselsettingsvekst (sjå meir om dette i kapittel 3 – Næringane på kysten). Det å få på plass fleire tilbod om høgare utdanning på kysten vil kunne bidra til at fleire i aldersgruppa 19-29 år blir buande og at fleire flyttar til. Styrking av BAS-regionane på kysten kan føre til auka innflytting/innvandring og mindre utflytting/utvandring.



Figur 2-21: Bustadattraktivitet i kystkommunane 2007-2016. Kjelde: Telemarksforsking

Bustadattraktivitet er eit mål som forklarar den delen av innflyttinga og utflyttinga frå ein kommune som ikkje forklarast av strukturelle villkåra for flytting og arbeidsmarknaden. Det forklarar med andre ord den uventa innflyttinga og utflyttinga. Som ein ser av figur 2-21 har dei ni kystkommunane har svært ulik bustadattraktivitet (23). Figuren viser drivkrefter for nettoflytting, bustadattraktivitet og fødselsbalanse i kommunane i Sogn og Fjordane i perioden 2007-2016. Rangering blant dei 426 kommunane med omsyn til bustadattraktivitet til venstre. Kystkommunane er markert med gul ring kring kommunenamnet.

Av figuren ser vi at det berre er Askvoll og Bremanger som har positiv bustadattraktivitet, dei resterande sju kystkommunane sin bustadattraktivitet er negativ. Det at bustadattraktiviteten var negativ vil sei at dei strukturelle villkåra og arbeidsmarknaden låg til rette for meir innflytting og lågare utflytting er det som var det faktiske resultatet.

Det å snu den negative bustadattraktiviteten til positiv bustadattraktivitet eller i det minste å minske den negative effekten av bustadattraktivitet er eit viktig ledd i arbeidet for å nå auka folketalsvekst. Det er ikkje nok å styrke arbeidsmarknaden, tilgangen til bustadtomter, kommunale tenester, fritidstilbod og natur, omdømme og stadidentiteten m.m., så lenge ein har ein negativ bustadattraktivitet.

Det har i mange år vore den gjengse oppfatning at kommunar med mykje kultur er meir attraktive for innflyttarar enn kommunar med lite kultur. Denne «sanninga» er endra – det viser seg at satsing på kultur påverkar tilflyttinga. Dei får riktig nok ikkje fleire innbyggarar, men kommunar med mykje kultur frå fleire med høgare utdanning (24). Men sjølv om kultur ikkje fører til auka bustadattraktivitet så er kultur eit verkemiddel for inkludering og for at både besøkande og fastbuande skal oppleve staden som interessant og levande.

Eit anna potensial for utvikling er betre inkludering av innvandrarar, enten det er arbeidsmigrantar, asylsøkjarar eller flyktningar. Betre inkludering vil kunne føre til at færre flyttar frå kystkommunane etter ei tid.

Eit av delmåla for strategien er å utvikle attraktive lokalsamfunn langs kysten, med vekt på busetnad, trivsel, arbeidsplassar, utdanning og berekraftig bruk av natur- og kulturressursane. Kysten sine lokalsamfunn har potensial for utvikling, og arbeidet mot dette vil vere eit aktuelt strategiområde.

Når det gjeld bustad og næring I 100-metersbeltet er følgjande moglegheiter identifisert:

- Det ser ut til at det er potensielt store areal tilgjengeleg i strandsona på kysten, men vi veit lite om det i realiteten er slik. Potensialet kan avklarast gjennom kommunal/interkommunal eller samordna arealplanlegging.
- Kommunane handterer strandsona gjennom oppdatert arealplanlegging
- Felles visualisering av planlagd arealbruk vil kunne avdekke meir
- Oppdaterte arealplanar vil gje større potensial for utvikling og raskare handtering av arealspørsmål

Når det gjeld beredskap og kriser bør ein på kysten ha særskilt fokus på:

- Båtberedskap og samferdsel slik at ein får personell dit ein må,
- Arbeide med felles utfordringane i forhold til å ha beredskap for øysamfunn.
- Få fram konsekvensane for små kystsamfunn når eit tilbod forsvinn.

3 Næringane på kysten

3.1 Samandrag

I følgje regjeringa sin havstrategi (25) er Noreg er i verdstoppen innan avansert olje- og gassutvinning, skipsfart og eksport av fisk og sjømat, med ein leverandørindustri heilt i verdsklasse. Noreg er også i front når det gjeld havforsking og ansvarleg forvaltning av havet sine ressursar. Alt dette er viktige næringar på kysten av Sogn og Fjordane, men med varierande storleik både når ein ser på sysselsetting, omsetnad og verdiskaping. Også her i fylket ser ein aukande grad av samarbeid mellom dei ulike bransjane. Dette vert trekt fram som ein viktig suksessfaktor for framtida.

Gjeldande planar og kunnskapskjelder

Fylkeskommunen har Verdiskapingsplanen (2014) som det sentrale verktøyet i arbeidet for å gi næringsvekst. Planen er opptatt av at arbeidsplassveksten må skapast gjennom ringverknader frå dei sterke primær- og sekundærnæringane vi har. Planen har eigne satsingar innan mellom anna:

- Kunnskap, for mellom anna å styrke kvaliteten og relevansen på forsking og utdanning til auka nytte for næringsliv og offentleg forvaltning.
- Fornybar energi, mellom anna for å auke lokale leveransar, innovasjon og kunnskapsutvikling basert på lokale ressursar.
- Sjømatnæringar, for mellom anna å auke verdiskapinga i verdikjeda frå hav til bord.
- Reiseliv, for å auke verdiskapinga på ein berekraftig måte og skape fleire heilårs arbeidsplassar.
- Olje/gass, for å skape vekst i petroleumsrelatert verksemd i fylket,
- Landbruk, for å auke verdiskapinga basert på lokale ressursar.

I tillegg til Verdiskapingsplanen har fylkeskommunen ei rekke andre planar og strategiar som også er viktige premissgjevarar for næringsutviklinga. Andre viktige planar er Regional transportplan og regional plan for klima og miljø (blir erstatta av Regional plan for klimaomstilling frå sommaren 2018). Desse planane er omtalt i andre kapittel.

Kunnskap, analysar og erfaringar

Regjeringa sin Havstrategi (25) (2017) legg opp til stor vekst innan havnæringane. Kystkommunane har sterke aktørar innan både maritime, marine og olje/offshore/petroleumsnæringane og Sogn og Fjordane har ei viktig rolle. Samstundes viser analysar at det både er store utfordringar og store moglegheiter for vekst i horisonten. Nasjonal og internasjonal konkurranse vert stadig sterkare, og framtida sine marknader må ein i nokon grad skape sjølv. Riktig og ny kompetanse er avgjerande . Olja og tradisjonelt fiskeri/oppdrett er eit viktig grunnlag, men næringane treng å dra meir nytte av kvarandre for å lykkast framover. Ein må tenke nytt og meir på tvers. Dette ser ut til å skilje oss frå andre sterke næringsregionar i landet, kor samarbeid på tvers av næringssektorar har kome lengre. Nye marknadsområde vert etablert i aukande tempo.

Dei eksisterande lokale/regionale planar og satsingar er for lite retta inn mot kystkommunane og næringslivet på kysten sine utfordringar – dette er tilbakemeldinga frå fleire næringsorganisasjonar, bedriftsleiarar, forvaltning som Fiskeridirektorat og Kystverket, samt kystkommunane sjølve. Dei

saknar konkrete regionale satsingar med verkemiddel som kan gjere at aktørane lettare kan engasjere seg i å realisere dei.

Dei viktigaste tilbakemeldingane er at det trengs:

- Auka samarbeid, mellom næringsaktørar/bransjar og mellom næring og forvaltning for å kunne gripe moglegheitene og skape ny utvikling.
- Auka næringsfokus i kompetanseutviklinga og auka samarbeid mellom næringslivet og utdanningsinstitusjonar.
- Større arbeidsmarknadsintegrasjon langs kysten for at kystkommunane skal vere attraktive nok for busetting og næringsvekst.
- Auka fokus på sjøvegen som transportåre for person og gods.
- Betre avklaring av arealbruk i kystsona slik at næringane har «forutsigbare» rammer for utvikling.

Potensial for utvikling

Det er store synergiar i å hente i å gjere seg nytte av kompetansen som ligg i dei ulike næringane på kysten. Meir samarbeid og meir utveksling av kompetanse næringane mellom og tettare samarbeid med utdanningsinstitusjonane gjev nye moglegheiter som fell innafor regjeringa sin havstrategi.

Felles arealplanlegging langs kysten for å gjere avklaringar om arealbruken på overordna nivå. Ein kan ikkje la utviklinga bli hindra av kommunegrenser og planressursar. Her kan kommunane og fylkeskommunen saman, i samråd med næringane, gjere eit utfyllande arbeid for å sikre riktige, berekraftige og framtidsretta val.

Samferdslesatsingar som ikkje berre handlar om veg, men også sjøtransport nord-sør langs kysten må styrkast. Dette vil gi ein større bu- og arbeidsmarknad, og auke attraktiviteten både til næringslivet og til busetting. Forbetring av den digitale infrastrukturen på kysten opnar også nye moglegheiter.

For at ein skal kunne skape entusiasme og drivkrefter for ein strategisk plan, må strategiane vere konkrete nok til at aktørane kan bidra til realiseringa. Verdiskapingsplanen kan konkretiserast og spissast meir inn mot kystens utfordringar og moglegheiter.



Figuren over viser den totale verdiskapinga i dei norske havbaserte næringane i 2014, ikkje inkludert olje- og gasselskapa (Kjelde: *Maritim21. En helhetlig maritim strategi for forskning, utvikling og innovasjon*, 2016). Frå 2004 til 2014 var veksten i verdiskapinga på 175 prosent, og det er eit stort overlapp mellom næringane. Overlappinga mellom maritim næring og sjømatnæringa meir enn dobla

seg i same periode. Å sjå kystnæringane i samanheng gir moglegheiter for å utnytte synergiar. Havnæringane kan lære av kvarandre, utnytte teknologi og utvikle produkt og tenester på tvers av sektorar og marknader (Frå *Maritim21*).

3.2 Sjøen-sjømat og anna biologisk produksjon

Marin næring, næringa som er knytt til sjøen med mat og anna biologisk produksjon, er viktig for verdiskaping og sysselsetjing i kystkommunane. Norske sjømatprodukt er høgt ettertrakta på den internasjonale marknaden, og Sogn og Fjordane er i ein situasjon kor fleire næringsaktørar meiner det er ein god del ledig areal på kysten for vidare vekst i denne næringa. Arealtilgang vil vere avgjerande for næringa si vekst. Korleis ein nytter areala vil vere heilt sentralt for å kunne dra til seg dette potensialt for vekst. Ein må ha ein plan med arealbruken for å lykkast, ein må sjå bruken i dei einskilde kommunar i eit samla bilete for heile kysten.

Ein deler tradisjonelt sjømatnæringa i tre sektorar: fiskeri, havbruk og landbasert sjømatproduksjon. I tillegg kjem tilknytt leverandørindustri for utstyr og tenester. Dei seinare år har andre biologiske produkt vakse frem i nye marknader og verksemder etablert seg fleire stader langs kysten av Noreg, så også i Sogn og Fjordane. Ei inndeling av marin næring som ofte vert brukt er slik:

- Fiskerinæringa er tradisjonell fangst av fisk. Her er aktørar i Sogn og Fjordane allereie godt etablert og ein må jobbe målretta og hardt framover for å sikre vidare utvikling.
- Havbruksnæringa består i stor grad av laks- og aureoppdrett, med nokre andre artar i tillegg. Næringa består av eit stort tall små og store bedrifter langs heile kysten, samt utlandet. Sogn og Fjordane er sterkt representert innan fleire sektorar. Fleire verksemder i fylket er involvert i produksjon av tare, til dømes Hortimare AS, Tarelaks-prosjektet[9] og andre innan IMTA (Integrert multi-trofisk akvakultur, som omfattar oppdrett av fleire artar på ulike nivå i næringskjeda).
- Foredling av fisk, både frå havbruk og fiskeri er og vert framover ein veksande sektor innan næringa. Næringa sjølv meiner Sogn og Fjordane må kartlegge sine eigne verksemder innan landbasert industri og sjømatproduksjon betre enn ein har gjort til no. Dette kan gjere ein betre i stand til å dra meir ut av det potensial som ligg i næringa.
- Biomarin industri har hatt ein sterk vekst dei siste åra, parallelt med havbruksnæringa, og har gitt ein stabil tilgang på restråstoff og eit solid grunnlag for å bygge prosessanlegg for reinsing, raffinering og foredling. Dette er Noreg verdsleiande på. Biomarin industri nyttar ulike marine råvarekjelder, eksempelvis fiskeoljer, restråstoff og tare, til spesialingrediensar retta mot mat, helsekost, fór, kosmetikk og farmasi. Kor sterkt denne næringa er representert i Sogn og Fjordane må kartleggast betre i følgje næringa sjølv. Dette kan gjere ein betre i stand til å dra meir ut av det potensial som ligg i næringa.
- Leverandørindustrien er aukande, og norske bedrifter er verdsleiande innan mellom anna fór, vaksiner, produksjonsutstyr, tenester og teknologi for førebygging og behandling av lakselus. Dette har eit både nasjonalt og internasjonalt marknad. Samstundes er leverandør- og tenesteindustrien frå den maritime næringa sterkt inne mot marin næring, frå høgteknologiske fiskefartøy til framtidsretta og teknologiske oppdrettsanlegg. Det er ei oppfatning også innan desse sektorane at Sogn og Fjordane bør kartlegge sine eigne verksemder betre, for å kunne gjere gode val for vidare vekst. Dette kan gjere ein betre i stand til å dra meir ut av det potensial som ligg i næringa.

[9] Dette er gode døme på sameksistens og samkultivering innan IMTA, kor fire oppdrettarar har starta taredyrking knytt til sine anlegg.

Regjeringa sitt ekspertutval for grøn konkurransekraft (26) framheva at marine næringar har stort vekstpotensial. Vekstpotensialt må utviklast gjennom berekraftig vekst der forvaltning, næring og teknologiar vert utvikla på biologien sine premisser. Næringsaktørane i fylket understrekar at det ikkje berre er lakseoppdrett som treng tilgang på areal. Forvaltninga må forstå den kompleksiteten som finst innan marine arealbehov – framtidig oppdrett av andre artar kan bli stort. Samstundes vil framtida gi nye behov knytt til transport, reiseliv og vern – som alt påverke arealbehov for marin næring sett under eitt.

Det vert i innspel til Verdiskapingsplanen (27) trekt fram at Sogn og Fjordane ikkje har eit bransjeretta kompetansemiljø med tyngde eller kapasitet innan marin næring. Dette må både næringa sjølv og det

> *«Et viktig fokus i en fremtidsrettet arealforvaltning er høsting og kultivering av nye arter. Det er en økende knapphet på marine råvarer til fôr for akvakulturarter, og det brukes i dag en økende andel vegetabilsk råstoff. I et globalt perspektiv vil matmangel være et voksende problem, og det er derfor sannsynlig at akvakulturnæringen vil vokse i årene fremover, i tråd med regjeringens mål om en tredobling i produksjon innen 2050. For å nå disse målene vil det være helt nødvendig med nye arter og ressurser til produksjon av fôr og mat. Den økte produksjonen vil komme fra mikro- og makroalger og eventuelle andre lavtrofiske arter som blåskjell. Etablering av disse nye næringene vil kreve store areal langs kysten og en kunnskap om samspill med den naturlige flora og fauna, samt sameksistens med andre oppdrettsarter og næringer».*
> Innspel frå Møreforsking, frå anna arbeid knytt til mellom anna Tarelaks

offentlege apparat i fylket ta grep om, og bør vere ein sentral del av strategien for å gjere kysten av fylket betre rusta for å møte framtida. Både når det gjeld kunnskapsmiljø utover vidaregåande opplæring og knytt til leverandørindustri. Ein trekk fram at nyetableringar innan marine næringar ligg under nivå på Vestlandet elles, og at det er større nedgang i tal på nyetableringar enn hos nabofylka. Til dømes i den marine og maritime klynga i Møre og Romsdal har ein etablert sterke kompetansemiljø for å sikre god utvikling innan desse næringane (sjå www.legasea.no og www.bluemaritimecluster.no).

I følgje ei analyse av næringslivet i Sogn og Fjordane (14) sysselset dei marine næringane i overkant av 1 650 årsverk i Sogn og Fjordane (2015-tal). Analysen seier dette er om lag 12 prosent av tal for Vestlandet samla, og understrekar kor viktig næringa er for fylket. I følgje analysen er heile 6 prosent av sysselsette årsverk i fylket i dei marine næringane.

Nøkkeltall for den **marine næringsklyngen** 2015. **Sogn og Fjordane**.

	Hele klyngen	Førproduksjon	Fiske	Oppdrett	Foredling	Tjeneste-leverandører	Utstyrs-leverandører
Omsetning	9 746	1 937	1 086	3 383	2 841	316	183
Driftsresultat	1 153	- 16	297	641	148	75	8
Årsresultat	908	- 3	143	529	179	41	19
Lønnskostnader	1 080	78	323	259	271	92	57
Verdiskaping	2 232	62	620	900	418	167	65
Årsverk	1 650	135	435	399	478	123	80
Virksomheter	445	2	114	65	34	150	80
Nyetableringer[1)]	3,15	-	4,39	3,08	-	5,33	5,00
Vareeksport	4 973	41	247	3 031	1 558	71	25

Note: Regnskapstall i millioner. Ansatte og antall virksomheter i reelle tall
1) Nyetableringer presenteres per 100 eksisterende virksomhet i den aktuelle næringsklynge og region
Kilde: Samfunnsøkonomisk analyse

Figur 3-1: Marin næring i Sogn og Fjordane (Kjelde: Samfunnsøkonomisk analyse)

Marine Harvest (Vågsøy), K. Strømmen Lakseoppdrett (Bremanger), Steinvik Fiskefarm (Flora), Pelagia AS (Vågsøy, Bremanger og Selje) og EWOS (Flora) vert i analysen trekt fram som dei store aktørane. Vidare vert kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Hyllestad trekt fram som å ha styrkeposisjonar innan marin næring ikkje berre for fylket, men for Vestlandet samla (Figur 3-2).



Figur 3-2: Styrkeposisjonar i marin næring (Kjelde: Samfunnsøkonomisk analyse)

Framtida ligg i havet

I Bergen samlokaliserer dei no marin forsking og utdanning på Marineholm, og vert eit kraftsentrum på Vestlandet. Målet er å gjere Bergen til ein enda sterkare marin hovudstad, og å samlokalisere meir

enn 150 verksemder og over 1000 forskarar innan marine forskingsfelt (Universitetet i Bergen, Havforskingsinstituttet og ei rekke andre forskingsinstitusjonar og forvaltningsorgan).

Kva strategi skal Sogn og Fjordane ha når det kjem til kompetansemiljø – vil ein satse på å bygge opp sjølve eller heller knytte seg til andre stader (og tilby til dømes areal som utviklingsprosjekt treng)? Her er mange viktige val å ta.

Norsk sjømateksport har ein visjon om å femdoble sitt nivå innan 2050. Dette vert av mange oppfatta som lite ambisiøst. Med dei føresetnader Noreg har, og den utviklinga verdas matforsyning viser, bør ein satsa enno høgare i følgje næringa sjølv. Sogn og Fjordane har gitte rammehøve som gjer fylket godt egna for å bli med på denne utviklinga. I dette ligg det sjølvsagt også fleire problemstillingar som må løysast for å sikre ei berekraftig utvikling. Ein må ha nok kunnskap, ein må kjenne produksjonsutfordringar som aktørane har og ein må ha riktig type areal tilgjengeleg.

Taretråling har også eit kome sterkt dei seinare åra, og har utvikla seg til å bli ei viktig næring der eksportverdien er om lag 1-1,,5 mrd. kroner for stortare og grisetang langs Norskekysten (Kjelde: Havforskingsinstituttet). Internasjonale storkonsern brukar taren til alt frå matlaging til kreftmedisin. Forventa utvikling framover er sterk, og det ligg klare brukskonfliktar i dette[10]. Potensielle konfliktar er omdiskutert, men tareproduksjon (dyrking, IMTA) gir ein berekraftig tilgang på råstoffet og denne nye næringa har allereie etablert seg i Sogn og Fjordane. Havforskingsinstituttet konkluderte i 2016 (28) at det ikkje er registrert negativ effekt på fisk og krabbe. Tareproduksjon er blitt ei stor satsing fleire stader både nasjonalt[11] og internasjonalt. Vågsøy kommune har arbeidd med å styrke denne næringa i sine områder, dette er i prosess vidare mot Fylkesmannen.

Overordna sett er det heilt essensielt å etablere det naudsynte kunnskapsbehovet som trengs for å drive auka utnytting av kyst og havrom på ein berekraftig måte. Eit avgjerande grunnlag for god arealplanlegging og verdiskaping er solid grunnlagsinformasjon om biologi, økologi, oseanografi og geologi. Dette vert det stilt stadig strengare krav til gjennom nasjonale og internasjonale føringar (EU-direktiv og ulike strategiar).

Å jobbe aktivt med berekraftspørsmål bør for større verksemder og organisasjonar vere ei sjølvfølge. Men drivkrafta varierer, frå forbrukarar/kundar, myndigheitene, media og seg sjølv. Berekraftig forvaltning vil derfor fungere som ein marknad i seg sjølv, og dokumentasjon på at varer og tenester er framstilt på ein berekraftig, sikker og miljøvennleg måte vil derfor vere av aukande betydning. Det vil bidra til auka verdiskaping, slik at i ein strategi for næringsutvikling er det viktig at dette aspektet er teken vare på.

Frå diskusjon med og mellom aktørane i ulike møter

Fokus på heile verdikjeda

Den marine delen av næringslivet må tilpasse seg utviklinga, og heve kompetansen slik at langt meir av råstoffet som finst i havet kan utnyttast i sjømatproduksjon og i nye produkt. Gjennom dette kan ein auke attraktiviteten til næringa i området og ein får auka verdiskaping. Ein ser at den biomarine næringa som arbeider andre stader i verdikjeda med tilverking av protein, ingrediensar, fór og

[10] I dette ligg både øydelegging av gytegrunn, sjøbiotopar, mykje ilanddriven tare og auka erosjon på land grunna fjerning av tare i strandsona.

[11] Til dømes skal Royal Sea-Weed starte tareproduksjon i Vanylven kommune, utanfor Klovningen. Her skal dei dyrke sukkertare og bu-tare på eit 300 dekar stort felt. Les meir her https://www.nrk.no/mr/vil-starte-tareproduksjon-1.13697764

helseprodukt er i god vekst og har tett samarbeid med forskingsinstitusjonar og utstyrs-/tenesteleverandørar[12].

Den sterke og samlande næringsklynga, med maritim, marin, olje/offshore, som er i Møre og Romsdal har i aukande grad eit fokus på heile verdikjeda. Til dømes *Blue Legasea* som er organisert med medlemmar langs heile verdikjeda – frå båt og produksjon til marknad.
Sogn og Fjordane må, som tidlegare omtalt, kartlegge betre kva slags aktivitetar som finst i fylket. Ein treng eksempelvis oversikt over om det er aktørar i heile verdikjeda og om desse kan samordna seg på ein betre måte. Ein må også avklare om Sogn og Fjordane skal satse på å vere og ha eit tyngdepunkt innan alle ledd i verdikjeda eller om ein heller bør satse på ein eller nokre deler av verdikjeda.

3.3 Martime næringar og teknologi (onshore og offshore)

Den maritime næringsklynga i Noreg er omtalt av både næringa sjølv og av regjeringa som å vere komplett. Komplett i den forstand at norsk maritim næring har aktørar innan alle ledd av verdikjeda, frå reiarlag og verft til alle typar leverandørar av utstyr og tenester, samt finans, sal og marknad.

Dei siste åra har både omsetnad og tal på tilsette i verksemdene gått ned knytt til petroleumsnæringa, også for Sogn og Fjordane. Maritime næringar og teknologi har i Noreg i all hovudsak tidlegare vore nært knytt opp mot petroleumsrelaterte aktivitetar. Slik er det i stor grad også no, men vilje og motivasjon til vidareutvikling og satsing er absolutt til stades hos næringsaktørane. Ein ser ei aukande endring og vilje til omstilling som er tydeleg i næringa. Frå å produsere offshoreskip til olje- og petroleumsaktivitetar, med ei stor mengd underleverandørar av utstyr spreidd langs kysten, bygge avanserte fiskebåtar, cruise- og passasjerbåtar. Ei kraftig vekst i havnæringa dei siste åra betyr også ei stor auke i oppdrag for maritim leverandørindustri mot spesialiserte fartøy og ny teknologi.

[12] Henta frå Forskings- og innovasjonsstrategi Møre og Romsdal

FAKTABOKS (www.maloymaritime.no)



Måløy Maritime Group (MMG) er eit samarbeid mellom 17 bedrifter innan maritim næring i Måløy-området. Samarbeidsklynga jobbar i hovudsak mot den internasjonale flåten, og tilbyr eit komplett spekter av tenester. MMG er oppteken av å vere tilgjengeleg heile døgnet, heile året, og tar på seg nær alle slags operasjonar til havs.

Ein finn maritimt næringsliv langs heile kysten av Noreg. Maritimt Forum[13] viser til at næringa har vore prega av to viktige trendar dei siste ti åra. For det fyrste er næringa blitt meir konsentrert i lokalt og spesialisert samarbeid. For det andre har veksten vore klart sterkast der ein har vore retta mot olje- og gassverksemda. Dette snudde i 2015 da effekten av låg oljepris og lågare aktivitetsnivå råka bedrifter som var og er olje- og gassretta hardt. Regionar med sterkast vekst dei siste ti åra er regionar som er hardast råka av nedgangsperioden som ein har vore gjennom og delvis er inne i no.

Grønt skifte og ny teknologi

Sogn og Fjordane er eit av ferjefylka i Noreg, og dagens flåte av bilferjer er i stor grad gamal. Saman med mykje av skipa som vert brukt til persontransport, står desse føre utskifting. Det er mykje gamalt og ustabilt materiell, fleire av båtane er lite miljøvennleg og slepp ut store mengder klimagassar. Det er med andre ord eit stort behov for *eit grønt skifte*. Dette veit vi er særs viktig for fylkeskommunen (det same gjeld for alle ferjefylka) når det no og framover skal lysast ut anbod på drift av ferje-/persontransport. Ein veit også at dette er ein kome langt på veg med å realisere. Hordaland fylkeskommune er kome særs langt i å stille krav til «grønt skifte» innan ferjedrifta. Sogn og Fjordane må også gjere sitt for å bidra til dette.

Dette teknologiskiftet i både ferjeflåten og persontransportbåtane (sjå til dømes Brødrene Aa i Hyen) kan stimulere til næringsutvikling i Sogn og Fjordane. Det er allereie i gang hos større aktørar som verft

[13] Sjå: www.maritimt-forum.no

og utstyrsleverandørar i Møre og Romsdal. Sogn og Fjordane har også sterke aktørar som viser seg fram i denne utviklinga, men her har fylket større potensial for vekst[14]. Spesielt på utstyr- og tenesteleverandørsida er moglegheitene store.

Det finst ei rekke moglegheiter for å knyte finansieringsmiddel mot denne marknaden, og offentlege støtteordningar kan bidra til å fremje innovasjon og utvikling retta mot næringsaktørar. Både gjennom Innovasjon Norge, Forskingsrådet, Enova og andre offentlege partar er det ordningar som næringslivet kan og bør gjere seg nytte av. Dette gjeld innan maritim næring, marin næring, ei rekke høve innan sjømatnæringa og særs mykje er knytt opp mot bruk av ny og framtidsretta teknologi. Kunnskapsintensive arbeidsplassar med krav til høg kompetanse er ein av nøklane for å lukkast – for å overleve i marknaden økonomisk og å gjere seg attraktiv som arbeidsplass for ønska type arbeidstakarar i regionen.

Maritim næring er nært knytt til andre sektorar, eksempelvis som følgje av tenester som er heilt eller delvis leverandørar/underleverandørar til den marine klynga. Norsk Verdiskapingsbok 2017 (29), utgitt av Maritimt Forum, har ei oversikt med nokre nøkkeltal som viser at Sogn og Fjordane har ei til dels stor maritim næring. Det er naturleg stor variasjon mellom kommunane, og nokre av kystkommunane har for lågt grunnlag til at dei vart registrert (mindre enn 20 tilsette). Tabellen viser nøkkeltal frå 2015, med kommunar som har eit visst omfang i næringa.

Tabell 3-1: Nøkkeltal for utvalde kommunar i Sogn og Fjordane, 2015 (Kjelde: Norsk Verdiskapingsbok 2017)

Kommune	Sysselsetting	Omsetning (mill.)	Verdiskaping (mill.)
Flora	2391	3711	2089
Hyllestad	454	1432	172
Vågsøy	265	1014	309
Gulen	100	192	76
Selje	60	132	37
Solund	59	62	28
Askvoll	59	43	32
Heile fylket	*3890*	*7,6 mrd.*	*3,2 mrd.*

Samfunnsøkonomisk analyse omtaler den maritime klynga til å utgjere ein betydeleg del av næringslivet på Vestlandet. Verdiskapinga i klynga på Vestlandet har tredobla seg i perioden 2003-2015 (14). I følgje same rapport hadde Sogn og Fjordane 1137 årsverk innan den maritime næringsklynga i 2015. Dette er om lag fire prosent av årsverka som er i samla næringsliv i fylket.

Til motsetning frå marin næring, har fylket den minst tydelege styrkeposisjonen innan maritim sektor i følgje denne rapporten. Ein ser interessante skilnader mellom ulike kunnskapsgrunnlag når det gjeld den maritime næringa. Ulike vurderingar kring kva som er maritim næring, gjer seg utslag i storleik på tal. Dette gjeld både omsetnad, verdiskaping, sysselsetjing med meir. Figur 3-3 under er frå Samfunnsøkonomisk analyse og sett opp mot tall frå Maritimt Forum (tabell 3-1) ser ein store forskjellar. Analysane brukar ikkje same grunnlagsdata og definisjonar på kva som er kva, og er eitt døme på ulik framstilling av fakta.

[14] Maritim Foreining Sogn og Fjordane er godt i gang med å organisere dette arbeidet. Her er det kryssande grensesnitt mellom maritim, marin og petroleum.

Nøkkeltall for den **maritime næringsklyngen** 2015. **Sogn og Fjordane**.

	Hele klyngen	Rederi	Skipsverft	Tjeneste-leverandører	Utstyrs-leverandører
Omsetning	3 169	452	1 204	709	805
Driftsresultat	112	81	- 44	73	2
Årsresultat	83	39	- 43	74	13
Lønnskostnader	793	154	162	249	228
Verdiskaping	905	234	118	323	230
Årsverk	1 137	275	224	323	315
Virksomheter	393	88	7	238	60
Nyetableringer[1)]	6,11	6,82	14,29	7,56	1,67
Vareeksport	532	1	335	1	195

Note: Regnskapstall i millioner. Ansatte og antall virksomheter i reelle tall
1) Nyetableringer presenteres per 100 eksisterende virksomhet i den aktuelle næringsklynge og region
Kilde: Samfunnsøkonomisk analyse

Figur 3-3: Maritim næring Sogn og Fjordane, 2015 (Kjelde: Samfunnsøkonomisk analyse)

I følgje denne rapporten er dei største aktørane Nye Florø mekaniske (Flora), Frøy Vest (Vågsøy), Florølandets transportarbeiderlag (Flora), Westcon Yard (Florø), Havyard Production & Service (Hyllestad), Efinor Offshore Service (Førde) og Walcon Installation (Flora). Vareeksporten frå fylket er relativt beskjeden, og lønnsemda er pressa for skipsverfta i fylket. Relativt til utgangspunktet er tal på nyetableringar betydeleg høgare i fylket enn Vestlandet og landet elles[15]. Tenesteleverandørar trekk opp. Vågsøy kommune vert trekt fram når det gjeld styrkeposisjonar i fylket innan maritim næring. Sjå figur 3-4.

[15] Faktiske tal ligg lågare enn nabofylka, men tenesteleverandørar er hovudmengda også der



Note: Relative styrkeposisjoner defineres som sysselsettingsandelen per undergruppe per kommune delt på undergruppens sysselsettingsandel nasjonalt. Verdier over 1 tilsier en styrkeposisjon. Viser kun største verdi, og verdier over 1 i kartet. Vi utelater også alle kommuner med færre enn 50 sysselsatte i den aktuelle undergruppen.

Kilde: Samfunnsøkonomisk analyse

Figur 3-4: Styrkeposisjonar i maritim næring, 2015 (Kjelde: Samfunnsøkonomisk analyse)

Maritim foreining Sogn og Fjordane utførte ei verdiskapingsanalyse for 2017[16], med fokus på petroleumsrelatert leverandørindustri i fylket. Dette viser kor nært samanfallande næringane er, avhengig av korleis ein definerer dei. I følgje analysen omsette dei 144 verksemdene i fylket for 3,5 mrd. NOK i 2015. Dei har over 1600 årsverk og ei verdiskaping på 1,5 mrd. NOK. Statoil er kvart år nemnt som den viktigaste kunden. Tal på årsverk viser ein negativ trend for industrien for dei siste fem åra, verdiskapinga også (men ikkje så sterk).

FAKTABOKS (www.maritimsfj.no)

Maritim foreining Sogn og Fjordane er ei interesseforeining for verksemder med havbasert aktivitet i fylket. Foreininga har 60 medlemsverksemder som er lokalisert i 14 av fylket sine 25 kommunar. Foreininga arbeider aktivt for å skape samhandlingsrom der det kan vere ei forretningsmoglegheit mellom deira leverandørar og ein mogleg kunde.

I undersøkinga svarer leverandørindustrien at det vil vere innan vedlikehaldstenester ein har best sjanse for å lukkast framover. Oljeprisen og storleiken til selskapa i fylket vil vere den største utfordringa for å auke omsetnaden.

Leverandørane har i dag flest aktørar i kommunane Flora, Gulen, Førde, Fjaler og Vågsøy. Flora har 70 verksemder medan dei andre har mellom 10 og 20. Alle kommunane har også verksemder som ser på seg sjølv som potensielle leverandørar, relativt sett flest i Vågsøy med 6 (ei potensiell auke på over 70 prosent frå dagens tal). Marknaden for denne gruppa innan maritim/petroleumsretta næring, er i stor grad både lokal og nasjonal. Analysen viser at om lag 23 prosent leverer tenester berre lokalt, om lag 34 prosent både lokalt og nasjonalt - over 75 prosent seier tenestene vert levert utanfor fylket, også internasjonalt.

[16] Analysen er utført saman med PwC, sjå www.maritimsfj.no

Undersøkinga trekk fram oljeprisen og storleiken til verksemdene som den største utfordringa for å kunne auke omsetnaden, men det vert også nemnt andre faktorar som viktig:

- Marknadsføring og synlegheit
- Samferdsle og infrastruktur
- Mangel på rett kompetanse
- Mangel på rett nettverk

Dette er faktorar som ein lokalt og regionalt kan bidra til å gjere noko med. Maritim foreining viser til sin eigen handlingsplan som fokuserer på å skape arena for samarbeid, synleggjering og kommunikasjon, kompetanseutvikling og å bidra til å etablere næringsklynger i fylket.

Erfaring frå Hordaland knytt til næringsområde i sjø
Fleire stader i Hordaland arbeidar dei med arealbruken og næringsområde i sjø, til dømes Sunnhordland (30). Dette er viktig for næringsaktørane. Erfaringar der er like relevant for Sogn og Fjordane: Maritim næringsverksemd er avhengig av hamneområde og tilkomst til desse. Samstundes er det eit aukande behov for testområde, ankrings-, rigg- og opplagsområde i sjøområda. Tilgang på sjøareal vil for ein del av næringsaktørane vera avgjerande for om dei kan ekspandere både drift og type aktivitet. Dette er også relevant for om nye næringsaktørar etablerer seg i regionen. Eksisterande næringsareal på land og etablering av nye må sjåast i samanheng med kva aktivitet det er på sjøen. Vidare er det viktig at ein ser på tvers av kommunegrensene når det gjeld tilkomst og ferdsel.

Det er utfordrande å planlegge for aktivitet knytt til maritim næring på sjøen då desse ofte berre er periodevis i bruk. Bruksverdien vil likevel vera vesentleg når det først er aktivitet. Behovet for rigg-, ankring- og opp-lagsplassar, samt andre maritime næringsområde har endra seg i takt med utvikling i næringane, til dømes er det no større behov for store og skjerma område for store installasjonar. Det er i dette strategiarbeidet ikkje kartlagt behov og utstrekning av slike maritime næringsområde i sjø knytt til verken eksisterande eller framtidig næringsaktivitet. Samanhengen mellom sjø og landområde er i denne samanheng særs sentralt, og kommunegrensene kan vera vanskeleg å ta omsyn til. Næringsaktørar i regionen har eit ansvar for å synleggjere sine behov og utviklingstrekk.

Tema i avsnitta her er like aktuelle for Sogn og Fjordane som for fylket i sør.

3.4 Energiproduksjon

I Verdiskapingsplanen er Sogn og Fjordane sin viktige posisjon innan vasskraft trekt fram, gjennom at ti prosent av norsk produksjon allereie er i fylket. Planen trekk fram kor viktig det er med vidare kompetanseheving innan el-kraft, og at ein må tore (og legge til rette for) å kommersialisere innovative løysingar som kan ha eit nasjonalt og internasjonalt potensial. Innan energiproduksjon er den tradisjonelle næringa (vasskraft) særs nøgd med at høgskulemiljøet i fylket satsar sterkt på tekniske retningar og energirelatert kompetanse. Næringsliv og kraftnæring er viktige støttespelarar til Høgskulen på Vestlandet. Regional plan for vasskraft (31) og regional plan for vindkraft (32) er viktige kunnskapsgrunnlag.

For kysten av fylket, som ikkje har den tradisjonelle vasskrafta som arbeidsplass, må ein kanskje fokusere meir på framtidsretta teknologi og energiproduksjon enn ein har gjort til no. Ser ein på den internasjonale marknaden er vind- og bølgjekraft veksande næringar, og fylket må vere seg bevisst utviklinga. Den akademiske satsinga må både ha fokus på vasskraft og på andre alternative og grøne energikjelder. Dette må også sterkare inn i høgskulemiljøa, næringslivet på kysten er oppteken av andre kjelder enn tradisjonell vasskraft.

Norsk næring for fornybar energi er i vekst, og stadig meir av omsetnaden av norsk fornybarnæring var knytt til vindkraft til havs. Havområda nær Noreg har stor merksemd frå ein internasjonal bransje i vekst. Samstundes har Noreg i dag meir kostnadseffektive kraftressursar på land. Marknaden for norsk utstyr og tenester har fram til no vore i utlandet når det gjelde havvind, men denne marknaden endrar seg raskt. Sogn og Fjordane kan posisjonera seg til å verte ein særs attraktiv region for vindkraft, og anna fornybar energi langs kysten.

FAKTABOKS (www.havkraft.no)

Havkraft AS er eit teknologiselskap som har utvikla og tatt patent på ein verdsleiande bølgje-energi-omformar (H-WEC, Havkraft Wave Energy Converter). Etter svært mange års kamp, lukkast det Raudeberg-baserte selskapet i Måløy å få kontrakt med ein norsk aktør som sikrar vidare utvikling. Straum frå bølgjer er ein av framtidas grøne energiløysingar og Innovasjon Noreg har støtta føretaket i arbeidet.

Havkraft er eit av fleire gode eksempel på nært samarbeid i det som tradisjonelt er ulike næringar, med tett utviklingsarbeid saman med maritim næring.

Ikkje-fornybar energiproduksjon

Sogn og Fjordane sysselsette i følgje tal frå Samfunnsøkonomisk analyse (14) 2,4 prosent av årsverka i fylket innan ikkje-fornybar energiproduksjon. Denne næringa er lågare representert i fylket samanlikna med fylke i landet elles.

Nøkkeltall for **ikke-fornybar energiproduksjon** 2015. **Sogn og Fjordane**.

	Hele klyngen	Utvinning	Foredling	Distribusjon	Tjeneste-leverandører	Utstyrs-leverandører
Omsetning	2 877	1 437	-	7	907	525
Driftsresultat	285	171	-	0	95	19
Årsresultat	111	-14	-	0	75	50
Lønnskostnader	605	76	-	2	321	206
Verdiskaping	890	248	-	2	415	225
Årsverk	702	56	-	1	355	290
Virksomheter	338	5	-	10	252	71
Nyetableringer[1)]	6,21	-	-	-	8,33	4,23
Eksport	1 335	1 221	-	-	13	100

Note: Regnskapstall i millioner. Ansatte og antall virksomheter i reelle tall
1) Nyetableringer presenteres per 100 eksisterende virksomhet i den aktuelle næringsklynge og region
Kilde: Samfunnsøkonomisk analyse

Figur 3-5: Ikkje-fornybar energiproduksjon i Sogn og Fjordane, 2015 (Kjelde: Samfunnsøkonomisk analyse)

I følgje denne analysen er det størst omsetning innan utvinning, men her er det få årsverk. Det er teneste- og utstyrsleverandørar som er størst i næringa om ein ser på tal på sysselsette. Statoil og Engie E&P Norge (Florø) er store aktørar som produksjonsselskap, medan Saga Fjordbase og Ramco Norway aleine hadde om lag 130 årsverk i regionen i 2015. Vidare er Bilfinger Industrial services og Hellenes dei to største utstyrsleverandørane i fylket med til saman rundt 80 årsverk.

Fornybar energiproduksjon

Dette ei lita næring i fylket (14). Sogn og Fjordane har relativt få årsverk, samla sett berre 659 i 2015. I hovudsak var dette knytt til produksjon og distribusjon, med under 50 årsverk knytt til tenester og ingen som utstyrsleverandørar. Energikjeldene er i hovudsak knytt til vind, vatn og biogass.

Hovudtyngda er naturleg knytt til vatn i indre strøk av fylket, med Sunnfjord Energi (hovudkontor i Førde), Statkraft Energi (avdelingskontor i Luster) og E-CO Energi (avdelingskontor i Aurland). Desse sysselsette nesten halvparten av årsverka i næringa. Sognekraft er ein annan lokalt stor aktør, med sine om lag 80 tilsette.

Det er eit stort potensial i denne næringa, og ein ser at med eit særs lågt tal på eksisterande verksemder innan teneste- og utstyrsleverandørar er det høge tal på nyetableringar i Sogn og Fjordande knytt til næringa. Etableringsrata er dermed betydeleg høgare i fylket enn i landet elles. Så næringa er veksande i fylket.

Nøkkeltall for **fornybar energiproduksjon** 2015. **Sogn og Fjordane.**

	Hele klyngen	Produksjon	Distribusjon	Tjeneste-leverandører	Utstyrs-leverandører
Omsetning	5 040	4 036	744	260	-
Driftsresultat	1 326	1 219	100	8	-
Årsresultat	590	518	61	11	-
Lønnskostnader	572	367	160	45	-
Verdiskaping	1 899	1 586	260	53	-
Ansatte	659	426	187	46	-
Virksomheter	330	155	23	152	-
Nyetableringer[1)]	6,36	2,58	-	11,18	-
Eksport	332	332	-	-	-

Note: Regnskapstall i millioner. Ansatte og antall virksomheter i reelle tall
1) Nyetableringer presenteres per 100 eksisterende virksomhet i den aktuelle næringsklynge og region
Kilde: Samfunnsøkonomisk analyse

Figur 3-6: Fornybar energiproduksjon. Kjelde: Samfunnsøkonomisk analyse

Hydrogen

Fylkespolitikarane i Sogn og Fjordane legg opp til at hydrogen skal vere eit satsingsområde for fylket framover. Det er sett i gang eit prosjekt for å etablere fylket som ein sterk region innanfor utvikling av hydrogen som energiberar og kommersialisering av hydrogenteknologi (Kjelde: Hydrogenregion Sogn og Fjordane, www.sfj.no).

Sogn og Fjordane er rikt på fornybare energikjelder som vasskraft, vindkraft, biomasse og bølgjekraft. Hydrogen kan produserast med utgangspunkt i lokale kjelder, og fylket er godt rusta for å kunne ein region som ligg i front av hydrogensatsinga i landet. Etterspurnaden etter hydrogen vil både vere frå lokale verdikjeder, til dømes vidare utvikling av ferje- og snøggbåtdrift, og som ei eksportvare.

Fylkeskommunen si satsing på hydrogen vil vere viktig å byggje vidare på, med utgangspunkt i pågåande prosjekt sine hovudaktivitetar:

- Bidra til utviklingsprosjekt i næringslivet
- Samarbeide med kommunane og areal- og transportplanlegging
- Utvikle og styrke kompetanse og kunnskap i fylket knytt til hydrogen
- Samarbeide med dei andre fylke på Vestlandet om strategiske interesser knytt til hydrogen
- Delta i relevante nettverk, partnarskap og møteplassar regionalt, nasjonalt og internasjonalt

Det er etablert ei støtteordning for utviklingsprosjekt innan hydrogen, som kom på plass etter ei pengegåve frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane. Midlane skal gå til forprosjekt som bidreg til å drive fram utviklinga av hydrogenbaserte verdikjeder i regionen. Sjå meir om dette i lenka: http://www.sfj.no/utviklingsprosjekt-hydrogen.407828.nn.html. Både nettverk av private og offentlege aktørar kan søke om midlar.

Som innan andre næringar diskutert, bør også internasjonale nettverk og dei kommersielle moglegheitene for industrien leggast vekt på i denne sektoren.

3.5 Kompetanse, FoU og vidaregåande/høgare utdanning

Dette kapitelet gjer greie for kva særleg kompetanse, FoU-prosjekt, -organisasjonar, vidaregåande utdanningsløp og høgare utdanningar som er retta mot kystnæringane i dag.

Vidaregåande opplæring

Ved Måløy vidaregåande skule er det fleire yrkesfaglege linjer som er retta mot kystnæringane. Innanfor Teknisk og industriell produksjon kan elevane velje å gå vidare på *VG2 Maritime fag,* og deretter til lærlingkontraktar som matros eller maskinist. Sidan 2010 har denne lina teke inn mellom 25 og 38 elevar årleg, og dei tilgjengelege elevplassane er blitt fylt. I same periode har det vore mellom 15 og 34 løpande lærlingkontraktar innanfor matrosfaget i fylket.



Figur 3-7: Maritim utdanning

Innanfor dei *marine næringane* kan elevar som har teke grunnkurset *Naturbruk*, søke seg vidare til *VG2 Fiske og fangst*, eller *VG 2 Akvakultur* ved Måløy vidaregåande skule. I 2010 tilbydde skulen 12 elevplassar på *VG 2 fiske og fangst*, men dette blei redusert til seks elevplassar årleg frå og med 2011. Med fire inntekne elevar i 2011 og 2012 blei ikkje desse elevplassane oppfylt, men til gjengjeld blei plassane meir enn fylt opp i 2013 og 2014 då dei tok inn høvesvis åtte og ni elevar.

På *VG2 Akvakultur* har skulen tilbydt seks elevplassar kvart år sidan 2010, men talet på inntekne elevar har lege mellom fire og fem elevar årleg. Innanfor akvakulturfaget har talet på lærlingkontraktar i fylket lege mellom ein i 2010, og 13 i 2014.

Tilboda av utdanning på fagskule og høgare nivå er omtalt i avsnitt 2.3.



Figur 3-8: Maritim utdanning

FoU

Tala for FoU- investeringar er basert på NIFU sin *indikatorrapport* som blir utgitt årleg. Vi må basere oss på fylkesfordelte tal i dette høvet, sidan tal på kommunenivå ikkje er tilgjengeleg. Det går likevel fram at *havbruk, og* dermed kysten, står bak ein stor del av FoU- investeringane i fylket. I 2015 summerte det seg til 50 mill. kroner (raude søyler i figuren syner faktiske FoU investeringar). FoU omfanget innan havnæringa er også tydeleg i statistikken over kva næringar som nyttar SkatteFUNN-ordninga- ei incentivordning som gir skattefrådrag til verksemder som investerer i Forsking og utvikling. I Sogn og Fjordane var 38 av i alt 134 prosjekt som fekk støtte igjennom denne ordninga i 2016 knytt til havnæringa. Ingen annan einskildnæring var i nærleiken av å få støtte til så mange prosjekt.

For å samanlikne FoU investeringane i norske fylke på ein måte som ikkje blir misvisande som følgje av skilnader i næringsstruktur, lagar NIFU analysar av *faktisk* og *forventa* FoU investeringar i 14 forskjellige næringsgrupper [17].

---

[17] Nemningane i figuren omfattar følgande næringar (NACE-kode):
Høgteknologisk industri: Farmasøytiske næringar (21), Datamaskiner, elektroniske og optiske produkt (26), Luft- og romfartøy (30.1).
Medium høgteknologisk industri: Kjemikaliar og kjemiske produkt (20), Elektrisk utstyr (27), Maskiner og utstyr (28), Motorvogner og tilhengere (29), Lokomotiver og anna materiale til jernbane og sporveg (30.2), Militære stridskøyretøy (30.4), Andre transportmidlar (30.9).
Medium lågteknologisk industri: Kull og raffinerte petroleumsprodukt (19), Gummiprodukt (22), Mineralske produkt (23), Metaller (24), Metallvarer (25), Skip og båtar (30.1), Møblar (31), Annan industriproduksjon (32), Reparasjon og installasjon av maskiner og utstyr (33),
Lågteknologisk industri: Næring og nytelsesmidlar (10), Drikkevarer (11), Tobakksvarer (12), Tekstilar (13), Klede (14), Lær og lærvarer (15), Trelast og trevarer (16), Papir og papirvarer (17), Trykking og reproduksjon av innspilte opptak (18)

Dei forventa FoU investeringane i desse analysane er gitt ved å anta at det for kvar sysselsett i den einskilde næring vert det investert det same beløpet i forsking og utvikling over heile landet. For Sogn og Fjordane ser vi at dei faktiske FoU investeringane i dei fleste næringane er noko lågare enn venta. Det viktigaste unntaket er havbruksnæringa, der FoU-intensiteten i Sogn og Fjordane er *høgare* enn ein kunne venta ut frå talet på sysselsette i næringa.



Figur 3-9: FoU-investeringar i næringslivet

3.6 Reiseliv

Fylkestinget vedtok i 2010 *Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010 til 2025* (sak 31/10). Sogn og Fjordane fylke sin visjon for utvikling av reiselivet fram mot 2025 er berekraftige naturopplevingar i verdsklasse. Fylket skal bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevingar med høg kvalitet i møte med engasjerte menneske og unik fjordnatur. Slik skal ein styrke grunnlaget for lønsam, heilårleg næringsverksemd, trivsel og busetnad i heile fylket (33). Profilen for fylket er fjordane frå bre til hav. I *Verdiskapingsplanen 2014-2015* (vedtatt i fylkestinget, sak 8/2014) er reiseliv sett opp som eit av fleire satsingsområde for fylket, og visjonen, profilen og måla for reiselivet i fylket er vidareført i Verdiskapingsplanen (27).

I tida framover vert det viktig for kystkommunane å vere sentrale i arbeidet med dei sju strategiske handlingsområda: samhandling, berekraft, produktutvikling, kunnskap og kompetanse, verkemiddelbruk og private investeringar, infrastruktur og marknadskommunikasjon.

Figur 3-10: Bulandet og Værlandet, Askvoll kommune. Foto: Kieran Kolle



Figur 3-11 - Kamskjel langs kysten av Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane har i stor grad blitt forbunde med fjord og fjell, og i noko mindre grad kyst og hav. Dette er noko kyststrøka av fylket har forsøkt endre på og i 2010 vart Visit Fjordkysten etablert. Visit Fjordkysten er eit destinasjonsselskap for kommunane Gulen, Solund, Hyllestad, Askvoll, Flora og Bremanger. Hovudfunksjonen er marknadsføring og profilering av regionen som reisemål, i tillegg til produktutvikling og prosjektarbeid. Kommunane Vågsøy og Selje inngår i destinasjonsselskapet Visit Nordfjord. Det å styrke kyststrøka som reisemål vil kunne bidra til å styrke både verdiskapinga, sysselsettinga og busetnaden i kystkommunane. Fjaler er per dags dato ikkje med i noko destinasjonsselskap

I følgje temagruppa arealbruk og vern har kommunane på kysten eit stort mangfald og unike moglegheiter innan friluftsliv. Dei meiner det ligg eit stort potensial i å auke tilgang og tilkomst for friluftsliv og å betre informasjonen om friluftsmoglegheitene i området. Dette meiner dei vil gagne både fastbuande og tilreisande, og dermed reiselivet. Temagruppa hevdar også at kystsoneplanar kan bidra til meir føreseieleg arealbruk, og at dette vil gagne reiselivet. Store delar av kysten er attraktive områder for naturopplevingar, slik som dykking og fangst av kamskjel (sjå figur 3-11), men gruppa meiner at det kan vere vanskeleg å satse på verksemder innanfor denne type naturopplevingar all den tid framtidas arealbruken er uavklart.

Fiske er allereie populært blant turistar. Dei siste tiåra har det vokse fram nokre reiselivsbedrifter langs kysten som legg til rette for dette. I januar 2018 tredde ei ny forskrift om turistfiskeverksemder i kraft. Denne innfører mellom anna registreringsordning, fangstrapportering og utførselkvote. Kommunane og verksemdene må førebu seg på dette. Denne skal sikre kontroll på uttak av fiskeressursar og gjere det mogleg å regulere uttaket.



Figur 3-12: Prosentvis utviking i overnattingar på hotell med ferie og fritid som føremål. Kjelde: SSB

I reiselivsnæringa er det i dag færre sysselsette i overnattings- og serveringsverksemder enn i 2008. Samstundes har det vore auke i tal bedrifter og lønsemd (34). Den positive utviklinga i tal bedrifter og lønsemd skuldast delvis ei auke i talet hotellovernattingar der ferie og fritid er føremålet med besøket. Som ein kan sjå i figur 3-12 har denne type hotellovernattingar auka i tre periodar, og med heile 50 prosent i sesongen 2012-2013. Samstundes har det vore tilbakegang i denne type næring i tre periodar. Tala viser at det er eit relativt stort potensial for vekst innan hotellverksemd retta mot ferierande. Samstundes er dette ein marknad som kan variere mykje frå år til år. Ei anna viktig forklaring på auka lønnsemd og auka tal bedrifter kan vere utviklinga i overnattingar på campingplassar og vandreheimar, samt vekst i opplevingsbedrifter. Men statistikken på desse felta er for dårleg til å dra bastante konklusjonar.

Talet på reisebyrå, reisearrangørverksemder, verksemder innan sports- og friluftsaktivitetar og drift av etablissement for fornøyelse i kystkommunane har auka frå 42 i 2010 til 48 i 2017. Eit auke i tal verksemder innanfor desse næringane fører ofte til eit utvida tilbod til turistane i distriktet, og dette kan føre til at dei som kjem til kysten blir der ein dag eller to lengre.

Noreg har ein sterk posisjon i den internasjonale cruisemarknaden, og hadde i 2016 ein marknadsdel på 2,7 % av den globale marknaden. Cruisenæringa har blitt ei stor og viktig del av norsk reiseliv, men kysten av Sogn og Fjordane er lite brukt som anløpstad for cruisebåtar. Fleire hamner på kysten kan ta imot cruisebåtar, men i 2016 var det berre eit cruiseanløp og dette var i Måløy (35). Førre gang kystkommunane hadde cruisetrafikk var i 2014 då hamna i Florø hadde fire cruiseanløp (36). Hurtigruta stoggar mellom 15 og 30 minuttar i både Florø og Måløy.

Cruise som ferieform byr både på ei rekkje utfordringar og ei rekke moglegheiter. Med ein venta vekst i framtidig cruisetrafikk bør ein setje inn tiltak for å ta vare på natur, miljø og samfunn. Auka trafikk er eit godt høve til å styrke innteninga i cruiserelatert verksemd på land, noko som skaper arbeidsplassar

og sikrar ei inntening som kan vidareutvikle reiselivstilboda i fylket. Sogn og Fjordane fylkeskommune har slutta seg til ein felles cruisestrategi for Vestlandsregionen. Målet er at cruisestrategien skal løfte fram relevante utfordringar for den forventa veksten av cruiseturismen i Vestlandsregionen med særleg fokus på verdiskaping, berekraft og lokalsamfunn (36).

FAKTABOKS (www.distriktssenteret.no)



Kystkommunen Vega i Nordland har gjennomført eit pionerarbeid med sin reiselivsstrategi. Frå å oppleve konkursar og nedgangstider på 90-talet, blei nye moglegheiter løfta fram og utvikla. Saman med Nordland fylkeskommune og ekstern støtte blei det utvikla ein reiselivsstrategi som skapte stort engasjement lokalt, blant næringsliv og lokalbefolkning. Medverknad var heilt sentralt, og dei busette fekk ein arena for å møtast for å diskutere spørsmål knytt til identitet og tilhøyrsle. Mellom anna *«kven er vi og kva verdiar har vi?»*, som skulle spegle ein sterk identitet og tru på seg sjølv.
I perioden frå 2005 til i dag har talet på turistar som kjem til Vega auka frå om lag 5 000 til 40 000.

Vega kommune har erfart at det er viktig med brei medverknad og at tett samarbeid fører til suksess. Breie prosessar sikrar forankring og eigarskap til planane som vart lagd.

På oppdrag frå Hyllestad kommune vert det jobba med etablering av ein UNESCO Global Geopark i HAFS. Ein Geopark er eit interessant verktøy for regionar med ein framifrå geologisk arv av internasjonal betyding (slik HAFS-regionen i følgje geologane rår over) og som ønskjer berekraftig samfunns- og næringsutvikling. UNESCO Globale Geoparkar er ein ny kategori som UNESCO har etablert i 2015 og som er likestilt med UNESCO verdsarv.

Å satse på ein Geopark vil vere ein stor mogelegheit for HAFS-kommunane, og vil supplere dei andre reiselivsatsingane i fylket.

3.7 Landbruk

Kunnskapsgrunnlaget vi tek fram her er henta frå Regional plan for klimaomstilling (37), som er under arbeid. Vi brukar her landbruk som fellesnemning for jordbruk og skogbruk. Jordbruk omfattar dyrking av jord- og hagebruksvekstar samt husdyrhold. Skogbruk er drift av skog, i tillegg kjem

landbruksbaserte næringar, som ikkje direkte er knytt opp til tradisjonell matproduksjon. Det kan vere Inn på tunet, aktivitetstilbod knytt til reiselivet, entreprenørtenester, foredling av råvarer på eige bruk, kafédrift og mykje meir.

Jordbruket i Sogn og Fjordane vert stadig meir effektivisert og automatisert og følgjer utviklinga i resten av landet mot færre og større einingar. Sjølv om tal bruk har gått ned, har vi i hovudsak halde oppe produksjonen på mjølk og vi har auka på bær. Men fylket har utfordringar med å greie å halde på produksjonsmengda av kjøt. Tal dyr går ned, og det er dermed færre dyr som nyttiggjer seg dei gode beiteressursane i utmarka.

Fylket har 4,4 prosent av jordbruksarealet i landet. Gjennom dei siste 10 år har jordbruksarealet i fylket blitt redusert, dyrka jord er omdisponert til andre føremål og ein del av arealet gått ut av drift. I gjennomsnitt er den einskilde jordbruksverksemda i vårt fylke mindre enn landsgjennomsnittet.

Bøndene i fylket fornyar seg og i åra 2008-2016 gav Innovasjon Norge 435 løyvingar til oppgradering eller bygging av nye driftsbygningar. I 2014 og 2015 var potten med bedriftsretta midlane brukt opp første halvår og fleire søknadar stod då på vent. Dette syner at det er stor vilje og ynskje til å investere og modernisere driftsbygningane i fylket. Det skjer mykje automatisering både i mjølke- og i sauefjøset, men også mykje innan hagebruket. Fram mot 2034 er det eit stor behov for omlegging frå båsfjøs til lausdriftsfjøs, då om lag 60 prosent av mjølka no vert produsert på båsfjøs.

Verdiskapinga innanfor jordbruket i Sogn og Fjordane er berekna til 885 mill. kroner i 2013. Dette er ein auke på 29 mill. kroner frå 2007. I tillegg kjem verdiskapinga i skogbruket på 133 mill. kroner, tilleggsnæringar på 133 mill. kroner og landbruksbasert næringsmiddelindustri på 596 mill. kroner. Totalt er dette rekna til over 1,7 mrd. kroner.

Om lag 15 prosent av det produktive skogarealet i Sogn og Fjordane er planta skog. Planting av skog er eit vurdert som eit klimatiltak for å binde $C0_2$.

3.8 Mineralnæringar

I Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015 (38),heiter det at Noreg har store mineralressursar som det moderne samfunnet har behov for og utvinning kan gje grunnlag for verdiskaping. Den regionale og kommunale arealplanleggingа er viktig for å sikre tilgang til gode mineralreservar i framtida, og for å ta hand om andre miljø- og samfunnsomsyn.

Regjeringa sine forventningar til regional og kommunal planlegging:

- Fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.

I følgje direktoratet for mineralforvaltning (DMF) har alle kystkommunane som er omfatta av kystplanen har registrerte førekomstar av pukk og grus av ulik betyding, naturstein, industrimineraler og enkelte metall. Fylket har blant anna førekomstar av industrimineralane olivin, feltspat og talk. Sidan dei aktuelle kommunane har naturleg lokalisering langs kysten har dei stort potensiale for frakt av mineral via skip. Dette gjeld spesielt med tanke på dei nasjonale og internasjonale ressursane. Til dømes er det i Bremanger kommune registrert pukkførekomstar av nasjonal og internasjonal betyding. Ved Dyrstad ligg Sæterfjellet steinbrot der førekomsten er av internasjonal betyding. Uttaket ligg nært ei utskipingskai der det vert frakta uforedla masser direkte til Nederland.

Vidare nemner DMF at det i Skipperdalen ligg ein trondhjemitt-førekomst av nasjonal betyding som er egna for drift i dagbrot. Avstand til sjø og moglegheit for etablering av djupvasskai er gunstig for utnytting av ressursen. I Hyllestad kommune er det eit uttak av ein regionalt viktig trondjemitt-førekomst der massar vert frakta via båt over fjorden til Kolo Veidekke sitt eige asfaltverk.



Figur 3-13: Omsetjing for dei 5 råstoffgruppene fordelt på fylke og samla omsetjing for dei 5 råstoffgruppene for heile landet i 2016.

I Flora kommune er det registrert ein sandsteinsførekomst av nasjonal betyding der det vert frakta masser via skip til Nederland. I Gulen kommune ligg Skipavika der det takast ut Gneis av nasjonal betyding og Halsvik pukkverk der det eksporterast Gneis til den internasjonale marknaden.

Ut over dette er det rundt om i kystkommunane registrert pukk- og grus førekomstar som er rekna som lokalt viktige. Dette er førekomstar som i framtida vil kunna ha betyding for lokal utnytting i regionar der det er få førekomstar av lausmassar.

Direktorat for mineralforvaltning opplyser at det for mineralnæringa er viktig å styrke kunnskapsmiljøa knytt til næringa.

3.9 Kystsone og planlegging

Alle aktørar, offentlege og private, er tent med klare rammehøve for korleis bruk av kystsona skal vere. Fylket må arbeide for å sikre raskare og meir heilskapleg planlegging av sjøareal (39). Brei medverknad og tett samarbeid mellom ulike interessentar i kystsona er ein viktig nøkkel i dette arbeidet.

Havnæringa er ein markant aktør i kystsona, og likt andre næringar er denne også i stadig endring som følgje av teknologiske innovasjonar, strukturendringar, krav og føringar, samt endra rammehøve frå ulike hald. Også i Sogn og Fjordane vil næringa sine behov for lokalitetar og utvida areal endre seg, og det offentlege plansystemet må handtere nye behov. Samstundes må havnæringa ta inn over seg si plikt til å delta i planarbeidet, som ein av aktørane i kystsona.

Frå styresmaktene er det eit ønske om å leggje til rette for berekraftig vekst i havsektoren, og det er uttalt ei forventning om at *fylkeskommunane og kommunane sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga og ser dette samen mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser* (38). I dette vert det lagt til grunn ei forventning om at *arealbehovet vert vurdert i eit regionalt perspektiv*, og ei auka bruk av regionale planar og interkommunalt samarbeid der det er hensiktsmessig med tanke på lokale fjordsystem og/eller sjøområde kor etableringar virke inn på kvarandre. Styresmakter (som Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Fiskeridirektoratets regionar, Mattilsyn og Kystverk) må bli flinkare til å minne kommunane om viktigheita av interkommunalt samarbeid og planar i sjøområda.

Kystkommunane og fylket samla må ha eit bevisst fokus på arealbruk og kystsona. Ein må samordne bruken av sjøareal for at veksten skal fortsette på ein berekraftig måte. Det må fokuserast på betre dialog med ei samla havnæring der alle ulike områder vert sett i samanheng.

Fleire kystområde i landet har med stor grad av hell, lukkast med interkommunale kystsoneplanar. Det har vore krevjande prosessar, men både i Romsdal, på Nordmøre og Søre Sunnmøre, i Sør-Troms og i Nord-Trøndelag med fleire ser ein på ulike former for samarbeid om arealplanlegginga som avgjerande viktig for utviklinga.

Solveig Willis, Quality manager i Salmon Group AS, skreiv i ein kronikk[18] i høve arbeidet med Verdiskapingsplanen at potensialt i sjømatnæringa er enormt, men samstundes vil det krevje kloke og modige val framover. Willis trekk fram tilgang på eigna areal som kritisk for havbruket sitt produksjonspotensial. Alle arealinteresser må sjåast i samanheng og betre utnytting av dagens

Sjømatgruppa, ei arbeidsgruppe for Verdiskapingsplanen, ser på arealtilgang som største utfordring for vekst, sjølv i eit fylke med låg utnyttingsgrad av sjøareal.

[18] http://verdiskapingsplanen.no/kronikk-sjomat-framtidsnaeringa-sogn-og-fjordane/

lokalitetar vil vere ein naudsynt del av løysinga på framtida sitt arealspørsmål. Willis skriv vidare at Sogn og Fjordane har betydelege areal som er verna, som avgrensar tilgangen på nytt areal. Både sjø- og landbaserte løysingar treng areal, og strandsona vil vere avgjerande for å sikre framtida.

3.10 Samarbeid på tvers - synergiar og vekst

Ein ser aukande grad av hausting av erfaringar på tvers av næring og fag – for å gjere seg nytte av kompetansen til å styrke eiga fagfelt og næring. Eksempelvis er den maritime kunnskapen som ein har i Noreg, heilt sentral for vidareutvikling av fiskeri, oppdrett og dei marine næringane, petroleumssektoren og for utvikling og bruk av havteknologi. Dette ser ein gode dømer på langs kysten av nordvestlandet, med eksempelvis samarbeid mellom typiske maritime klynger som GCE Blue Maritime og nye klyngedanningar som Blue Legasea med utspring i koplinga mellom marin og maritim kunnskap og kompetanse i Møre og Romsdal. Det er også døme på dette i Sogn og Fjordane, men i mindre skala. Det vil truleg vere eit stort ubrukt potensial som ligg i tettare samarbeid på tvers internt i fylket.

Samarbeid på tvers av næring og fagområde

«Å utløse potensialet for økt verdiskaping innebærer både å investere i konkrete kunnskapsbehov, og å videreutvikle organiseringen av kunnskapsinnhenting og stimulere til økt samarbeid på tvers av havnæringer og mellom fagmiljøer. Dette er viktig for å styrke både langsiktig grunnleggende kunnskap og anvendt kunnskap.»
Regjeringens Havstrategi – februar 2017 (25)

Studie i fare, men petroleumslogistikk
Vil vokse i havbruk og oppdrett
Bruker mer
Havbruksnæring i sterk vekst gir positive ringvirkninger for industriparken
Verdens første brønnbåtsimula
Regjeringen vil gi 65 millioner til grønn skipsfart
Her vil havnefogden lage maritim næringspark
Vil vokse i havbruk og oppdrett
Har snudd til overs!

Legasea ™ (Blue Legasea) er eit næringsklyngeprogram som fekk Arena[19] status i 2013. Prosjektet representerer den marine klynga i Møre og Romsdal, og har fokus på å vidareutvikle ei integrert komplett verdikjede for å kunne nytte 100 prosent av råstoffet som vert henta opp av havet, underbygge helseeffektar av marin biomasse, styrke kompetansenivået i klynga, auke vertskapsattraktiviteten og gjere klynga til ein naturleg møtestad for dei fremste ekspertane.
Eit viktig element i dette arbeidet er å etablere møteplass for den maritime og marine klynga for å saman utvikle morgondagens fiskefartøy, fangstmetodar og prosessteknologi for produksjon av helsebringande høgforedla ingrediensar frå marin biomasse. I dag alt samla inn under den «blå klynga» i Møre og Romsdal – Blue Legasea og Blue Maritime Cluster.

Dei naturgitte fortrinna som kystkommunane i Sogn og Fjordane har er naturleg nok i hovudsak knytt til nærleiken til havet og dei ressursane som finst der. I Møre og Romsdal og Bergensregionen, er eit viktig satsingsområde at erfaringsbasert kompetanse er og vert kopla enno sterkare med høgare formell kunnskap. Næringslivet ser nytta av å kople seg sterkare med akademia,

[19] Forskningsrådet sitt Arenaprogram tilbyr finansiell og fagleg støtte til langsiktig utvikling av regionale næringsmiljø.

og akademia ser det same andre vegen. Evna til å gjere seg nytte av moglegheitene i «havrommet» vil vere ein del av grunnlaget for den framtidige verdiskapinga i kystkommunane. For å lukkast med dette, trengs auka fokus på samarbeid på tvers av næringar, forsking og utvikling både gjennom det offentlege og brukarstyrt gjennom bedriftene, samt evne til omstilling frå dei meir tradisjonelle verksemdene til nye marknader. Til dømes arbeider Maritim Foreining Sogn og Fjordane allereie med dette. Når det gjelder ein felles front på tvers av fleire næringar bør det gjerast meir arbeid.

Ein erfarer fleire stader i landet, spesielt i dei større maritime klyngene[20], at nye marknader vert jobba mot med utgangspunkt i til dømes skipsindustrien. Kompetansen innan tradisjonell maritim næring vert nytta inn mot mellom anna offshore vindkraft, gruvedrift til havs, havbruksnæringar som prosessering av fisk om bord i skipa, offshore havbruksanlegg med utviklingskonsesjonar[21], med direkte overføring av kunnskap.

Kysten av Sogn og Fjordane må framover jobbe for ei betre kopling mellom sine eigne kunnskapsmiljø innan akademia og utdanning, opp mot dei sterke næringsmiljøa langs kysten. Dette vil bidra til synergiar mellom ulike fagområde og vil kunne gi nye næringsaktørar for kystkommunane som treng nye og attraktive arbeidsplassar. Dette er noko Maritim Foreining Sogn og Fjordane er i gang med allereie.



Figur 3-14: Verdiskaping og overlapp mellom dei havbaserte næringane, i mrd. 2014-kr (Kjelde: Maritim21, 2016)

Å sjå havnæringane i samanheng gir moglegheiter for å utnytte synergiane. Havnæringane kan lære av kvarandre, nytte teknologi og utvikle produkt og tenester på tvers av sektorar og marknader.

[20] Maritim klynge i Møre og Romsdal, Haugalandet og Bergen
[21] Sjå fiskeridir.no

3.11 Frå NHO sitt kommune NM i 2017

Her rangerar Næringslivet Hovudorganisasjon (NHO) kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi[22]. Figur under viser status for kommunane i Sogn og Fjordane fylke.



Figur 3-15: Frå NHO sitt kommune-NM i 2017 (Kjelde: NHO)

Gulen (84. plass) er einaste kommune som kjem godt ut av kystkommunane, medan Flora (104.) og Fjaler (110.) kjem brukbart ut. Vågsøy (180.) og Hyllestad (249.) kjem ut midt på treet, Askvoll (297.), Selje (317.) og Bremanger (328.) skårar lågt medan Solund (380.) har utfordringar knytt til kommunal attraktivitet. Det er tyngdepunkta i fylket, med Sogndal (16.), Leikanger (19.) og Førde (37.) som elles kjem godt ut.

Ser ein djupare i talmaterialet, med samleindikator som grunnlag, finn ein også at Gulen har styrka sin posisjon mykje sidan 2011. Den gong var kommunen på 162. plass. Gulen skil seg ut frå dei andre som kjem ut med «best» karakter, gjennom at her er det arbeidsplassar innan «jordbruk, skogbruk og fiske» / «transport og lagring» samt «helse- og sosialtenester» som dominerer. Flora har i same periode, frå 2011 til 2016 hatt ei svak negativ utvikling, frå 96. plass. Fjaler har ein enno sterkare positiv utvikling enn Gulen, med endring frå 267. plass i 2011. Dei andre ligg om lag på same nivå som tidlegare år. Vågsøy er den som har utvikla seg mest i feil retning.

[22] Talgrunnlaget er frå 2016

Samla sett ligg Sogn og Fjordane på 12. plass av landet sine fylke. Eit nivå som har vore stabilt sidan 2011. Tabell 3-2 viser oversikt over kystkommunane og delindikatorar som NHO har sett på.

Tabell 3-2: NHO sitt Kommune-NM, delindikatorar 2016 (Kjelde: NHO)

Kommune	Næringsliv	Arbeids-marknad	Demografi	Kompetanse	Kommune-økonomi	Samla
Flora	54	201	171	120	149	**104**
Hyllestad	279	292	159	73	393	**249**
Vågsøy	73	200	320	104	208	**180**
Gulen	163	34	143	64	424	**84**
Selje	192	214	311	364	340	**317**
Solund	283	236	391	280	413	**380**
Askvoll	220	142	258	325	359	**297**
Fjaler	263	59	182	27	302	***110***
Bremanger	276	198	365	174	374	**328**
Heile fylket	***12***	***3***	***18***	***6***	***19***	***12***

Tala viser stor variasjon bak den samla vurderinga. Eksempelvis ser ein at Flora vert rangert lågare på arbeidsmarknad, demografi og kompetanse enn samla vurdering skulle tilseie. Dette indikerer at kommunen må gjere grep for å styrke sin posisjon framover. Spesielt ettersom ein også ser ein negativ trend i rangeringa som tidlegare nemnd. Likeeins har Gulen mykje svakare skår på næringsliv og demografi enn den gode samla vurderinga kan tilseie. Dette indikerer at framtidsutsiktene for å behalde den sterke rangeringa kommunen har, ikkje naudsynt er trygge. Vågsøy har eit sterkt næringsliv, men dei andre indikatorane tilseier også for denne kommunen at framtid må sikrast gjennom gode grep for å ta vare på næringslivet som i dag er til stades.

Alle kommunane skårar lågt når det gjeld kommuneøkonomi, med unntak av Flora som er på øvre halvdel landet samla sett. Her er det ein «klassisk samanheng» med storleiken på største by/tettstad i kommunen. For fylket under eitt, er Sogndal (16), Leikanger (19) og Førde (37) «vinnarane».

3.12 Arbeidsmarknader og pendling

Ulike reiser som arbeidstakarar gjer for å komme seg på jobb, er ein interessant faktor for å gjere seg opp ei meining om korleis arbeidsmarknaden er og fungerer i Distrikts-Noreg. Pendlingsstraumar internt i fylket viser at Førderegionen, saman med Sogndalsregionen, har omfattande pendling mellom kommunane. Førde er sentrumskommune i sin region. Florø har stor pendling til Førde, medan om lang ein tredel pendlar andre vegen.

Nordfjord har ikkje nokon dominerande innpendlingskommune, men det er stor pendling frå Vågsøy til Eid. Ser ein konkret på kystkommunane ser ein eit litt variert bilete, tabellen under gir ei oversikt.

Tabell 3-3: Sysselsette per. 4. kvartal 2016. Pendlingsstraumar kystkommunane (Kjelde: Sogn og Fjordane fylkeskommune)

Arbeid / Bustad	Flora	Hylle-stad	Vågs-øy	Gulen	Selje	Solund	Ask-voll	Fjaler	Brem-anger
Flora	***4854***	1	12	1	6	3	2	7	42
Hyllestad	12	***501***	0	2	0	0	3	66	1
Vågsøy	10	0	***2497***	1	66	0	1	0	15
Gulen	7	7	0	***893***	0	4	13	8	1
Selje	3	0	127	1	***952***	0	0	0	0
Solund	3	0	11	7	0	***318***	0	15	0
Askvoll	20	8	1	1	0	0	***983***	88	1
Fjaler	13	65	0	7	0	0	44	***993***	3
Bremanger	75	0	51	1	0	0	0	0	***1412***

Arbeidstakarar pendlar i avgrensa grad mellom kystkommunane, sjølv om det er ein sterk trend generelt at ein pendlar meir til større arbeidsmarknader i dag enn før. Hovudtyngda av busette arbeider i eigen kommune, men det er nokre unntak kor om lag 10 prosent av dei busette i arbeid pendlar til kringliggjande kommunar. Hyllestad og Askvoll til dømes, med pendling til Fjaler.

Tabell 3-4 under viser at også Førde og Eid er viktige arbeidskommunar for busette i kystkommunane. Andre kommunar i fylket har berre eit fåtal pendlarar til/frå kystkommunane.

Tabell 3-4: Sysselsette per 4. kvartal 2016. Pendlingsstraumar andre kommunar i fylket (Kjelde: Sogn og Fjordane fylkeskommune)

Arbeid / Bustad	Sysselsette i bustad-kommunen	Sysselsette i arbeidsstad-kommune	Eigen kommune	Største pendlarkommune (arbeid) utanom kystkommunane
Flora	5405	5316	4854	Førde (373)
Hyllestad	652	662	501	Førde (30), Høyanger (23)
Vågsøy	2722	2875	2497	Eid (73), Førde (27)
Gulen	968	955	893	Høyanger (15)
Selje	1162	1037	952	Eid (47), Stryn (16)
Solund	363	327	318	Førde (4)
Askvoll	1301	1072	983	Førde (161)
Fjaler	1254	1307	993	Førde (90), Gaular (18)
Bremanger	1607	1537	1412	Eid (25), Førde (20)

Ein ser at for Flora, Vågsøy og Gulen er 90 prosent eller meir av dei sysselsette frå eigen kommune, medan for Hyllestad, Askvoll og Fjaler er tilsvarande tal under 80 prosent.

Figur 3-15 viser dei største pendlingsstraumane i fylket, medan figur 4-2 viser pendlingsstraumen mellom kystkommunane og Hordaland og Møre og Romsdal-



Figur 3-16: Dei største pendlingsstraumar i fylket, berre dei med over 40 pendlarar. Kjelde: SSB-tabell 07984.

3.13 Aktuelle strategiområde/potensial for næringane på kysten

Det er ei lang rekke område og tema som har ønskje om auka fokus når det kjem til utviklinga på kysten av Sogn og Fjordane. Nokre hovudområde skil seg like fullt ut gjennom arbeid som er gjort i løpet av 2017 med ein strategisk plan for kysten:

- Sterkare prioritering av kystsamarbeid, framfor andre samarbeid, kan skape nye moglegheiter. Eit felles kystråd for kysten og felles næringsutviklingsselskap (på tvers av næringane) kan vere ein veg å gå.
- Det er store synergiar i å hente i å gjere seg nytte av kompetansen som ligg i dei forskjellige næringane. Meir samarbeid og meir utveksling av kompetanse næringane mellom og tettare samarbeid med utdanningsinstitusjonane gjev nye moglegheiter.
- Felles arealplanlegging langs kysten for å gjere avklaringar om arealbruken på overordna nivå. Ein kan ikkje la utviklinga bli hindra av kommunegrenser og planressursar. Her kan kommunane og fylkeskommunen saman, i samråd med næringane, gjere eit arbeid for å sikre riktige, berekraftige og framtidsretta val.
- Samferdslesatsingar som ikkje berre handlar om veg, men også sjøtransport nord-sør langs kysten må styrkast. Dette vil gi ein større bu- og arbeidsmarknad, og auke attraktiviteten både til næringslivet og til busetting. Kystens digitale infrastruktur må betrast.
- For at ein skal kunne skape entusiasme og drivkrefter for ein strategisk plan, må strategiane vere konkrete nok til at aktørane kan bidra til realiseringa. Verdiskapingsplanen må konkretiserast meir og spissast inn mot kysten sine utfordringar og moglegheiter.

Å sjå havnæringane i samanheng gir moglegheiter for å utnytte synergiar. Havnæringane kan lære av kvarandre, utnytte teknologi og utvikle produkt og tenester på tvers av sektorar og marknader.

4 Samferdsle

4.1 Samandrag

Samferdsle er ein avgjerande premiss for at kystkommunane skal lukkast i sine ambisjonar om vekst. Ein større BAS-region er det som kan gjere kysten av Sogn og Fjordane meir attraktiv for ny busetting og nyetableringar i næringslivet.

Gjeldande planar og kunnskapskjelder

Regional transportplan Sogn og Fjordane 2018 – 2027 inneheld mål for alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar og tiltak for å nå dei overordna måla. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine eigne prioriteringar og innspel/føringar til prosessar som gjeld fylket men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde. Transportplanen legg mål og prioriteringar for fylkesvegane, kollektivtrafikk, trafikktrygging, næringstransport (også breiband), skredsikring og statleg infrastruktur.

Viktige satsingar for kysten:

- Når det gjeld fylkesvegstrekninga Svelgen-Indrehus ligg den inne på investeringsprogram for perioden 2018 – 2021 med ei oppstartsløyving på 15 mill. kr i 2020 og 150 mill. kr i 2021. Resten av prosjektet må finansierast etter 2021.
- Fylkeskommunen vil gjennomføre godsanalyse for å finne fram til potensialt for overføring av gods frå veg til sjø. Ein vil også opprette tilskotsordning for vedlikehald av fiskerihamner.
- Fylkeskommunen vil påverke og støtte kystverket sitt arbeid med utbetring av farleier
- Når det gjeld kjøp av regionale flyruter er det bestemt at fylkeskommunen skal overta ansvaret for kjøp av regionale flyruter frå 2020.

Strategi for breiband i Sogn og fjordane 2016-2020, slår fast at fylket har gjennom fleire år hatt dårlegast dekning av neste generasjon breiband i landet. Etter stor samordna innsats er dette i ferd med å betre seg noko, men framleis står mykje att. Strategien målber at alle i fylket skal ha tilgang til andre generasjons breiband innan 2020. I tillegg er det sett mål om opp- og nedlastingskapasitet til ulike brukargrupper.

Når det gjed farleier ligg det føre Sjøsikkerhetsanalyse som grunnlag for NTP, Kystverket sitt handlingsprogram (vedteke) og Farledsgjennomgang Florø-Stad. I 2018 skal Kystverket dele ut 75 mill. kr i tilskot til etablering av sjøbaserte godsruter. I tillegg ligg det føre Nasjonal hamnestrategi og her må det nemnast at ansvaret for hamner vert overført frå staten til fylkeskommunane frå 2020.

Kunnskap, analysar og erfaringar

Ser ein på Nasjonal Transportplan 2018-2029 (NTP) som er vedteken i Stortinget sommaren 2017, er det ikkje mykje som er tenkt realisert kring kysten av Sogn og Fjordane. Einaste, men like fullt særs viktige tiltak for både samferdsle og reiseliv er Stad Skipstunnel som ligg inne med midlar til investering.

Regional transportplan 2018 – 2027 vart vedteke av fylkestinget desember 2017. Gjennom handsaminga av RTP har fylkestinget fastlagt framtidig trase for Kystvegen. Statens vegvesen arbeider i hovudsak kring små tiltak på vegstrekningar, mens dei store prosjekta gjeld E39.

Næringsliv og kommunane på kysten etterspør felles auka satsing på samferdsle for å utvide bu-, arbeids- og serviceområde (BAS-områda) langs kysten. Dei ynskjer eit langsiktig arbeid for å realisere kystvegen og på kort sikt betre vilkåra for transport av personar og gods sjøvegen, samt etablere betre digital infrastruktur.

Potensial for utvikling

Realisering av kystvegen Måløy-Florø aukar potensiale for utvikling ved å styrke bu- og arbeidsmarknaden mellom næringsmessige tyngdepunkt på kysten.

Betre kommunikasjon sørover på kysten frå Florø gjennom realisering av kystveg/båtruter saman med realisering av Stad skipstunnel for å opne nye bu- og arbeidsmarknader nordover. Hurtigbåt Bergen-Ålesund for å utvide bu-, arbeids-, og reiselivsmarknaden både nordover er ønska utgreidd av Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Større strekningsvise farleitiltak vil gi gjennomgåande god standard i hovud- og bilei, og dette gir auka framkome og sikkerheit for skipstrafikken. Meir gods frå veg til sjø for å få tungtrafikk vekk frå smale vegar og meir klimavennleg transport, samtidig som ein ser på ny organisering av hamnene (samanslåing) for samordning av avgifter og effektiv drift. Eksportretta transport går i stor grad på båt og innanlands transport går mest på veg.

Betre digital infrastruktur som grunnlag for næringsutvikling langs heile kyststripa og auka tryggleik. Realisering av hydrogendriven hurtigbåt som utstillingsvindauge for grøn teknologi.



Figur 4-1: Dei største pendlingsstraumar i fylket, berre dei med over 40 pendlarar. Kjelde: SSB-tabell 07984.

Ein ser av figuren over at dei store pendlarstraumane til/frå kystkommunane går aust/vest, ikkje nord/sør. Betre samferdsletilbod nord/sør vil gje auka attraktivitet for kystkommunane, gjennom å gjere arbeidsmarknaden både større og meir kunnskaps- og kompetansespreidd.

Av figuren under ser vi at det er store pendlarstraumar også ut av fylket både nordover og sørover. Dette gjere seg mest gjeldande i «randsonekommunane», men vi ser også at pendlinga mellom Flora og Hordaland er betydeleg[23].



Figur 4-2: Pendlarstraumar mellom kystkommunane og ut av fylket, 2017. Kjelde: SSB-tabell 07984.

[23] Ei feilkjelde kan vere at firmaadresse og arbeidsplassadresse ikkje alltid er den same.

4.2 På land og til sjøs

God infrastruktur (veg, båt, energi og digital kommunikasjon) er ein av fleire viktige føresetnader for at kystkommunane kan ha eit tilstrekkeleg godt grunnlag for å sikre vidare vekst og utvikling av næringslivet generelt, havnæringane spesielt og dermed busetting. Her vil både velfungerande og sikker maritim infrastruktur og transport på land vere viktig. Det same vil det å ha sikre, robuste og brukarvennlege digitale tenester for kommunikasjon vere. Dette er grunnleggjande for næringslivet og viktigare vert det i framtida. Dette gjeld mellom anna mobil- og breiband, robuste ekom-nett, marknadsregulering og tryggleik i nett og tenester, på lik linje med meteorologiske tenester og redning/beredskap.

Nasjonal Transportplan 2018-2029 (NTP) som er vedteken i Stortinget sommaren 2017, er det ikkje mykje som er tenkt realisert kring kysten av Sogn og Fjordane. Einaste, men like fullt særs viktig for både samferdsle og reiseliv, er prosjektet som ligg med midlar til investering – Stad Skipstunnel.

Meir lokalt og regionalt er det eit større vegprosjekt ein jobbar for å realisere, Kystvegen. Kystvegen er utgreidd frå fylkesgrense til fylkesgrense, men i Regional Transportplan 2018-2027 (RTP) er det tiltak mellom Måløy og Florø som er prioritert. Hovudmålet bak denne er å kunne bidra til å skape vekst på kysten av Sogn og Fjordane. Det er også etablert eit eige selskap, Kystvegen Måløy-Florø AS som arbeider med formål å få realisert kystvegen.. Prosjektet vil knyte saman Vågsøy, Bremanger, Flora og Førde til ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med om lag 50 000 menneske.

Samfunnsnytte

Det er mykje forskings- og utgreiingsarbeid som har skjedd dei siste åra knytt til *samfunnsnytte av infrastruktur*. Ein finn god støtte i arbeid som er gjort gjennom forskingsprosjektet Ferjefri E39 i regi av Statens vegvesen. Her er eit hovudfokus at nytta av å investere i infrastruktur handlar om meir enn berre sjølve transporten på vegane (det kan også vere tiltak med betre båtruter). I NTP er samfunnsnytte diskutert ein god del, men det ligg ikkje klare og tydelege føringar i korleis ein skal berekne dette.

Fleire av komponentane i samfunnsnytte er vanskeleg å måle, men utviklinga ein ser i Noreg i dag er driven av *kunnskapsintensive produkt/tenester*. Næringane i Noreg har eit høgt lønns- og kostnadsnivå, og vi må derfor bygge inn så mykje kvalitet og meirverdi i produkta og tenestene at dei kan kompensere for kostnadane. For å sikre kunnskapen, det vil seie kompetansen i arbeidskrafta, er ein tilstrekkeleg stor arbeidsmarknad tilgjengeleg viktig. Dette får ein om infrastrukturen er til stades – gjennom å gjere det mogleg å pendle til og frå arbeid på kort nok tid avhengig av bustad. Nye/utbetra vegar, nye forbindelsar som bru og tunnel, betre og hyppigare båtruter mellom strategisk viktige

stader og ein oppgradert infrastruktur for digitale tenester vil vere avgjerande for å sikre framtidig utvikling for kystkommunane. Gjennom dialogen med aktørar (offentlege og private) som ein har hatt i arbeidet med den strategiske planen for kysten, vert det trekt fram at det til dømes ikkje er gode pendlarbåtruter frå Flora og heilt nord til Selje, samt frå Flora og sørover til Askvoll, Solund og Gulen.

Samstundes trekk næringslivet fram at det er særs viktig å sikre ein infrastruktur som gjer det mogleg å etablere ein tettare tilknyting til dei sterke klyngene (spesielt maritim og marin) både i Møre og Romsdal og i Hordaland. Næringslivet ser seg tent med å knytte seg til dei sterke (og større) kompetansemiljø som finst både nord og sør for fylket.

Regional transportplan

Regional transportplan 2018-2027 (RTP) omhandlar heile transportsystemet i fylket.

FAKTABOKS (www.sfj.no)



Regional Transportplan Sogn og Fjordane 2018-2027 . Transportplanen er vedteken i fylkestinget i Sogn og Fjordane 5. desember 2017.

Fylkeskommunen sin overordna visjon for transportpolitikken i Sogn og Fjordane er *«Å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og som fremmer regional utvikling.».*

Visjonen inneber at fylkeskommunen må gjere prioriteringar slik at ressursbruken bidreg i retning av følgjande tre hovudmål:

- Betre framkome for personar og gods i heile fylket
- Redusere transportulukkene i tråd med nullvisjonen
- Redusere klimagassutsleppa i tråd med ei omstilling mot eit lågutsleppssamfunn og tilpasse infrastrukturen til endra klima med meir nedbør.

Transportplanen har definert mål for fylkesveg, kollektivtrafikk, trafikksikkerheit, næringstransport, skredsikring og statleg infrastruktur. Innan kvart område er det tiltak som gjeld heile fylket og ikkje kysten særskilt.

Dette er ein langsiktig plan for transportsektoren i Sogn og Fjordane, men det er ei oppfatning hos aktørar på kysten vi har vore i dialog med (både offentlege og private) at transportplanen manglar eit godt nok fokus på kysten. Dei seier at RTP bør spissast meir mot utfordringane som kystkommunane har og vil få i framtida. Her må ein inkludere meir fokus på båttrafikken og dei moglegheitene som ligg i å legge betre til rette for transport på sjø. I dag går det i sesongane mange trailerlass mellom Pelagia sitt anlegg i Moldefjorden (Selje) og Pelagia sitt anlegg/lager på Trollebø (Vågsøy). Dette er eit klassisk døme på transport som kan flyttast frå land til sjø. Særleg når ein legg til at vegen dei køyrer på i dag er utan gul midtstripe. Men, riktige verkemidlar for å gjennomføre den gode og berekraftige utviklinga manglar – det må verte meir attraktivt med sjøtransport, sjøen må brukast som eit konkurransefortrinn. Dette er både ei nasjonal målsetting, og det er noko som næringsaktørar på kysten trekk fram.

Grøn skipsfart

Grøn skipsfart er særs viktig for samferdsle generelt, og sjølve båttransporten spesielt. All framtidig utvikling innan transport skal ha eit grønt og berekraftig perspektiv. Miljøutslepp skal reduserast. Fylkeskommunen skal gjennomføre ei analyse om dette i 2018. Her skal ein gjere djupneintervju av utvalde aktørar innanfor industri og transport i fylket. Ein ønskjer ei forståing av kva potensial næringane ser, og kva utfordringar som må løysast for å gjere seg nytte av dei moglegheiter som ligg i marknaden.

Pendling, næringsliv og sysselsetting

Gode løysingar for samferdsle og større bu- og arbeidsmarknader påverkar mykje - pendling, næringsutvikling og -vekst, sysselsetting og busetting. Ser ein på statistikk om arbeidskommune opp mot bustadkommune, får ein eit intrykk av korleis dette er for kystkommunane i dag. Dette er omtala i kapittel 3.11.

Sjøtransport og maritim næring

Frå dialog med Kystverket, Hamnevesen og næringslivet på kysten veit vi at trygge, effektive og godt tilgjengelege farleier er avgjerande for kor godt eigna og attraktiv næringsområda på land er. Det er viktig at arealplanlegginga sikrar farleiene og målpunkt på land. Målpunkt for skips-trafikk er hamnebasseng og næringsområde på land, og desse overgangane må sjåast i samanheng og i eit større perspektiv for å sikre god tilkomst og tilgang. Som ein del av dette bør hamnebasseng haldast fri for installasjonar som er til hinder for manøvrering, til dømes kablar, leidningar og reiskap.

Kystkommunane har ei rekkje hamner med ulike hamnefunksjonar. Dette inkluderer fiskerihamner (både statlege og private), industrikaiar (både offentlege og private), kaiar til bruk for akvakulturnæringa, kommunekaier, gjestehamner og småbåthamner.

Hamner/kaiar har ein viktig funksjon som infrastruktur for næringslivet. I tillegg kan fleire av lokalitetane vera utgangspunkt for andre interessegrupper, som til dømes gjestehamn, og maritime opplevingar. Mange hamner har ei blanding av desse funksjonane innanfor eit avgrensa område. Ei slik funksjonsblanding kan vera ei utfordring i forvaltninga, men kan òg vera ein styrke for hamna sin posisjon i regional samanheng.

Kommunar med attraktive næringsområde med tilgang til sjø har ei konkurranseføremon for maritim næringsutvikling. Næringsområde med tilgang til hamn/kai skapar ofte ei klynge-danning av verksemder innan same bransje. Dette skapar synergieffektar som kan føre til reduserte kostnadar og betre utnytting av ressursane. Det er viktig å sikra dei gode hamneområda, med omsyn til god tilkomst både frå sjøsida og landsida. For store verksemder betyr det både kort avstand til europaveg/riksveg/fylkesveg på land, og kort avstand til hovud-/bilei på sjøen.

Farleiene er transportårene for sjøtransporten langs kysten og for inn- og utsegling til havområda utanfor kysten. Leiene er som oftast bestemt av naturgjevne tilhøve som øyar, holmar, skjer, grunner og liknande. Desse tilhøva avgrensar leia både i djupne og breidde og med omsyn til retningsendringar. Ulike typar fartøy eller installasjonar har varierande manøvreringsmoglegheit, og ut frå dette ulikt krav til djupne, breidde og areal. Farleisnormalen er sentral for å ivareta desse omsyna. Kystverket er opptekne av at det på alle plannivå er ei medviten haldning til dei rammevilkåra som må vera til stades for å oppnå ein effektiv sjøverts ferdsel. AIS (Automatisk Identifikasjonssystem) for skipstrafikk er eit nyttig verktøy i samband med arealplanlegging.

Staten ved Kystverket har ansvar og myndigheit for alle hovudleier og bileier uansett kor desse går. I normaltilhøve stoppar hovudlei og bilei ved inngangen til hamneområdet.

4.3 Breiband, mobilVHF/kystradio – elektronisk infrastruktur

Breiband er avgjerande viktig for konkurransesituasjonen for offentleg og privat verksemd. Eit godt breibandtilbod gir potensial for staduavhengige arbeidsplassar, nye bedrifter, positivt omdøme og slik betre føresetnader for befolkningsutvikling.

Tilgang til breiband av god kvalitet og med tilstrekkeleg kapasitet er ein føresetnad for digital deltaking og for at alle innbyggjarar skal kunne nytte grunnleggande offentlege tenester. Breiband er også sentralt innan formidlingstenester og utvikling av velferdsteknologi innan helse- og omsorgstenester.

Digital infrastruktur er også ein viktig føresetnad for andre typar kritisk infrastruktur. Det er viktig at breibandet har god driftstryggleik og oppetid i beredskapssituasjonar. I slike situasjonar er det særs viktig med tilgang til tele- og datanett ved ein rekkje kritiske lokalitetar i fylket.

Fylket har gjennom fleire år hatt dårlegast dekning av neste generasjon breiband i landet. Etter stor samordna innsats er dette i ferd med å betre seg, men framleis står mykje att.

I april 2016 vart det vedteke Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020 (40). Strategien målber at:

- Alle skal ha tilgang til andre generasjons breiband innan 2020
- Minst 100 Mbps begge vegar (opp- og nedlasting) til næringsliv og offentleg sektor
- Minst 30 Mbps nedstraums og 10 Mbps oppstraums til husstandar.

4.4 Aktuelle strategiområde/potensial for utvikling innan samferdsle

Samferdsle omhandlar mykje, og er ein særs viktig føresetnad for utviklinga av kysten. Gjennom arbeidet med ein strategisk plan, peiker det seg ut nokre viktige område å sjå nærmare på:

- Realisering av kystvegen Måløy-Florø for å styrke bu- og arbeidsmarknaden mellom næringsmessige tyngdepunkt på kysten.
- Betre kommunikasjon sørover på kysten frå Florø gjennom realisering av kystveg/båtruter saman med realisering av Stad skipstunnel for å opne nye bu- og arbeidsmarknader nordover. Overordna sett er hurtigbåt Bergen-Ålesund og slik utvide bu-, arbeids-, og reiselivsmarknaden både nordover og sørover.
- Større strekningsvise farleitiltak vil gi gjennomgåande god standard i hovud og bi-lei, og dette gir auka framkome og sikkerheit for skipstrafikken.
- Meir gods frå veg til sjø for å få tungtrafikk vekk frå smale vegar og over til meir klimavennleg transport, samtidig som ein ser på ny organisering av hamnene.
- Betre digital infrastruktur som grunnlag for næringsutvikling langs heile kyststripa og auka tryggleik.
- Realisering av hydrogendriven hurtigbåt som utstillingsvindauge for grøn teknologi.

Dei store pendlarstraumane til/frå kystkommunane går aust/vest, ikkje nord/sør. Dette heng saman med både arbeidsmarknad og samferdsle. Betre samferdsletilbod nord/sør vil gje auka attraktivitet for kystkommunane, gjennom å gjere arbeidsmarknaden både større og meir kunnskaps- og kompetansespreidd.

5 Naturmangfald og friluftsliv

5.1 Samandrag

Kysten sine natur -og miljøkvalitetar gjev både moglegheiter og utfordringar i samfunnsutviklinga. Ein del område er omfatta av nasjonale og lokale vern, samtidig som dei er ressursgrunnlaget for utvikling av marine næringar. Kartlegging og arealplanlegging er sentrale gjeremål for avklaring av bruk og vern.

Gjeldande planar og kunnskapskjelder

Ei lang rekke nasjonale og regionale rammer, planar og strategiar gjeld kring bruk og vern av sjøareala og strandsona. Ulike fagetatar og styresmakter har kartbasar for sine tema opne på nett. Under har vi lista opp ei rekke relevante kunnskapskjelder og planar:

- Fylkesatlas er eit kartteneste frå Fylkesmannen og fylkeskommunen som gir ei samla oversikt over sjøkart, landkart, satellittbilete, ortofoto og ei lang rekke kartfesta fagtema (nær komplett).
- Fylkeskommunen sin plan for vindkraft 2011, har ein omfattande faktadel med relevante tema for kysten. Stikkord er landskap, biologisk mangfald, friluftsliv, reiseliv, landbruk, sjøfart m.m.
- Fylkeskommunen sin verdiskapingsplan 2014, har mellom anna tiltak som gjeld kartlegging av sjøbotn og kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora som er i gang. Prosjektet Multikriterieanalyse er starta opp for å bidra til tilrettelegging av temadata gjere ei konfliktanalyse mellom ulike relevante tema for planlegging i sjø.
- Kommuneplanane i kvar kommune omfattar også areal i sjø. Enkelte kommunar har oppdaterte planar medan andre er eldre og etter kvart mindre relevante for dagens problemstillingar.

Kunnskap, analysar og erfaringar

Regjeringa sin havstrategi (25) rettar stor merksemd mot kystsona og ei lang rekke offentlege og private aktørar arbeider med kunnskapsgrunnlag og utvikling retta mot sjøen. Mange regionar arbeider no med felles arealplanar for sjøområda fordi dei meiner det er viktig for samfunnsutviklinga. Døme er plan for Sunnhordaland og ytre Hardanger, plan for Romsdalsfjorden og plan for Tromsøregionen. Nokre av dei er fylkeskommunale planar og andre er interkommunale planar med fylkeskommunen som medspelar.

Kommunane sjølv, næringane på kysten og regionale styresmakter peikar på at oppdaterte kommunale arealplanar langs heile kysten er eit avgjerande grunnlag for å sikre areal til både bruk og vern. Tilbakemeldingane er ikkje eintydige på om det skal vere felles planlegging, men det er samstemt peika på behovet for samordning.

Potensial for utvikling

Ei grundig kartlegging og oppdatering av temadata (er starta opp) gjev grunnlag for tydelegare arealavklaringar mellom ulike interesser.

Eit overordna felles planarbeid langs kysten som gjev føringar og legg opp til balanse mellom bruk og vern. Dette inneber at næringane på kysten får høve til auke og endringar i nokre område, medan det vert lagt meir avgrensingar på andre område.

Når det gjeld klima og ureining er det nokre punkt som peikar seg ut til å vere særskilt relevant for kysten:

- Kysten har mellom anna rikeleg tilgang til ulike typar havenergi
- Utvikling av transport sektoren med utsleppsreduksjon og omlegging grøn industri
- Tema ureining av havet og miljørydding.



Figur 5: Status for samfunns- og arealdelar i kommunane sine kommuneplanar.

5.2 Naturmangfald og verneverdiar i naturen

Allemannsretten er eit fellesgode og ein del av den norske kulturarven. Den største allmenningen Noreg har, er knytt til sjø og havområda som strekk seg frå kystlina og 200 nautiske mil ut i havet. Sjøområda har ikkje private eigarar og er såleis ein del av den norske allmenningen. Det er likevel ikkje fritt fram for å utnytte ressursane, og all næringsverksemd i sjø og på hav føreset at utøvaren er gitt løyve frå norsk mynde til utøvinga enten gjennom kvote, lisens eller konsesjon.

Det er eit press på areala i kystsona, og ulike interesser konkurrerer ofte om dei same områda. Bruks-interesser som akvakultur og andre næringsinteresser, sjøtransport, fiskeri, forsvaret, reiseliv og friluftsliv har alle sin rettmessige plass i kystsona. I tillegg har kystsona betydelege natur-, landskaps- og kulturminneverdiar.

Nasjonale og lokale rammer

Kysten sine natur -og miljøkvalitetar gjev grunnlag for både moglegheiter og utfordringar i samfunnsutviklinga. Mange område er omfatta av nasjonale og lokale vern, samtidig er dette ressursgrunnlaget for utvikling av marine næringar.

Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona (13) lang sjøen føl opp plan og bygningslova 2008, der byggeforbodet langs sjøen er vidareført og stramma inn. Målet er å ivareta allmenta sine interesser og unngå uheldig bygging. I 100- metersbeltet skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Det er gjennomført ei geografisk differensiering der vernet er mest strengt i sentrale område der presset er stort. Alle kystkommunane i dette planarbeidet er rekna for å ha mindre press på arealutnyttinga og er plassert i den sona der vernet er minst strengt.

Dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging (13) gjeld sentrale tema i areal- og samfunnsutvikling, mellom anna natur, kulturmiljø og landskap. Naturmangfaldlova sine alminnelege bestemmelsar skal leggast til grunn. Utvalde naturtypar og prioriterte artar sine økologiske funksjonsområde skal innarbeidast i planlegginga på sjø og land. Det same gjeld omsyn til landskap, vedtekne verneområde og

I Sogn og Fjordane er det i hovudsak kommunane sine kommuneplanar som gjev rammene.

Område som er verna eller bandlagt på anna måte

Ulike vern, bandlegging eller omsyn regulerer arealbruken i strandsona. Døme er naturreservat, fuglefredingsområde, viktige naturtypar, utvalde naturtypar, trua dyre og planteartar, område for friluftsliv med meir. Samla oversyn over desse er tilgjengeleg på Fylkesatlas (16).

Kysten sine natur -og miljøkvalitetar gjev både moglegheiter og utfordringar i samfunnsutviklinga. Mange område er omfatta av nasjonalt og lokalt vern, samtidig er dette ressursgrunnlaget for utvikling av marine næringar.



Figur 5-1: Utsnitt frå området kring Florø, med ulike typar registreringar i sjøen. kjelde fylkesatlas

Marint naturgrunnlag

Kystkommunane omfattar skjergardslandskap, fjordarmar og eksponerte havområde, og denne variasjonen gir eit særs variert og rikt plante- og dyreliv. Dei naturgjevne tilhøva gir grunnlag for eit høgt mangfald og sterke bestandar av både plante- og dyreliv som gir grunnlag for hausting og ressursuttak, til dømes gjennom fiske.

Spesielt naturmangfald kan vere ålegrasenger, sjøfuglreservat, korallførekomstar, gytefelt eller liknande. Desse områda kan ein velje å ta større eller mindre omsyn til når ein planlegg bruk av sjøareal, gjennom ei vurdering og vekting av naturinteresser (vern) opp mot samfunnsinteresser (bruk). Det er særs viktig å avklare miljøpåverknad når ein vurderer nye tiltak eller inngrep. Presset på kystsona gjennom utbygging og aktivitet kan vera ein trussel for ein del naturtypar og artar som er avhengig av særskilte tilhøve eller som er sjeldne.



Figur 5-2: Utsnitt frå utløpet av Sognefjorden med kommunane Solund, Gulen og Hyllestad. Ulike verneføremål og registreringar i sjø og på land. kjelde fylkesatlas

Alle kommunane i Sogn og Fjordane har gjennomført kartlegging av biologisk mangfald. Kartlegginga fokuserte på økosystemnivået, og omfatta utvalde, spesielt artsrike naturtypar på land (DN 2007). Innanfor temaet biologisk mangfald vil det til ei kvar tid vere trong for ny/oppdatert kunnskap, sidan naturen er i endring. Oppdatering av dei eksisterande kartleggingane er derfor sett i gang, men det vil ta fleire år å kome gjennom alle kommunane.

Som eit tiltak i verdiskapingsplanen er det sett i gang ei multikriterieanalyse for å gi betre informasjon om ulike temadata i sjø, der natur er eit tema som skal analyserast. I tillegg skal kvart tema vektast av eigarane av temadata for å identifisere område av høg verdi innan kvart tema. Desse analysane er planlagt ferdig i 2018.

Det pågår også eit arbeid med kartlegging av sjøbotnen (41). I prosjektet skal det lagast detaljerte kart av sjøbotn i kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora. Prosjektet er finansiert i eit spleiselaget mellom Norges Geologiske Undersøkelse (NGU), kommunane, fylkeskommunen og verksemdene Marine Harvest, Steinvik Fiskefarm, K. Strømmen lakseoppdrett, Marø havbruk, Karstensen Fiskeoppdrett, Svanøy Havbruk og Nordfjord Forsøksstasjon. Dette arbeidet er planlagt ferdig i 2018.

Landskap

Kunnskapsgrunnlaget på dette området synest å vere godt på overordna nivå. Det er, i samband med Fylkeskommunen sin plan for vindkraft (32), utført ei landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane. Kvart enkelt landskapsområde (alle dei 393) er verdivurdert. På bakgrunn av dette er det også laga ei verdivurdering av 23 landskapssamanhengar. Landskapssamanhengane utgjer geografiske einingar som delar landskapet inn på ein måte som gjev meining i forhold til planlegging på regionalt nivå.

Landskapssamanhengane utgjer grupper av landskapsområde og er avgrensa utifrå felles karaktertrekk og naturleg romleg samanheng.

Denne kartlegginga vil vere eit godt grunnlag for planlegging i kystkommunane og eventuelle plansamarbeid.



Figur 5-3: Kart over landskapsverdiar langs kysten i Sogn og Fjordane. 23 landskapssamanhengar basert på romleg samanheng mellom landskapsområda er vurderte. Aurland Naturverkstad.

Forslag til marin verneplan

Å fremje areal for vern er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar. Dalsfjorden og Stad er 2 av i alt 36 kandidatområde i Noreg utpeikt for marint vern av «Rådgivende utvalg for marin verneplan». Utstrekning og føringar for dei marine verneområda skal sikre naturverdiane for framtida. Arbeidet starta opp i 2017.

Friluftsliv

Omgrepet friluftsliv vert i offentleg forvaltning brukt om opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Det er lang tradisjon for å ta omsyn til friluftsliv ved utøving av offentleg mynde. Konsekvensar for friluftsliv skal alltid vere kartlagde når det vert tatt stilling til om det skal gjevast løyve til store naturinngrep.

På fylkesnivå har friluftsområde vorte prioritert gjennom fylkesdelplan for arealbruk (Sogn og Fjordane fylkeskommune 2000). Denne byggjer mellom anna på dei såkalla FRIDA-registreringane som vart gjort i alle kommunane på 1980-talet. I FRIDA vert det skilt mellom lokal, regional og nasjonal verdi. FRIDA-registreringane har ikkje vore oppdatert sidan 80-talet og slik sett er det ikkje fanga opp nye friluftsaktivitetar og nye område som er tatt i bruk. Kartleggingsprosjekt er på gang og FRIFO er leigd inn for å organisere arbeidet. Fylkeskommunen har også løyvd midlar til etablering av friluftsråd på kysten.

Inngrepsfrie naturområde

I følgje fylkeskommunen sin plan for vindkraft (32) er det nesten ikkje att område meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep i låglandet, i Sogn og Fjordane. I fjellområda krympar også dei "villmarksprega"

områda inn. Berre knapt 2 prosent av landarealet i Sogn og Fjordane kvalifiserer til nemninga villmark, det meste i eksisterande eller føreslåtte naturvernområde.

Anna kunnskapstilfang og innspel frå medverknad.

Mange tema er kartlagde i sjøen og det er på ulike nivå i gang arbeid med å betre kunnskapen. Vi ser frå andre regionar at det pågår arbeid med felles planlegging av sjøareala. Døme er:

- Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger
- Interkommunal plan for Romsdalsfjorden
- Interkommunal kystsoneplan for Tromsøregionen
- Interkommunalt samarbeid om sjøområdene på Nordmøre

Grunngjevinga for desse planarbeida er todelt. På den eine sida har det oppstått konflikt mellom bruk og vern. På den andre sida er planarbeida motiverte ut frå ønskje om å setje av meir areal til næringsutvikling i sjøen.

Temagruppa arealbruk og vern meiner det ligg eit stor potensial i arealplanlegging på tvers av kommunegrensene på kysten. Dette vil vere positivt for både arealbruks- og verneinteressene, fordi ein kan gjere avklaringar av arealbruk på overordna nivå og ulike interessegrupper veit kva dei kan forholde seg til. Ut frå gitte kriterium kan ein få sett av det best eigna arealet til ulike føremål uavhengig av kommunegrenser og den enkelte kommune sine planressursar.

Fjordkysten har stort mangfald og unike moglegheiter innan friluftsliv. Det ligg eit stort potensial i å auke tilgjenge for friluftslivet, tilkomst og informasjon. Dette vil gagne både fastbuande og tilreisande og vil vere viktig for folkehelse, bustadattraktivitet og reiseliv.

Kysten sine natur -og miljøkvalitetar gjev både moglegheiter og utfordringar i samfunnsutviklinga. Kystsona har betydelege natur-, landskaps- og kulturminneverdiar som i seg sjølv er viktige å ta vare på gjennom overordna planlegging.

Det er stort potensial for å auke husdyrproduksjonen - matproduksjon på kysten sine arealressursar. Dette kan gi verdiskaping gjennom lokal vidareforedling samstundes som det gjev landskapsskjøtsel. Å halde landsskapet ved like og bruke areala gjev ringverknader til friluftsliv/reiseliv i form av Gardsturisme og opplevingsturisme.

For å kunne utløyse potensial peikar gruppa på følgjande kunnskapsbehov:

- Samla oversikt over dei ulike kommunane sine kommuneplanar for sjøen og strandsona.
- Oppdatert kunnskap om sjøareala når det gjeld det biologiske mangfaldet, topografi, og botnsediment.
- Ei vurdering av kva type areal som eignar seg til ulike former for bruk og vern.
- Friluftslivskartleggingane må oppdaterast i dei kommunane som ikkje er kome i gang med dette, og det må undersøkjast kva som hindrar bruk av område (barrierar)
- Det må undersøkjast kva som hindrar auka bruk av utmarksressursane til matproduksjon og lokal verdiskaping

5.3 Klima og ureining

Regional plan for klimaomstilling

I Regional planstrategi (1) er klimaendringane løfta fram som ein av fem hovudutfordringar for fylket vårt. Ein peikar på utfordringar knytt til klimagassutslepp og sårbarheit for eit endra klima. Arbeidet med klimaomstilling inkluderer både utsleppsreduksjon, klimatilpassing og samfunnsendring, og avgrensingar av arbeidet er nødvendig.

I regional plan for klimaomstilling (37) er følgjande plantema prioritert som dei viktigaste områda for klimaarbeidet til fylket:

- Energiforsyning
- Energibruk i bygg
- Areal og transport
- Næringsliv og teknologi
- Klimavenleg landbruk
- Klimatilpassing
- Forbruk
- Klimakunnskap og klimakommunikasjon

Under følgjer ein gjennomgang av desse tema og kva som er særskilt relevant for kysten.



Figur 5-4: Regional plan for vindkraft. Sogn og Fjordane fylkeskommune 2011.

Når det gjeld *Energiforsyning* og *Energibruk i bygg* er hovudutfordringa å bidra til overgangen frå fossil til fornybar energibruk, og energieffektivisere både i bruk og produksjon. Kysten har rikeleg tilgang til ulike typar havenergi, mellom anna vindkraft, bølgjekraft, kraft frå tidevatn- eller havstraumar, osmosekraft eller utnytting av termisk energi. Ei utfordring er at etablering eller utviding av energianlegg ofte medfører inngrep i naturen. Ei samla arealbruksvurdering for kysten vil avklare område for energiproduksjon og kva område som bør skjermast. Regional plan for vindkraft er døme på slike planarbeid.

Når det gjeld *areal og transport* er hovudutfordringa å legge til rette for ei areal- og transportplanlegging som både bidreg til å redusere klimagassutsleppa frå fylket, men også gjer oss godt nok budd på dagens og framtida sine klimautfordringar. Kysten har dei same utfordringane som resten av fylket med tanke på samordning av areal-, bustad-, og transportplanlegginga i eit spreiddbygd fylke med utfordrande geografi. Transportsektoren peikar seg ut som eit område med særskilt potensial for kysten. Spesielt gjeld dette båt, buss og tungtransport der potensialt er stort for både utsleppsreduksjon og omlegging til nullutslepps-transport.

Med omsyn til *næringsliv og teknologi* er hovudutfordringa å legge til rette for å styrke og omstille det lokale næringslivet, slik at det grøne skiftet fører til vekst for verksemdene i fylket. Næringslivet har ei viktig rolle i det grøne skifte, ikkje berre for å bremse klimaendringane, men også fordi det er store forretningsmoglegheiter i klimaomstilling. Utviklinga innanfor til dømes maritim transport viser at industrien i Sogn og Fjordane og særskilt kystnæringane kan levere noko av dei nye og innovative produkta som krevjast for å redusere eller eliminere utslepp.

Når det gjeld *landbruket* er hovudutfordringa å legge til rette for at landbruksnæringa i fylket kan drive på ein meir klimavenleg måte, samt å tilpasse seg framtida sine klimautfordringar. Det er identifisert fem utfordringar for landbruket i fylket generelt:

- Å redusere klimagassutsleppa per produsert eining.
- Auka matproduksjon eller reduserte klimagassutslepp
- Matsikkerheit – lokal og nasjonal produksjon
- Kompetanse og omstillingsevne
- Forsking, utgreiing og rådgjeving
- Kapital for omstilling

Planen peikar ikkje på særskilte utfordringar som knyter seg til kysten, men det er grunn til å merke seg satsinga på kystskogbruket (42). Samarbeidet skal auke verdiskapinga frå skogbruket på ein berekraftig måte. Hovudmålet for klima i meldinga er at kystskogbruket sine karbonlager skal aukast og at trevirke i aukande grad skal erstatte mindre klimavenlege material og energikjelder.

Tema *klimatilpassing* handlar om vurderingar og tiltak for å tilpasse natur og samfunn til effektane av noverande eller framtidig klima, for å førebygge mot uønskte verknader eller dra nytte av fordelane (43). Det er venta auke i årstemperaturen og årsnedbøren, og meir ekstrem vær kan ventast. Vekstsesongen vert utvida, og mest i kyststroka. Hovudutfordringane framover er knytt til auka fare for skred og flaum som følgje av ekstremvêr, i tillegg til havnivåauke og stormflo-problematikk. Vedlikehaldsetterslepet er allereie stort, og klimaendringane vil også auke desse utfordringane

Når det gjeld tema *forbruk* er hovudutfordringa å endre forbruksmønsteret, inkludert både innkjøp, forbruk og avfall, til innbyggjarane i fylket, i tillegg til fylkeskommunen si eiga verksemd. Ingen særskilte utfordringar/moglegheiter er identifisert for kysten, som ikkje også gjeld for resten av fylket

Innan tema *klimakunnskap og klimakommunikasjon* er hovudutfordringa å bidra og legge til rette for utdanning av ein ny nullutsleppsgenerasjon, samstundes som ein aukar kunnskapen i den vaksne generasjonen. Ingen særskilte utfordringar/moglegheiter er identifisert for kysten, som ikkje også gjeld for resten av fylket

Anna kunnskapstilfang og innspel frå medverknad.

Planprogrammet for strategisk plan for kysten har berekraft som gjennomgåande føresetnad for delmåla som skal leggast til grunn for planarbeidet. Følgjande delmål har eit særskilt klima- og ureiningsfokus:

- Utvikle meir effektive og klimavenlege samferdsleløysingar (omfattar både båt og veg, person og gods)
- Etablere kysten i fylket som eit fyrtårn for miljørydding i Nordsjøen
- Utvikle overordna tiltak når det gjeld konsekvensar av klimaendringar

Tema ureining av havet og miljørydding er ikkje fullt ut er handtert i regional plan for klimaomstilling. I ein artikkel (44) frå Regjeringen.no er marin forsøpling og mikroplast omtalt som skadeleg for både menneske og dyr sin bruk av hav og kyst. Problemet er globalt og det krev internasjonalt samarbeid. Noreg legg vekt på det regionale havmiljøsamarbeidet mellom landa kring Nordøst-Atlanteren – (OSPAR) (45). Som oppfølging av OSPARS handlingsplan har Miljødirektoratet sett i verk eit pilotprosjekt som vert kalla "Fishing for litter" (46). Norske fiskarar kan no levere inn marint avfall dei samlar opp til utvalde hamner.

Utover dette verkar Regional plan for klimaomstilling å vere dekkande for utfordringar, moglegheiter også på kysten av Sogn og Fjordane. Det er ikkje naudsynt å supplere kunnskapsgrunnlaget særskilt for kysten.

Når det gjeld marin forsøpling er det sett i gang ei satsing gjennom Vestlandsrådet for å få til eit koordinert og målretta prosjekt med hovudfokus på tiltak mot marin forsøpling. Dette er eit viktig grep frå Vestlandsrådet når det gjeld å medverke til «det grøne skiftet». Det er sendt ein søknad frå rådet om støtte frå Miljødirektoratet om tiltak mot marin forsøpling frå 2018.

5.4 Aktuelle strategiområde innan naturmangfald og friluftsliv

Når det gjeld naturmangfald og verneverdiar er det klart at kystsona og livet i sjøen har eit stort mangfald, og er verdifull og attraktiv for både bruks- og verneinteresser. Ei avklaring av desse bruks- og verneinteressene på grunnlag av oppdaterte temadata gjev potensial for både tydelegare vern og meir areal til ulike næringsinteresser.

Det bør leggast opp til analysearbeid der dei fire plantema landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, vert sett i samanheng for å kartfeste større samanhengande område av regional verdi. Intensjonen med å kartfeste desse sonene er å synleggjere sumverknad av landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, og gi retningsliner knytt til desse for å ivareta verdiane.

Deretter bør det gjerast eit overordna felles planarbeid langs kysten som gjev føringar og legg opp til balanse mellom bruk og vern. Dette inneber at næringa får høve til auke og endringar i nokre område, medan det vert lagt meir avgrensingar på andre område.

Innan klima og ureining er det nokre punkt som peikar seg ut til å vere særskilt relevant for kysten. Kysten har mellom anna rikeleg tilgang til ulike typar havenergi, mellom anna vindkraft, bølgjekraft, kraft frå tidevatn- eller havstraumar, osmosekraft eller utnytting av termisk energi. Ei utfordring er at etablering eller utviding av energianlegg ofte medfører inngrep i naturen.

Transportsektoren peikar seg ut som eit område med særskilt potensial for kysten. Spesielt gjeld dette båt, buss og tungtransport der potensialt er stort for både utsleppsreduksjon og omlegging til nullutslepps-transport og endringane kan komme raskt. Dessutan er det slik at industrien i Sogn og Fjordane og særskilt kystnæringane kan levere noko av dei nye og innovative produkta som krevst for å redusere eller eliminere utslepp.

Tema ureining av havet og miljørydding er ikkje handtert i regional plan for klimaomstilling. Dette vert følgt opp gjennom eiga satsing gjennom Vestlandsrådet.

6 Kjelder

1. **Sogn og Fjordane fylkeskommune.** *Regional planstrategi 2016-2020.* Leikanger : Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2016.

2. —. *Planprogram, strategisk plan for kysten 2018-2029 for Sogn og Fjordane.* s.l. : Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2016.

3. —. Hydrogenregion Sogn og Fjordane. [Internett] 2017. http://www.sfj.no/hydrogen-region-sogn-og-fjordane.408606.nn.html.

4. —. Kvartalsvis folketalsutvikling. *Fylkesspegelen.* [Internett] Sogn og Fjordane fylkeskommune. [Sitert: 20 november 2017.] https://statistikk.fylkesatlas.no/statistikk/363c4309-fb12-4fbd-a3e9-5ab48d138eff.

5. **Folkehelseinstituttet.** Lavinntekt (husholdninger) (B). [Internett] [Sitert: 22 09 2017.] http://khs.fhi.no/webview/index.jsp?v=2&submode=ddi&study=http%3A%2F%2F158.36.43.146%3A80%2Fobj%2FfStudy%2FLavinntekt&cube=http%3A%2F%2F158.36.43.146%3A80%2Fobj%2FfCube%2FLavinntekt_C1&mode=documentation&top=yes.

6. —. Trivsel, 7. og 10. klasse. [Internett] [Sitert: 22 09 2017.] http://khs.fhi.no/webview/index.jsp?v=2&submode=ddi&study=http%3A%2F%2F158.36.43.146%3A80%2Fobj%2FfStudy%2FTrivsel-i-skolen&cube=http%3A%2F%2F158.36.43.146%3A80%2Fobj%2FfCube%2FTrivsel-i-skolen_C1&mode=documentation&top=yes.

7. —. Levealderen i Norge. [Internett] [Sitert: 22 09 2017.] http://www.fhi.no/nettpub/hin/befolkning-og-levealder/levealderen-i-norge---folkehelserap/.

8. —. Fakta om psykiske plager og lideler hos voksne. [Internett] [Sitert: 22 09 2017.] http://www.fhi.no/fp/psykiskhelse/psykiskhelse/psykiske-plager-og-lidelser-hos-vok/.

9. **SSB.** Spørsmål og svar om skolebidragsindikatoren. [Internett] [Sitert: 01 11 2017.] http://www.ssb.no/utdanning/sporsmal-og-svar-om-skolebidragsindikator.

10. **Helse- og omsorgsdepartementet.** *Helse- og omsorgstjenesteloven - hol § 3-1.* 2011.

11. **Braut, Geir Sverre.** Kommunehelsetjeneste. [Internett] Store medisinske leksikon. [Sitert: 02 11 2017.] https://sml.snl.no/kommunehelsetjeneste.

12. **Helsedirektoratet.** Reisetid - akuttjenester i Norge. [Internett] [Sitert: 17 11 2017.] https://reisetid.helsedirektoratet.no/felles.

13. **Miljøverndepartementet.** Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen. 2011.

14. **Samfunnsøkonomisk analyse.** *Nøkkeltall for Vestlandet.* s.l. : Vestlandsrådet, 68-2017.

15. **Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.** *Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland.* 2007.

16. **Sogn og Fjordane fylkeskommune.** fylkesatlas.no. [Internett] https://www.fylkesatlas.no/.

17. —. *Planprogram - regional plan for kultur.* Førde : Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.

18. —. Lokale kulturminneplanar. [Internett] [Sitert: 05 10 2017.] http://www.sfj.no/lokale-kulturminneplanar.5943138-339458.html.

19. **Kleppe, Bård.** *Norsk kulturindeks 2016 - resultater for Sogn og Fjrodane fylke.* Bø i Telemark : Telemarksforsking, 2016.

20. **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.** *Risiko og sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane.* s.l. : Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2017.

21. **Justisdepartementet.** *Meld.St. 10, Risiko i et trygt samfunn - samfunnssikkerhet.* 2016-2017.

22. **Sørlie, Kjetil.** *Bolyst og stedsattraktivitet - motivet for å flytte og bo i distriktene.* Oslo : Norsk institutt for by- og regionsforskning, 2009.

23. **Vareide, Knut.** *Regional analyse Sogn og Fjordane 2017.* Telemark : Telemarksforsking, 2017.

24. **Vareide, Knut og Hauge, Atle.** Kultur påvirker valg av bosted. [Internett] Nationen, 16 september 2017. http://www.nationen.no/article/kultur-pavirker-valg-av-bosted/.

25. **Regjeringen.** Ny vekst, stolt historie, regjeringens havstrategi. [Internett] 2017. https://www.regjeringen.no/contentassets/097c5ec1238d4c0ba32ef46965144467/nfd_havstrategi_uu.pdf.

26. ***www.gronnkonkurransekraft.no.***

27. Sogn og Fjordane fylkeskommune. *"Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025".* s.l. : Sogn og Fjordane fylkeskommune, Juni 2014.

28. H. Steen, T. Bodvin, F. E. Moy, E. Gustad, H. Øvrebø HAnsen, A. Jelmert og P. Baardsen. *Undersøkelser av stortarehøsting i Nordland i 2016.* Bergen : Havforskningsinstituttet, 38-2016.

29. Maritimt-Forum. *Maritim verdiskaping.* s.l. : Maritimt Forum, 2017.

30. Hordaland fylkeskommune. *Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger.* 2017.

31. Sogn og Fjordane fylkeskommune. *Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging.* 2012.

32. Sogn og Fjordane fylkeskommune. *Regional plan for vindkraft.* s.l. : Sogn og Fjordane Fylkeskommune, 2011.

33. —. *Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010-2025.* Leikanger : Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2010.

34. Innovasjon Norge. Overnattingsstatistikk. [Internett] [Sitert: 21 august 2017.] http://www.innovasjonnorge.no/no/reiseliv/markedsdata---ny/overnattingsstatistikk/.

35. —. *Nøkkeltall cruise 2016-2017.* s.l. : Innovasjon Norge, 2017.

36. Vestlandsrådet. *Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020.* 2016.

37. Sogn og Fjordane fylkeskommune. *Regional plan for klimaomstilling.* s.l. : Sogn og Fjordane fylkeskommune, Under arbeid.

38. Kommunal- og moderniseringsdepartementet. *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2016.* s.l. : KMD, 2016.

39. Nofima. *Hvordan planlegges kystsonen? Kartlegging av gjeldende planpraksis etter plan- og bygningsloven i sjøområdene.* s.l. : Nofima, 15/2017.

40. Sogn og Fjordane fylkeskommune. *Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020.* 2016.

41. —. Marine Grunnkart. [Internett] http://www.sfj.no/marine-grunnkart.337872.nn.html.

42. Kystskogbruket. *Melding om kystskogbruket.* 2015.

43. FNs klimapanel - IPCC. Renewable energy Sources and Climate change Mitigation - Special Report of the Intergovernmental Panel on Climate Change. [Internett] Cambridge University press, 2012. https://www.ipcc.ch/pdf/special-reports/srren/SRREN_Full_Report.pdf.

44. Klima og miljødepartementet. *Marin forsøpling og mikroplast.* s.l. : Klima og miljødepartementet, 2016.

45. OSPAR. https://www.ospar.org. [Internett]

46. Miljødirektoratet. *Fiskere i gang med å rydde søppel til havs.* s.l. : Miljødirektoratet, 2016.

SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
57 63 80 00
post@sfj.no
www.sfj.no